


ARNE GARBORG

JESUS MESSIAS







ARNE GARBORG

JESUS MESSIAS



KRISTIANIA
FORLAGT AF H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1906

Published September 24. 1906.

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

FYRIORD

Dei hev sin Lagnad, Bøkane med; ein serskild Lagnad hev Bibelen fengi.

I lange Tidir var det dei serskilt upplærde kunnige som aaleine skulde lesa og tyde den Boki. Seinare hev alle kunne lesa ho; men tyde ho skulde dei serskilt upplærde kunnige. Den eine av desse Maatane kann vera um Lag som den andre; baae fører dei til det, at det aalmenne Folke ikkje les i Bibelen.

Eg er ein Mann av det aalmenne Folke og gjorde som det: trudde paa dei kunnige og lét Bibelen liggje. Og daa eg ikkje trudde paa dei kunnige lenger, gav eg upp Bibelen med, og lét 'n endaa meir liggje.

Sidan tenkte eg at dette kannhende var aa gjera vel mykje Ære paa dei kunnige; og eg tok til aa lesa i Bibelen att. Serleg i det nye Testamente.

Men det er vandt aa lesa i den Boki naar ein fysst hev gjengi i Skule hjaa dei kunnige. Eg laut hjelpe til med Pennen: skrive upp det eg las, og Tankane eg fekk av det eg las; og langt um lengi tok det til aa gry for meg; eg fekk Samanheng i det som i Fysstningi ser so raadlaust villt ut for ein kristeleg upplærd: Messias-Sogo.

Her legg eg daa denne Sogo fram som eg no ser ho; kannhende kunde eg paa den Maaten arge ein og annan so vidt upp, at han og tok til aa lesa i Bibelen. Og det kunde han hava godt av. For ein kann segja kva ein vil: me er enno ikkje ferduge med Bibelen.

Bokmeistaren.

I.

Jesus skreiv ikkje.

Han var komin til aa uppfylle det som var skrivi. Til Lovi viste han alle som spurde korleis dei skulde vinne Live; og fraa Naaheimen lét han sjølve Fader Abrahams Røyst tone: dei hev Moses og Profetane; lat deim høyre deim.

Serskilt var han utsend til aa fyribu Messiasrike, „Gudsrike“, det Rike som dei rettferdige so lengi hadde venta paa, og serleg venta paa no, daa Israel var komi under Heidningvelde. Og fysst og fremst var han send til Folke. Dei fatige, dei umyndige, dei burtkomne Sauine, Hopen som ikkje var inne i Skriftlærdomen og difor etter Farisæarmeining var forbanna (Joh. 7: 49), deim skulde han helst hjelpe. Dei skriftlærde visste Vegen sjølve; men Folke, som var bundi i falske Messiasdraumar og Faakunne, Folke trong Rettleiding som den sjuke treng Lækjar.

Jesus hev og sett Vonir til Folke. Han var utgjengin fraa det og kjende det; og han visste at det hadde noko som dei skriftlærde ofte vanta: Barnehugen. Mindre burtheft av gamle Skikkar og nye Paafynster stod det friare, kunde lettare skyna Grunntanken i Lovi og dermed betre finne fram til Faderen. Det var i det heile Barnehugen Jesus søkte: Krafti til aa elske og til aa gjeva seg heilt. Dei store i Verdi var meir og mindre bundne av Verdi; dei store i Kunnskap var meir og mindre bundne av Lærur; Tenarar for Messiasrike — det Rike som skulde føre den siste Striden mod det vonde i Verdi (smf. Es. 65: 17; 66: 22; Opinb. 21: 3, 4) —, i det heile slike som var „verduge til aa faa vera med i hin Heimsalderen[1] og i Uppstòdo fraa dei daude“ (Lk. 20: 35) dei venta han helst aa finne millom deim som stod utanfor Verdi, utanfor verdsleg Visdom, Rikdom, Magt: millom dei smaae, dei „fatige“.

Til Folke kom daa Jesus med Fagnadbòde sitt. Og Ordi sine skreiv han ikkje med Sverte paa Skinn; han skreiv deim med Ande og Eld i Hjarto og Hugar.

Sveinane hans hadde like eins anna enn Skriving aa tenkje paa. Dei var Stridsmennar

[1] Her som fleire Stadir er det græske *aiōn* (Æve) i det norske Testamente umsett med „Verdi“; meir um det lenger ute.

og Arbeidsmennar for Messiasrike; og Bøkar var her nok av for den Tidi som no var att. Og daa Meistaren var gjengin fraa deim, vart dei endaa meir arbeidsbundne. Naar Messias kom att vilde han løne deim etter det dei hadde gjort; dei sette seg daa ikkje til aa skrive. Dei arbeidde og stridde, tala, vitna, vaaga sitt Liv; Gudsrike kunde koma kvar Dag. Ord av Meistaren som dei serleg vilde hugse hev vorti uppskrivne til Hjelp i Arbeide; meir hev ingin av deim tenkt paa; Jesus-Sogur er ikkje nemnde i Apostelskriftine nokon Stad.

Tanken um aa skrive kom upp seinare, daa det syntest vilja draga ut med „dei siste Ting". Kyrkjelyden voks; Apostlane vart tekne burt[1]; fleire og fleire nye Lærarar turvtest. Og Minne um Jesus og hans Ord vilde snart veikne, serleg i Heidningkyrkjune der Israelstrui var ukjend, um ein berre skulde hava Segni aa halde seg til. So kom det og upp Spursmaal um eitt og anna i Læra, soleis som me ser alt i Apostelgjerningar; Jesus-Ord kunde daa ofte vera gode aa hava til Rettleiding, jamsides Apostelbrevi. Bergpreika og anna som hadde vorti uppskrivi i tidleg Tid, hev daa no vorti

[1] Jakob vart drepin alt i den fysste Aposteltidi (Apg. 12: 2); dei andre kjem burt etterkvart, og me veit korkje Maaten eller Tidi; etter Segnom hev berre Johannes vorti gamall.

utfyllt med fleire og fleire av dei Ordi og Sogune etter Meistaren som livde i Kyrkja, serleg millom Apostelsveinane, og som syntest gagnlege til Upplysning um Læra og til Styrkjing for Trui[1].

Det hev etterkvart vorti mange Uppskriftir og Avskriftir; kvar Kyrkjelyd vilde vel meir og meir hava sine. Og dei ymse Uppskriftine hev vorti utfyllte paa ymis Vis; dei same Sogune var ikkje kjende i alle Kyrkjelydom. Tiltru hev Uppskriftine vunni etter det Upphave dei hadde eller galdt for aa hava. Lengst vann dei som etter det fysste Upphave var eldst, og som førde Namn etter Apostlar eller Apostelsveinar. Fire av desse vart sistpaa godtekne i heile Kyrkja. Det nye Testamente, me kallar, hev vorti til i fysste Helvti av det 2dre Aarhundrade, etter som lærde Folk trur. Fysste Samlingi — paa 22 Skriftir — er komi i Stand i Rom; den fullstendige — med 27 Skriftir — er fysst kjend fraa Aleksandria[2].

[1] „Evangelierne er Tendensskrifter i god Forstand“ (I. C. Heuch).

[2] Ad. Harnack: „Reden u. Aufsätze“ II: „Zur Geschichte der Entstehung des N. Test.“ — At ikkje dei 4 Sogune vart samanarbeidde til ei, liksom Emne var eitt og Kyrkja ei, meiner Harnack hev komi seg av, at Kyrkja i den harde Striden med Gnosislæra i det 2dre Aarhundrade fann det tryggast aa halde seg til det ho daa hadde; det tok alt til aa staa Vyrdnad av desse Uppskriftom.

Fleire av dei nytestamentlege Skriftine er det enno Strid um; og sùmt av Innhalde jamvel i dei godkjende Bøkane maa vera innkomi heller seint. So det gjeld aa lesa med Ettertanke, um ein vil finne ut kva Jesus lærde.

II.

Jesus (eldre Formir: Josva, Jehoschua, ɔ: Gud er Frelsar) hev ikkje vori noko vanlegt Namn i Jødeland; i Nytestamente finst det umframt Nasaræaren berre ein som heiter so (Kol. 4: 11).

Jesus Messias var fraa Nasaret. Um Ætti og Barndomen hans er lite fortalt.

Det eldste og mest litande er vel det som etter Mattæus (13: 55, 56) og Markus (6: 3; smf. Joh. 6: 42) vert sagt millom Folke i Nasaret, daa Jesus fysste Gongen tala der: „Er ikkje dette (Son til) Timbermannen? Heiter ikkje Mor hans Maria, og Brørane hans Jakob og Joses og Simon og Judas? Og er ikkje alle Systrane hans hjaa oss?“ Fødestaden er etter Mattæus og Lukas Betlehem; dei tvo andre veit ikkje um annan Heimstad for Jesus enn Nasaret.

Um Fødsla og Barndomen fortèl berre Mattæus og Lukas noko serskilt. Og dei fortèl kvar sitt.

Ikkje so mykje som dei Ættartali dei sèt upp samsvarar. I Tidi millom David og Jesus hev kvar Liste sine Namn (Mt. 1: 6—16; Lk. 3: 23—38); og Mattæus hev 40 Ættledir, men Lukas (til Abraham) 55.

Sjølve Tanken i desse Ættartali hev svikta. Meiningi var aa slaa fast at Jesus var av Davids Ætt, som Messias etter den gamle Trui skulde vera; Ættartali maatte daa vise Samanheng fraa David og til Jesus. Men dei gjer ikkje det. I Ættartale hjaa Mattæus er berre Mor til Jesus nemnd; og hjaa Lukas er Jesus Son til Josef „ettersom dei trudde". Paa den Maaten vert Ættartali som dei no er meiningslause.

Men det hev dei ikkje vori fraa fyssto, som me kann sjaa av det som elles vert sagt (og som Rettarane ikkje hev komi til aa gjeva Gaum etter). I Lk. 2: 27, 41, 48 og 4: 22 er Josef og Maria „Foreldri" til Jesus og Josef „Far" hans; etter Johannes (6: 42) er Jesus „Josefs Søn"; og hjaa Mattæus (13: 55), Markus (6: 3) og Johannes (6: 42) hev han Systkin, som synest vera heilt upp Rettsystkin (Mt. 12: 46 og Tilvisningar).

Daa Sogune vart skrivne hev elles Josef vori aa kalle gløymd. Etter Mattæus er han Timbermann; dei andre veit inkje um dette; Markus (6: 3) læt Jesus sjølv vera Timber-

mannen. Og dei tvo Sogune som vil hava Greide paa Jesu Ætt, dei er ikkje samstellte um kva Farfar hans heiter dessmeir; Mattæus segjer Jakob, og Lukas segjer Eli. Um han er gift med Maria er dei heller ikkje trygge paa. Hjaa Lukas (1: 27; 2: 5) er han trulova med Maria; hjaa Mattæus er han i V. 18 trulova, men i V. 16, 19, 20 gift med henne.

At Sogune um Fødsla hjaa Markus og Lukas er Skaldeverk i gamaltestamentlig Stil viser seg alt i Fraasegni um Englebòdskapen (Mt. 1: 18—25; Lk. 1: 26—38). Etter Mattæus er det komi upp, at Maria er med Barn ved den heilage Ande; dette siste er likevel ikkje komi upp for „Mannen hennar": Josef mistrur Maria. Men han er rettferdig og vil skilja seg med henne i Løyndom. I ein Draum fær han daa av „Herrens Engel" vita det som elles var komi upp; og det vert honom sagt, at den Sonen Maria skal føde er Messias (V. 21).

Etter Lukas kjem Engelen („Gabriel" fraa Dan. 8: 16) ikkje til Josef, men til Maria, og ikkje i Draum, men i full Røynd. Han viser seg elles fysst for Sakarias og spaar um Døyparen; denne vert her ikkje sett i noko Samanheng med Jesus (Lk. 7: 24—27). Sidan kjem Engelen til Maria som er Møy (smf. Es. 7: 14), og spaar um den Sonen ho skal faa.

Ordi hans er ein Messias-Spaadom heilt ut etter Profetane (Es. 9: 6, 7; 16: 5); Paulus Meistaren aat honom som skreiv Lukas-Sogo, var skriftkunnig.

I det som vert fortalt um Fødsla og Barndomen hev dei tvo Sogumennane like eins havt kvar sitt aa gange etter. Den eine fortèl um Vismennane, um Herodes og Barnemorde, um Rømsla til Ægypti; den andre veit ikkje um noko av dette, men skriv um Hyrdingar og Englesong, um Simeon og Anna, um at Barne etter Lovi vart umskòri. Sjølve Namne Jesus fær Barne etter Lukasboki av Engelen (smf. Es. 7: 14). Lukas hev dertil den einaste Sogo som er fortald fraa Ungdomstidi: den om Tolv-Æringen i Temple; det er ei Sogu plent som ein maatte vente seg ho um eit Messias-Emne. Um Jesu fysste Tidir elles fortèl Lukas, at han „gjekk fram i Visdom og Alder og Naade for Gud og Menneskje (2: 52).

Berre um Fødestaden er Sogune samstellte; her hadde dei ein Spaadom aa halde seg til. Men det er ikkje meir enn Namne dei er samstellte um heller. Hjaa Mattæus høyrer Josef og Maria heime i Betlehem og rømer sidan til Nasaret for Herodes[1]; etter Lukas

[1] „— so det skulde verte uppfyllt som er sagt ved Profetane, at han skulde verte kalla Nasaræar“, segjer Mattæus; men Profetane veit inkje um Nasaret, og det

hev dei heime i Nasaret (1: 26; 2: 4; 4: 16), men vert drivne til Betlehem av eit Keisarbòd um Innskriving til Skatt. Kva ei Skatte-Innskriving skulde hava med Ættine aa gjera segjer ikkje Lukas; heller ikkje fær me vita kvi „Festarmøyi“ til Josef skulde fylgje med, og det endaa „i dei Dagane daa ho skulde føde“. —

— Jesus sjølv talar aldri um Barndomen eller Ungdomen sin; heller ikkje um Ætti; Guds Utsending til Folke hadde han etter Nasiræar - Maate løyst seg fraa alt jordiskt Samanheng. Um Heimstaden sin hev han berre eitt Ord, og det eit strengt; og i Ætt reknar han seg berre med deim som gjer Viljen til hans Fader i Himlom (Mt. 12: 46—50). Gud er den sanne Faderen til honom som til alle Brørane og Systrane hans; han er „min Fader og dekons Fader, min Gud og dekons Gud“ (Joh. 20: 17).

Um Davidsætti talar Jesus berre ein Gong (Mt. 22: 41 o. Tilv.). Naar David kallar Messias Herre, kor kann daa Messias vera Davids

mosaiske Nasiræarnamne hev inkje noko med Nasaret aa gjera.

Dei gamle Profetane hev ikkje vori berre til Gagn for Jesus-Sogo. Det er visst baade eitt og anna som er komi inn der berre til Stadfesting av meir og mindre rett eller djupt tydde Messias-Spaadomar.

Son? spyrr han; det vilde vera reint uisraelitiskt at ein Mann kalla Son sin Herre. Dette Spursmaale fær Jesus ikkje Svar paa. Og han læt det stande svarlaust sjølv med. Han hev funni det lite vigtugt kven som var Far hans etter Kjøte; Anden, hans sanne Liv var i alle Tilfelle fraa Gud[1].

Men i denne Avsegjing av Ætt og Heim ligg det sjølvsagt ingin Vanvyrdnad for Ætti eller Heimen; Jesus held i si Forkynning det 4de Bòde uppe so vel som Lovi elles.

*

Spursmaale i det nytestamentlege Jødeland var um Jesus fraa Nasaret var Messias[2].

Dette Spursmaale var ikkje lett aa svara paa. Messiastanken var ein Profettanke; og Profettankar er alltid uklaare. Denne var dessutan gamall og hadde kløyvt seg.

Folke trudde paa den jordiske Messias: ein komande Storkonge av Davidsætti, som skulde nyreise Israelsrike og leggje alle Folk innun-

[1] Tanken um Fyri-Tilvære hev vori ikkje lite uppe paa Jesu Tid (smf. Rydberg „Bib. lära" S. 262 flg.); Messias hadde i alle Tilfelle vori til fyri hin Skapningen, ettersom Johannesboki og Paulus (i Samhøve med Rabbinane) lærer.

[2] Messias (den salvevigde) er i N. T. umsett til græskt: *Christos* (av *chrinein*: salve).

der det[1]; Draumar av dette Slage hev vori drøymde av meir enn eit Folk i Nedgangs og veiknande Tidir. Men hjaa dei skriftlærde var etter Babylontidi ein meir aandeleg Messiastanke komin upp.

Jødane hadde lært eit og anna i Babylon. I Trui ikkje minst. Med den hev det vori uklaart i Israel lenger enn me etter Bibelsogom vaare trur; det ser me av Stadir i Gamletestamente som Jer. 44 og 2 Krøn. 36: 23; etter den siste Staden hev Israel langt ned gjenom Tidine meint seg aa hava Tru saman med Persarfolke. Naar so Israelitane dertil i lange Tidir livde i Babylon (der det elles alltid budde mange Jødar, liksom sidan i Aleksandria), so var det rimelegt at dei kom til aa taka upp mangt og mykje der ifraa, soleis og Trudomstankar[2].

Mill. a. hev Trui paa tvo Heimsmagtir, ei god og ei vond, soleis som denne Trui kjem

[1] I Apg. 5: 36, 37 er det nemnt tvo Messiasemne av dette Slage.

[2] I Aleksander-Tidi og seinare hadde Jødane dertil lært mangt og mykje fraa Hellas. Sjølve det græske Maale var vorti kjent; dei skriftlærde las det, og mange kunde skrive det. Nytestamente sjølv er skrivi paa græskt; og i Innhalde med hev det sitt tydelege Merke etter jødisk — aleksandrinsk — Hellasdom: Læra um Logos.

fram i Rabbinarlærdomen og det nye Testamente, tydeleg eit persiskt Upphav; Ormen i Syndefalls-Sogo hev knapt vorti „Djevelen“ fyrr etter Babylontidi. Og denne Trui paa ei vond Magt jamsides Gudsmagti hadde i Jesu Dagar vorti fullrett Israelstru. Jahve styrde ikkje lenger aaleine. Ei Djevlemagt raadde jamsides honom, ja hadde i denne Heimsalderen („Verdi“, segjer det norske Testamente) Hovdingskapen (Joh. 12: 31; 14: 30; 16: 11); Tanken um det vonde var i det heile komin upp. Og den knytte seg etterkvart paa ein serskild Maate saman med Tanken um Israelsfrelsaren.

Jødefolke var lite og veikt, med store og sterke Grannar ikring seg. Serleg ille fari var det no, daa det var komi under eit Folk av framand Ætt med heilt framande Skikkar og Gudar og med ei forfælande Magt; skulde Israel koma seg upp att no, laut Gud paa serskild Maate hjelpe det.

Men serskild Gudshjelp kunde ikkje Israel vente fyrr det vart i sann Meining Guds Folk, so at Israels Velde vart Guds Velde, Israels Rike Gudsrike; Messias-Tanken vart gudeleg fullt so mykje som verdsleg.

Berre det sanne Israel kunde faa godt av Messiasfrelsa; Messiasrike vart eit Rike for dei rettferdige. I dette Rike vart Gud sjølv

Konge, fysst gjenom Messias, og sidan, naar alt det vonde var yvivunni, beintfram; Messiasrike vart Inngangen til det endelege Gudsrike (Opinb. 20: 2—15; 21: 1—4).

Saman med det drøymde Israelsrike vaks Israels Gud; Jahve, den gamle Folkeguden, hadde vorti Gud yvi alle Gudar, liksom Israel skulde verte Folke yvi alle Folk; den einaste sanne Gud var han vortin. Rike hans kunde daa ikkje vera eit Folk eller eit Land; Gudsrike vart heile Heimen. Dei gamle Folkegrensune tok til aa ramle; at Israel vart Styrarfolke var berre eit anna Ord for at Gud fekk Magti; det messianske Israelsrike vart Gudsrike yvi all Heimen, og i Himlane med; det vart Himilrike.

Verdi vart ny. Den gamle „brann", d. e. alt gamalt øyddest; Syndi, Vondemagtine, Dauden skulde ikkje vera meir; alt vart utløyst, frigjort, atterreist, atterfødt (Mt. 19: 28; Apg. 3: 21). Fraa ein ny Himil skulde eit nytt Jerusalem koma ned til ei ny Jord; berre det gode skulde vera til; og alle skulde vera gode. Men so skulde og alle faa vera med. Dei rettferdige fraa gamle Tidir skulde stande upp og koma med i Gudsrike (smf. Mt. 22: 23; Apg. 23: 8); daa fysst var Guds Rettferd gjenomførd og Rike hans fullkomi.

Messias vart Guds Son framifraa, Himil-

kongen, Utsendingen fraa Høgdi til aa leggje Israel, og gjenom Israel Heimen, under Gud. Men med alt dette var Messias Menneskje. Heilt ut Menneskje; ein av oss; Bror vaar. Det var berre med serskild Hjelp fraa Gud at han skulde vinne Magti si.

Men Guds Son framifraa var han og laut han vera, um han skulde faa serskild Gudshjelp; det fullkomne Menneskje, Guds Mynstertanke til Menneskje, vart han meir og meir. Etter Trui hjaa nyare Skriftlærde hadde han ikkje Synd; og Tanken um Fyri-Tilvære hans hev komi upp. Han vart meir og meir til noko nytt; aleksandrinsk Rabbinardom synest jamvel hava laant Drag til Messiasbilæte sitt fraa græsk Visdomslære („Logos"). Messias, som er „Bilæte av Gud den usynlege" og „den fysstefødde av all Skapning"[1], vert etterkvart den som alt det andre er skapt ved (smf. Joh. 1: 3). Skaparverke, som Syndi hev skipla, skal daa og ved honom verte ny-reist; i Tidfullnaden kjem han til Jordi og rettar upp att alt. Tanken um at Fullkominskapen hans kunde koma andre beintfram til Nyttes hev vori uppe; um ein Messias som lid spaar alt Esaias. Men ikkje fyrr gjenom Paulus kom den Tanken til Magt.

[1] „Den fysstefødde f y r i all Skapning", segjer Kyrkjebibelen.

Dei tvo Messiasvonine, den verdslege hjaa Folke og den aandeleg-verdslege hjaa dei skriftlærde, hev mengt seg mangeleis. Det hev komi upp fleire Messiasbilæte; den komande Israelsfrelsaren skulde vera Konge; han skulde vera Profet og Konge; eller han skulde fysst vera Profet og fyribu Rike, og sidan taka Kongsmagti; hjaa sùme Rabbinar skal han ha vorti heiltupp tvo: fysst Profeten, og sidan Kongen[1]. I ei slik Tid hev det ikkje vori lett aa taka upp Messias-Tanken. Hjaa dei tri fysste ser me daa og, at Jesus ikkje vil hava Spursmaale reist millom Folke. For hans Gjerning no hadde det lite aa segja; men det kunde vekkje ein Strid som ikkje vilde vera til Gagn.

*

Striden kom endaa.

Messias-Tanken var so sterkt uppe i det famandstyrde og framandpinte Folke, at so snart det steig fram ein Lærar, so vakna strakst Spursmaale um det kunde vera „han". Døyparen laut verja seg mot dette Spursmaale. Og jamvel Jesus, som lét alle Profet-Skikkar fara (Mt. 11: 19 o. Tilvisn.), og dertil serskilt for-

[1] Kann det vera denne Tanken som ligg under den noko uklaare Sogo med Døyparen, som skulde „brøyte Herren Veg"? (Sjaa Rydberg: „Bib. lära", S. 71 flg.).

baud Sveinane aa kalle 'n Messias (Mt. 16: 20) var all Stad ute for det same: um ikkje denne kunde vera Israelsfrelsaren?

At han fór smaatt fram hjelpte ikkje. Folk undrast nok paa det. Ein Messias utan Kongsbraak, utan Hèr eller Hird eller Stas av noko Slag, berre med eit lite Fylgje av Fiskarar og anna Smaafolk som var Læresveinar hjaa 'n, kunde det vera noko aa setja upp mot Keisaren i Rom? Ein Stad er det endaa fortalt, at Folke hev vori i Tankar um aa rette paa denne Framferdi hans (Joh. 6: 15); Folke lika Jesus, og kunde gjerne vilja hava ein Konge som priste dei fatige sæle og forkynte Brorskap millom Folk. Men i Røyndi hev Jesu Framferd lite kunna gjera fraa eller til; aalmenn Mann hev tenkt, at nettupp gjenom det som saag smaatt og ringt ut kunde Israels Gud helst vilja vise sitt Velde.

Læresveinane hev vori fulltrygge; Jesus var „ein Profet veldug i Gjerning og Ord for Gud og alt Folke"; han var „den som skulde utløyse Israel" (Lk. 24: 19, 21). Andreas og Filippus segjer med ein Gong: me hev funni Messias (Joh. 1: 42, 46). I alle Sogune (Mt. 16: 16 o. Tilv.; Joh. 6. 69) vitnar Peter for Meistaren sjølv um si Messiastru[1].

[1] Dei tri fysste læt her Jesus spyrja Sveinane um kven Folk segjer han er; meir likt honom vilde det vera

Forklaaringssogo gjev oss ein Skimt av den himilske Messiasglansen etter Rabbinlæra. Jesus vert umskapt for Augom paa Sveinane (dei tri som her fær vera med); Aasyni hans „skin som Soli" („fær ein annan Svìp", Lk.), og Klædi vert kvite „som Ljose" („som Snjo", Mk.; „som Ljone" Lk.), og det kjem ei Røyst or Skyi som segjer: „denne er Son min som eg elskar (han som eg hev Hugnad i, Mt.); høyr honom!" Desse Ordi, serleg det Tillegge som Mattæus hev, minner um Es. 42: 1; samfør 5 Mos. 18: 15: „ein Profet midt ut av Israel, ein som eg, skal Herren uppreise; honom skal de høyre!" Og Moses og Elias, Grunnleggjaren og Nyreisaren fraa den gamle Israelstidi, syner seg og talar med Fullføraren fraa den nye. Etter Lukas er Emne for Samtala: „hans Burtgang, som han skulde fullføre i Jerusalem"; ein skynar at Apostlane hev havt Stræv med aa faa den „Burtgangen" til aa høve inn i det gamle Messiasbilæte; ein skynar og, at denne Sogo er innførd i Lukasboki etter at Sonings-Tanken var komin upp. Sveinane vert ovrædde; attaat er dei, her som i Getsemane, „tyngde av Svevn" (Lk. 9: 32); Peter finn, at „her er oss godt aa vera"; men han

det som er fortalt i Johannesboki. Hjaa Mattæus roser han Peter for Vedkjenningi hans; det veit dei andre inkje um.

er attaat rædd, so han veit ikke kva han talar (Mk. 9: 6; Lk. 9: 33, 34). Daa dei gjeng ned av Berge, byd Jesus deim ikkje fortelja um dette Syne „fyrr Menneskjesonen stend upp fraa dei daude“ (Mt.; Mk.); av dette ser me at Sogo er fraa den Tidi daa Trui paa Uppstòdo hadde vunni Magt.

Er det i Forklaaringssogo det aandelege Messiasbilæte som stig fram, so er det heller den verdslege Draumen me finn att i Sogo um Innferdi til Jerusalem. Dette er vel like eins ei Forkynnar-Sogu, bygd paa Messias-Spaadomar; elles hadde ho mill. a. vori nemnd paa Lidingsdagen, daa visst for Pilatus.

I Johannesboki (12: 12—15) er ho fortald med minst Stas, og i tri stutte Vers; der skulde me daa hava ho fraa tidleg Tid; ho lyder soleis:

„Dagen etter, daa den store Mengdi som var komi til Høgtidi høyrde at Jesus kom til Jerusalem, tok dei Palmegreinir og gjekk ut imot honom og ropa: Hosianna! velsigna vere han som kjem i Herrens Namn, Israels Konge! Men Jesus fann eit ungt Asen og sette seg paa det.“

Lenger er ho ikkje. Men dei Ordi fraa Gamletestamente som vel hev skapt ho, er i Stuttmaal hermde: „ottast ikkje, Sions Dotter; sjaa din Konge kjem, ridande paa ein Asen-

fole“ (Salm. 118: 26; Sak. 9: 9)[1]. Soguskrivaren legg til, at „dette skyna ikkje Læresveinane i Fysstningi“, men dei „hugsa det“, daa Jesus var „herleggjord“; det vil segja: Sogo er seint uppkomi. Men trudd hev ho vori med heil Hug; og ho høyrde so med til Messiasbilæte, at ho hev spreidt seg fort og livt sterkt, og er komi med i alle Sogune. Hjaa dei tri fysste er ho meir utførd; det er ikkje Folke som helsar Messias av seg sjølv.; det heile vert tilstelt: Jesus sender Sveinar inn i Byen etter ein Fole som dei skal „finne bundin“ der — at det og det Profetorde kunde verte uppfyllt; og so kjem Sogo; ho minner sterkt um Gamletestamente. Men daa det vert spurt: „kven er denne?“ svarar Folke beint og greidt: „denne er Profeten Jesus, han ifraa Nasaret i Galilæa“; i Folketanken er Messias Menneskje so heilt ut, at han gjerne kann vera komin fraa Nasaret.

Jesus sjølv kallar seg helst Menneskjesonen. Dette Namne vert fraa Daniel av (7: 13; smf. Esek. 26: 2) bruka serskilt um Messias[2]. Nemningi „Guds Son“, som ofte

[1] Hjaa Sakarias kjem Sionskongen „ridande paa eit Asen og paa ein av dei unge Asenfolane“; dette hev Mattæus teki for tvo Dyr og læt Jesus setja seg uppaa „deim“.

[2] I Enoksboki (Rydberg: „Bib. lära“, S. 63) er

vert nytta aalment um dei rettferdige (i Nytestamente med, soleis i Mt. 5: 9, 45, i Rom. 8: 14, 16, 17; 9: 26 og i Opb. 21: 7, der det stend „Sønir“ eller „Son“ i Grunnteksti, kor plent Kyrkjeumsetnaden held paa „Born“ og „Barn“), gjeld i Eintal mest alltid Messias; men heilt ut Menneskje er han like godt; den bibelske Gud hev ikkje Sønir med jordiske Kvende som Heidninggudane. For Raade vitnar Jesus sjølv klaart um si Messiashøgd (Mt. 26: 64; Mk. 14: 62; Lk. 22: 67—70[1]).

I Apostelgjerningar viser det seg, at Messiastrui hev klara sjølve Golgata-Skjere. Um Kvitsundagen fører Peter Orde for Apostlane. Han vitnar um Messiasrike etter Spaadomane fraa gamalt, og segjer um Jesus — „ein Mann som av Gud var utmerkt for dekon med veldige Gjerningar og Under og Teikn“ —, at „Gud hev gjort honom til Herre og Messias“ (Apostelgjerningar 2: 22—36). I ei Tale i Salomons-Svalgangen i Temple segjer han det same: „Gud hev herleggjort sin Tenar Jesus“

„Menneskjesonen“ bruka jamsides med „Mannasonen“ og „Kvinnesonen“ um Messias. Dei heldt fast paa det i Israel, at kor høgt Messias steig, so var han alltid heilt ut Menneskje (smf. Mt. 9: 8: Opinb. 22: 8, 9); i honom skulde Menneskje naa si Høgd.

[1] I Johannesboki er Jesus baade Menneskjesonen, Sonen og Logos; sjaa lenger ut i Boki (St. IX).

(3: 13, smf. V. 26 og 4: 10[1]). Um „Guds heilage Tenar Jesus“ kved dei kristne i Jerusalem i ein Song som ein vel kann kalle den fysste kristne Salmen (Apg. 4: 24 flg.). Tru-Vedkjenningi fraa den Tidi finn me i Ord som desse: „Gud uppreiste Nasaræaren Jesus fraa dei daude“ og „gjorde honom til ein Fyrste og Frelsar ved si høgre Haand“ (4: 10; 5: 31). Det er ikkje fyrr seint at me finn eitt og anna Ord um at han sjølv skal hava reist seg upp fraa dei daude.

I Apostelbrevi er Jesus like eins „Menneskje Jesus Messias“ (Rom. 5: 15; 1 Tim. 2: 5 o. fl. St.). Etter Paulus som etter dei andre er det ein Gud; like eins er det „ein Herre[2], Jesus Kristus“ (Rom. 3: 30; 16: 27; 1 Kor. 8: 6; Ef. 4: 5, 6; Gal. 3; 20 m. fl. St.); sjaa og Opningsordi til dei fleste Brevi. Er der noko Spursmaal, so er det Spursmaale fraa Sogom um Jesu Messiasdom; „kven er Ljugaren“, spỳrr Johannes, „utan han som neitar at Jesus

[1] Smf. 1 Petr. 1: 21: „Gud uppreiste Messias fraa dei daude og gav honom Herlegdom.“

[2] Den Skilnaden som Grunnteksti gjer paa „Herren“ Gud og „Herren“ Messias — all Stad der det for klaar Meining Skuld trengst — kann me ikkje faa fram i vaart Maal; men Skilnaden er greid: Orde Herre (Kyrios) hev den vanlege Artikelen naar det er bruka um Jesus (som i det heile um Menneskje); men um Gud stend det utan Artikel (Rydberg, S. 96).

er Kristus?“ (1 Joh. 2: 22). At han var Menneskje var elles i den Tidi ein so kjend og sjølvsagd Ting, at serskilde Utleggjingar um det hadde vori meiningslause; heller heldt Apostlane fram det som Messias skulde hava framum vanlege Menneskje; etter Paulus, som heldt seg heilt til Messias-Tanken hjaa dei skriftlærde, stend han ved den høgre Handi til Faderen, eller i ei Høgd millom oss og Gud, er „Millommannen“; han er og den fysst skapte og den sanne Adam[1]. Men „vaar einaste Husbonde er Gud“ (Jud., V. 4).

[1] Um nokre falske Lesemaatar (serleg i Apg. 20: 28, 1 Tim. 3: 16, Rom. 9: 5, Hebr. 1: 8, Opb. 1: 11), som verte nytta til Studnad for den ubibelske Læra um Jesu Guddom, sjaa Rydberg: „Bibl. lära“ S. 95 flg.

III.

Jesus var komin til aa fyribu Messiasrike. Samstundes skulde Døyparen „brøyte Herren Veg“, eller like eins fyribu Messiasrike. Det hev vel vori dei tvo ulike Messiasdraumane som hev valda Ugreide her; den rette Messias skulde vera Konge, og laut daa hava ein Profet til aa brøyte Veg aat seg.

I Johannesboki møtest ikkje Jesus og Døyparen. Denne berre vitnar um Jesus: „midt imillom dekon stend han som dé ikkje kjenner.“ „Eg saag Anden fór ned som ei Duve fraa Himilen og vart verande yvi honom“, fortèl han. Dette Syne hev sidan millom Folke vorti til Hending; me hev her eit godt Døme paa korleis Undersogur kann koma upp.

Døyparen hev vori høgt vyrd; mange undrast jamvel paa um ikkje han var Messias. Og endaa so seint som i Apostelgjerningar (18: 25; 19: 3) er der dei som berre veit um Johannesdaapen. Men Døyparen spaar um

den som skal koma; um denne var Jesus fraa Nasaret hev han etter Mattæus (11: 2, 3) og Lukas (7: 18, 19) heller ikkje alltid vori stød paa.

Stutt og einfeld er Sogo hans. Aaleine i Audni med Sveinane sine døyper han og lærer Umvending og spaar um Messiasrike med dei Ordi som fraa Stemnestogom var aalkjende, og som Jesus like eins bruka, daa han sidan steig fram. Sameleis forkynner han Lovi, serleg Kjærleiksbòde, og — etter Synsmaatane hjaa dei skriftlærde fraa seinare Tidir — Forlating for Syndi utan Bloting eller Blod. Anna enn Fyrigangaren, Vegbrøytaren, vil han ikkje vera. Han vert sett fast, av dei han sagde Sanning til ein Konge, og avhovda etter eit Kvendekrav; men so lite Rom som han hev fengi i desse Sogom, — der er noko serskilt stort ved denne Mannen som fann seg i aa vera den minste og gav alt sitt Liv til aa brøyte Herren Veg.

*

Liksom Jesus etter Johannesboki ikkje vert døypt, soleis døyper han ikkje sjølv heller, alt um Læresveinane hans skal hava døypt[1]; Daapen med Vatn vilde daa heller ikkje høve for den som skulde døype med Ande og Eld, d. e. med den Andemagt, den Vilje-Uppglø-

[1] Noko ugreit fortalt i Joh. 3: 22; 4: 1—2.

ding, som skulde „brenne upp“ eller reinske ut det uheile og ureine i Mannahjarto. Um Døyping er det ikkje fortalt meir fraa Jesu Tid; men i Apostelgjerningar kjem Daapen upp att i ein ny Skapnad: Apostlane døyper i Jesu Namn, um elles „til Forlating for Syndine“ som Johannes (Apg. 2: 38; smf. Mk. 1: 4; Lk. 3: 3). Med Paulus fær Daapen i Jesu Namn ei ny Tolking (Apg. 19: 1—6). —

— Sogo um Freistingi er fortald berre hjaa dei tri fysste. Det er ein rabbinsk Tanke ho er bygd paa: Messias, som er den andre Adam, lyt røyne det den fysste røynde, og stande der han fall. Markus (1: 12—13) hev Sogo paa den stuttaste og daa vel og paa den eldste Maaten; han fortèl at Anden dreiv Jesus „ut i Øydemarki; og han var der i 40 Dagar og vart freista av Satan; og han var med Villdyri; og Englane tente honom“. Dette um Villdyri minner um buddhistiske heilage, som skal kunne med vitugt Umgjenge temja Tigrar; sùme meiner at det her sting seg fram eit Minne fraa ei Ungdomstid, daa Jesus hev vori i buddhistisk Skule. Hjaa Mattæus (4: 1—11) og Lukas (4: 1—13) er Sogo meir utvaksi. Her au er det Anden som fører Jesus ut i Øydemarki; hjaa Lukas er Jesus „full av den heilage Ande“, daa han gjeng der ut. Etter Freistingi gjeng Djevelen fraa Jesus „for ei Tid“ (Lk. 4: 13);

um det hev gjengi fleire Freistingssogur millom dei fysste kristne, so er daa ikkje fleire komne med i Skriftine.

Det er gjenom Sjølvsjuken Freistaren lokkar, her som i Edenhagen, men paa ein serskild Maate, og dertil tri Gongir for ein, daa det er Messias han her hev for seg. Og det er fysst og fremst Tvil um Messiasdomen han vil vekkje: er du Messias, segjer han, so gjer Steinar til Brød, eller kasta deg ned fraa Tempelrauste. Daa dette ikkje nyttar, freistar han aa naa Æresjuken: gjev deg yvi til det vonde, so skal du vinne Verdi! Det er ville Tankar som den unge Messias gjenom Framvokstren hev havt aa takast med; men han hev haldi seg til Sanningi og vunni.

Av Johannesboki ser me, at um Jesus hev vori freista paa vanlig Menneskjevis, so hev han stadi daa med; „kven av dekon kann yvityde meg um nokor Synd?“ segjer han (Joh. 8: 46). Nokon „syndefri Natur“ krev han sjølvsagt ingin Stad; er han Menneskje so kann han falle, liksom den syndefrie Adam; ingin er god utan ein: Gud.

*

Læresveinane sine vèl Jesus i Folke, millom deim som hev Barnehugen. Tale paa deim er det gamle Tale paa Israels-ættine; til Israel

var han send; gjenom Israel skulde Frelsen koma (Joh. 4: 22). Fiskarar var dei fleste, og fatige var alle; hadde dei aatt noko, so hadde dei lòti gjeva det upp. „Den av dekon, som ikkje gjev upp alt det han eig, han kann ikkje vera min Læresvein," segjer Jesus (Lk. 14: 33; 18: 22).

Jesus kallar Sveinane med eit stutt „fylg meg"; lovar i det høgste aa gjera deim fraa Fiskarar til Menneskjefiskarar. Orsakingar høyrer han ikkje paa. Ein som vil segja Velfar i Huse sitt fysst, fær høyre at ingin som legg Handi paa Plogen og ser seg att-ende er vel laga for Gudsrike. Ein som fysst vil fylgje Far sin aat Jordi fær til Svar: lat dei daude jorde sine daude; her gjeld det um Liv av eit høgare Slag. Men til ein som byd seg sjølv fram, segjer han: „Revane hev Hie og Fuglane under Himilen Reid" — hadde han set lenger fram gjenom Tidine, so hadde han dertil kunna nemne Kyrkjeherrar som hev Rikdom og Magt og Kristus-Stathaldarar som hev eit Vatikan —; „men Menneskjesonen hev ikkje det han kann halle Hovude sitt nedpaa." Aalvor er det med Jesu Krav. Men so er der og stort aa vinne; dei som fylgjer Messias i hans Tenarstand, skal til serleg Løn faa styre med honom naar Rike hans kjem (Mt. 10: 39; 19: 28 o. Tilvisn.).

Bòde um Gudsrike skal Sveinane bera ut til Folke. Men dei skal ikkje berre tala. I Liv og all si Ferd skal dei vera Riks-Bòdberarar. Der det trengst, og der dei kann, skal dei gjera vel; Jesus gjev deim serleg Magt til aa lækje Sjukdomar (Mt. 10: 8; Mk. 3: 15; Lk. 10; 9). Og alt skal dei gjeva for inkje, som dei hev fengi det for inkje. Der dei ikkje vert mot-tekne skal dei riste Dumba av Føtane sine; men Gudsrike skal dei forkynne like godt (Lk. 10, 11); og paa Domedag skal det gange slike Stadir verre end det gjekk Sodoma og Gomorra.

Med den Magti og høge Vyrdskapen Jesus gjev Sveinane sine krev han likevel Audmykt av deim. Ærenamn som Lærar (Rabbi) skal dei ikkje taka imot; ein, Messias, er Læraren deira, men dei er alle Brørar. Og ingin paa Jordi skal dei kalle Far; for ein er Far deira: han som er i Himlom (Mt 23: 8—10). Og den som vil vera stor, eller vera den fysste millom deim, skal vera Tenaren, ja Trælen deira, liksom Menneskjesonen ikkje kom til aa lata andre tena sig, men til aa tena sjølv (Mt. 20: 26—28; 23: 11; Mk. 9: 35; Lk. 22: 26). Salte aat Jordi skal dei vera, og Ljose aat Verdi som ikkje læt seg løyne; og ikkje med Ord, men med gode Gjerningar skal dei lyse,

so Folk ser at det er Aalvor dei fèr med, og ærer Faderen i Himlom (Mt. 5: 13—16)[1]. —

— Fullvaksin Mann, ikring 30 Aar, var Jesus daa han tok til med Arbeide sitt. Etter dei tri fysste heldt han seg mest i Galilæa.

Kalle Syndarar til Umvending, finne og frelse det burtkomne var det han skulde; til dei burtkomne Saudine av Israels Hus sender han au Sveinane. Ja han forbyd deim aa gange til Heidningar og Samaritanar; her er ikkje Tid til det. Ikkje Israelsbyane dessmeir skal dei vinnast med fyr Menneskjesonen kjem (Mt. 10: 23; 16: 28 o. Tilv.).

Men dermed var ikkje Samaritanar og Heidningar „fordømde“. Aa faa vera med i Messiasrike var ei serskild Ære for dei utvalde; desse skulde vera med aa „døme“, d. e. styre dette Rike, til dess det heilt var lagt inn under

[1] Den Jesus som tala so til Sveinane sine kann ikkje attaat ha tala um Prestemagt og Kyrkje etter Mt. 16: 19 og 18: 17—18 (smf. Joh. 20: 23); Tankar fraa seinare Tid er det me her finn.

Bilæte um „Krossen“ (Mt. 10: 38 o. fl. St.) kann Sveinane ikkje ha lært aa bruka fyrr i Paulus-Tidi. Det fylgde ikkje berre Rædsle med Kross-Avrettingi; Krossdauden var i framifraa Meining vanærleg.

I Mt. 20: 28 og Mk. 10: 45 er innkomi eit Ord um, at Jesus „gjev sitt Liv til ein Løysepening for mange“; det er ein Paulustanke fraa seinare Tid (1 Tim. 2: 6); han høver ikkje inn i Jesu Forkynning.

Gud. Dei som ikkje kom med millom desse utvalde laut lide si Straff i Naaheimen, og Lagnaden deira vart ikkje avgjord fyrr ved den siste Domen (Opinb. 20: 12); so skulde det gange jamvel med mange av deim som burde ha vori millom „dei fysste“. Men alle skulde koma med; sistpaa skulde det verte „ei Hjord og ein Hyrding“ (Joh. 10: 16; samfør elles Opinb. 20: 9, 15).

At ikkje berre Israelitar skulde koma inn i Rike kann me og sjaa av Sogo um den burtkomne Sonen. Den eldste Broren er Israel, den yngste Heidningheimen; denne hev øydt upp all si Eign i Ulivnad, men finn sistpaa heim til Far sin att, og vert vel fagna. Og daa den eldste knurrar yvi dette, segjer Faderen at alle bør gleda seg no, daa jamvel den burtkomne hev funni heim att.

Ord um at Gudsrike skal verte teki fraa Israel og gjevi til andre kann Jesus i tunge Stundir, eller til Vekkjing, ha hermt etter Profetane, som stundom ræddast for ein slik Burtkastingsdom yvi Folke (sjaa t. D. Es. 55: 5; 65: 1); men Tanken um Heidningfrelse fyri Messiastidi er endaa i Aposteltidi so ny, at det maa ei Syn fraa Himilen til, fyrr Peter vaagar seg til aa forkynne Orde for ein Heidning (Apg. 10). Og endaa var det Strid um dette Spursmaale sidan med. Ingin av Apostlane

veit um, at Jesus hev spaatt Frelse for Heidningar i denne Heimsalderen.

Kor tungt det i Røyndi hev falli aa gjeva upp Tanken um Fyssteretten for Israel viser seg i Apostelgjerningar. Peter hev havt si Syn; og Spursmaale er dryft i Kyrkjelage. Men det bryt upp att Gong etter Gong. Sjølve Heidningapostelen vrid seg lengi for aa sleppe Heidningane inn; Orde um Frelsa var sendt til Israel (Apg. 13: 26), og Israel skulde vera det fysste. „Det maatte so vera at Orde vart tala fysst til dekon," segjer Paulus i Stemnestogo hjaa Jødane i Antiokia (13: 14—47). Det er berre naar Jødane viser sin Rett ifraa seg, at Heidningane fær Von: „sidan dé støyter Orde burt og ikkje dømer dekon sjølve verdige til det æoniske[1] Liv, sjaa, so vender me oss til Heidningane." Men endaa arbeider Paulus millom Jødane, naar han ser seg Raad. Det gjeng ubeint; jamt møter han Motstand; paa eit Møte med Jødane i Korint rister han Klædi sine og segjer paa nytt, at han vil „gange til Heidningane" (Apg. 18: 6). Og han gjeng. Men gjev ikkje sitt eige Folk upp endaa. Jamvel i Rom talar han Orde i den jødiske Stemnestogo. Men Usemju og Tvist vert det der som all Stad millom Jødane, naar Jesus vert nemnd. Daa svarar Paulus med det Esaias-

[1] Det er ikkje alltid visst at det græske *aiōnios* læt seg umsetja med „æveleg".

Orde som og er komi inn hjaa Mattæus (13: 14—15: „Hjarta i dette Folke hev vorti hardt“ o. s. fr.); og tridje Gongen lyser han ut, at no er Guds Frelse send til Heidningane (Apg. 28: 28). Men endaa er ikkje Meiningi den, at Jødane skal vera utestengde; ingin Israelit hadde kunna vera med paa ei sovori Lære. Naar „Fullnaden av Heidningane“ er komin inn, skal heile Israel verte frelst (Rom. 11: 25—26); alt skal verte „sameint i Kristus“, og Gud skal vera „alt i alle“ (Ef. 1: 10; 1 Kor. 15: 28). Det som Heidningapostelen so vandskeleg kann sleppe, er berre Fyssteretten for sitt eige Folk. Naar ein tenkjer seg inn i dette kann ein betre skyna Ord som Mt. 15: 24, 26.

Men um det serleg er dei burtkomne, Menneskjesonen skal finne og frelse: i det heile er han send til aa fyribu Gjenomføringi av Tilvære-Tanken, til aa grunnleggje det Gudsrike, som er Meiningi og Maale med det heile Skaparverk. Vyrdnad krev han for denne den største Gjerning som kunde verte ein skapt paalagd; Vyrdnad krev han og for den som av Gud er utvald til aa fyribu og sidan utføre denne Gjerningi.

Han er Menneskje (Mt. 9: 8; 19: 17; 24: 36; Mk. 13: 32; Joh. 5: 30; 8: 40; 12: 49; 14: 28). Men han er komin i sin Faders Namn, og søkjer ikkje sin eigin Vilje (Joh. 5: 30, 43).

So hev daa og Faderen gjort honom til Messias. „Alle Ting er mig yvigjevne av min Fader“ (Mt. 11: 27 Tilvisn.); „Faderen elskar Sonen og hev gjevi alle Ting i hans Hand“ (Joh. 3: 35). So at „den som tek imot meg, han tek imot den som sende meg“ (Mt. 10: 40).

Aalvorsame Krav set han til Brørane sine. „Den som kjennest ved meg for Menneskjom, honom vil eg og kjennast ved for Fader min“ (Mt. 10: 32; „for Guds Englar“, Lk. 12: 8); men „den som skjemmest ved meg og mine Ord, honom skal og Menneskjesonen skjemmast ved, naar han kjem i den Herlegdomen som tilhøyrer honom og Faderen og dei heilage Englar“ (Lk. 9: 26[1]). Og dei som vil fylgje honom og faa Lùt i Messiasrike, maa fylgje honom heilt. „Den som elskar Far eller Mor eller Son eller Dotter meir enn meg, han er meg ikkje verd“; „um nokon kjem til meg og ikkje hatar Far og Mor og Kone og Born og Bror og Syster og endaa sitt eigi Liv, han kann ikkje vera min Læresvein“.

Den Løni Messias lovar Sveinane sine er stor, men ikkje verdsleg. „Den som misser sitt Liv for mi Skuld skal finne det“ (Mt. 10: 39 o. Tilv.); og „den som hev gjevi upp Hus eller Brørar eller Systrar eller Far eller Mor

[1] I Jesu Tid er det Faderen, Sonen og Englane; Anden var enno ikkje vortin „Person“; smf. Joh, 7: 39.

eller Born eller Aakrar for mitt Namn Skuld, han skal faa det att hundra Gongir og erve æoniskt Liv“ (Mt. 19: 29). Og „i Atterfødingi, naar Menneskjesonen sìt paa sin Herlegdoms Kongsstol“, skal Sveinane like eins sitja paa Kongsstolar „og døme dei tolv Israels Ættir“.

Aa vera Jesu Svein var aa vera med i Arbeide for Messiasrike. Men dette Arbeide sèt serskilde Krav og gjev serskilde Vilkaar. Messiasrike skal vera Millombrøyte millom den Verdi som no er og det Himilrike som er Fullkomingi av det jordiske Tilvære (Opinb. 21: 1—4 o. Tilv.); men dette aalvorsame Millombrøyte, denne siste og fullkomne Yvivinning av alt det vonde, kann ikkje koma med Lempe og Logn. Alt gamalt maa verte øydt, øydt heilt ut, „brent“; nyskapast maa det. „Til aa kaste Eld paa Jordi er eg komin; og kor gjerne vilde eg at han alt var uppkveikt! (Mt. 10: 34; Lk. 12: 49; smf. Opinb. 20: 1—10). —

— I Live var Jesus Israelit, heilt ut og i alle Maatar. Han heldt seg til Lovi og til Temple og lagde Tempelskatt med all sin Fatigdom; Pengar til denne Skatten hev han vel berre i Segni funni so lett som det ser ut etter Mt. 17: 27. Det var vel so, at „Sønine var frie“; og den Dagen skulde koma daa Fridomen deira vart gjenomførd. Men so lengi den gamle Skipnaden stod ved Lag, so lengi hadde

han Meining. Jesus godkjenner jamvel dei etterbabyloniska Rabbinarlærdomane (som den um Djevlane o. y. a.); gjenom deim som sat paa Mose Stol hadde Faderen lati desse Lærdomane koma upp; det var daa hans Tankar.

Alle Sogune fortèl um Tempelreinskingi. Denne gjekk etter Johannesboki for seg fyssste Gongen Jesus var i Jerusalem; og det er rimelegt; daa vart han vel sterkast tekin av aa sjaa den heilage Staden so lite vyrd. Men det som det for honom gjeld um er Lovi, Gudsviljen. Naar Farisæarar eller Skriftlærde kjem til han med Lærdomsspursmaal, svarar han so rett at han maalbind jamvel deim som gjerne vilde finne noko aa hefte seg ved; men sjølv dømer han ingin for Meiningar eller Truir. Krave hans er til alle det eine store: du skal halde Bòdi. Sine strengaste Ord segjer han til deim som med all rett Tru ikkje lìver rett; aldri hev gudeleg Lygn fengi strengare Dom enn i Jesu Talar mot Farisæarar og Skriftlærde.

IV.

Um Teikn, Underverk, er mykje fortalt i Jesussogom.

Men attaat er der ei Fraasegn som tyder paa, at desse Undersogune er fraa ei seinare Tid. Alle fire Bøkane hev denne Fraasegni.

Jødane kjem til Jesus og krev Teikn; det hadde dei ikkje funni paa, um Undersogune hadde vori sanne. Jesus svarar nei til Krave deira; hadde Undersogune vori sanne so hadde han sagt: Teikn hev eg gjort; kvi trur dé ikkje? Men „inkje Teikn skal verte gjevi denne Ætti", segjer han stutt og beint (Mk. 8: 12[1]). Hjaa Johannes (6: 30—33), der Jødane synest vente eit Teikn av same Slage som Himilbrøde i 2 Mos. 16: 14, svarar han berre at han sjølv er Brøde fraa Himilen. Smf. Mt. 16: 1—4.

Men liksom Farisæarar og Skriftlærde i

[1] „— utan Profeten Jonas Teikn", legg Mattæus (12, 39) og Lukas (11, 29) til; dette Tillegge er fraa den Tidi daa Trui paa Uppstòdo var uppkomi.

Jesu Tid gjerne vilde sjaa Teikn, so hev Kyrkjelyden seinare lika aa høyre um Teikn; so er det med Folke alltid. Og i dette Stykke høyrer snart sagt alle til Folke, eller gjorde det daa visst i dei Tidine me her hev for oss.

So var det og det at Profetane hadde gjort Teikn, Elias fysst og fremst, som saman med Moses var Fyribilæte paa Messias. Dei hadde og spaatt um forunderlege Ting som skulde hende i Messias-Tidi; og Skaldebilæti deira vart i seinare Tidir beintfram tekne. Esaias hadde tala um, at blinde Augo og dauvhøyrde Øyro skulde opnast og at halte skulde springe som Hjortar og dumbe kveda av Sæle naar den Gudsende kom med Fagnadbòde sitt (Es. 35: 5, 6; 42: 7; 61: 1); Ord av same Slage men beintfram tydde vart i den etter-apostoliske Tidi lagde Jesus i Munnen, naar han skulde svara paa Spursmaale um han var „den som skulde koma“ (Mt. 11: 2—5; Lk. 7: 22).

Daa Undersogune tok til aa gange, hev Kyrkjelydane undrast paa at so merkelege Ting ikkje skulde ha vori kjende og fortalde fyrr. Men so hev dei tenkt: Jesus hev forbòdi dei lækte aa segja kven Lækjaren var; elles hadde han ikkje fengi gjort anna enn vera Lækjar. Og dette hev vorti Tru (smf. Mt. 8: 4; 9: 30; Mk. 6: 56; Lk. 5: 14, 15). Sidan, daa

Sogune vart fleire og fleire (smf. Joh. 21: 25), hev ein annan Tanke komi upp: di meir han hadde forbòdi Folk aa tala um Teikni, di meir hadde dei tala (Mk. 7: 36); dermed hev Tanken um Forbòde mot aa tala vorti gløymd. So heilt hev han vorti gløymd, at rett som det er talar Jesus sjølv um Teikni sine (Mt. 11: 5; Lk. 7: 22); ja i Johannesboki gjer han Teikn beint fram til aa faa deim umtala (11: 4).

Undersogur er daa uppkomne i Mengd. Teikni vert stundom heiltupp Trolldom: gjeng for seg so Meistaren ikkje veit um det; dei sjuke vert lækte berre dei rører ved Kanten av Klædnaden hans (Mt. 14: 36; Mk. 6: 56; Lk. 6: 19). Og Sogune læt Jesus gjeva Tolkingar til Teikni sine: ved deim godkjender Gud den han hev sendt (Mt. 12: 25 flg).

Elles legg Jesus inkje noko Lag paa desse Teikni; „hadde dé Tru som eit Sìnapskorn," segjer han til Sveinane, „so kunde dé gjera større Ting enn desse". Ja det vert lagt 'n i Munnen Ord um at „ingin Ting skal vera umògelegt" for deim; um dei so vilde bjode eit Berg lyfte seg og kaste seg i Have, so skulde Berge lyde deim. Daa han sender deim ut gjev han deim Magt til aa gjera Teikn liksom han gjev deim Fullmagt til aa forkynne Rike; og dei greider det eine som det andre (Mk. 6: 13; Lk. 9: 6;

10: 17); Andane, som elles andre Folk og kann drive ut, klarar dei likevel ikkje alltid (Mt. 17: 14[1]).

So lite framkomin som Helse-Vitskapen i den Tid var, hev alle som galdt for noko meir enn vanlegt, vorti søgte um Lækjingshjelp; det ser me og i Apostelgjerningar. Der vekkjer Peter jamvel ein daud (9: 36), liksom han i Stykke 5 tek Live av eit Par Menneskje med Orde sitt. Ja sjuke vart borne ut paa Gata, naar han eller Paulus var ventande; og fall berre Skuggen av ein av desse Gudsmennane paa ein sjuk, so friskna han (Apg. 5: 15; 19: 12[2]).

Underverk ved vond Hjelp synest Jesus ikkje aa hava tenkt seg (Mt. 12: 25 flg.; Tilvisn.). Trui gjer Verke. Og det trengst Tru hjaa Hjelpsøkjaren som hjaa Hjelparen. „Di

[1] At „Andar“ i lite kunnige Tidir vert tekne for Upphav til Sjukdomar som Fang og sùme Slag av Hysteri, kann me enno godt skỳna.

[2] Kor lett ein kann koma til aa vekkje daude naar Trui er sterk, ser me av Apg. 20: 9—11. Evtykus fell ned fraa eit Vindauga i 3die Høgdi og vert „tekin daud upp“; Paulus tek'n i Famnen og segjer: „staaka ikkje, for hans Sjæl er i honom.“ Og Mannen greider det. Hadde Paulus tagt, so hadde visst Apostelgj. 20: 11 no fortalt oss, at Paulus den Gongen vakte Evtykus upp fraa dei daude.

Tru hev frelst deg," segjer Jesus ofte til deim han hev hjelpt; og i Nasaret, der det er lite Tru, gjer han „ikkje mange kraftige Gjerningar". Me er her sterkt innpaa den rette Forklaaringi av mangt av det som fyrr galdt — og ofte enno gjeld — for Underverk.

Mykje Strid hev det vori um dei bibelske Teikni. Me som veit kva Trui kann gjera — i sjølve Lækjekunna er det Trui meir enn Dròpar og Pulver som hjelper —, og dertil veit korleis Trui, naar ho fysst er uppkomi, kann skapa nye og daa jamt større Underverk, me vil ikkje døme so braadt. Det er sjølvsagt, at i Tidir med lite Naturkjennskap og mykje Tru hender det fleire „Underverk" enn i ei kaldklok og tvilesjuk Tid som vaar; og visst er det, at um Folk fyrr stundom hev trutt for mykje paa aandeleg Magt, so trur me no helst for lite. Dei Teiknsogune som i Bibelen er uppskrìvne til Studnad for Trui, kjem daa og helst i Vegen for Trui no. Kven kann hava Tillit til ei Forkynning som er uppstudd med Folkedikting?

Men dei som tenkjer etter vil vita, at um der so gjerne er eit Grand Folkedikting i gamle Skriftir, so vert det sanne i deim like sant for det. Me kann finne all den Sanning me treng i Nytestamente, um me ikkje serskilt trur paa dei Djevlane som vart drìvne inn i

Svin, eller trur at Messias ein Gong hev vori Vinbryggjar i Kana i Galilæa.

Det sanne i Bibelen ramlar ikkje, um me tek Matlagingi aat dei 4000 eller 5000 Mann for Folkedikting heller[1]. Av Markus 6: 52 skynar me tydeleg, at denne Sogo hev vori ukjend for Sveinane; mot Teikn hadde desse barnslege Galilæa-Gutane ikkje forherdt Hjarto sine.

Daudevekkjingsogune hev me alt vori innpaa; den stridaste er den um Lasarus (Joh. 11). Jesus er reint ulik seg her; han gjer seg beintfram fyri med aa faa Lasarus-Sogo merkeleg og aatgaadd. Han steller seg so, at daa han kjem til Betania, hev Lasarus alt „legi fire Dagar i Gravi“; at han „græt yvi Lasarus“ naar han hev stelt til dette og dertil veit at Lasarus um eit lite Bìl vil verá livande att, det er ikkje heller likt Profeten fraa Nasaret.

[1] 2 Kong. 4: 38—44, der Elisa med 20 Byggbrød mettar 100 Mann, er gjerne Grunn-Emne til denne Sogo. Messias maatte ha kunna gjera større Ting enn Elisa, kann ein ærleg Kristin hava sagt; millom hugvarme Jesus-Vénir hev dette vorti hermt; ein av desse hev tykst høyre, at Jesus h a d d e gjort større Ting enn Elisa; det hev han funni sjølvsagt, og hev sidan fortalt det til andre; til Jesu Ære hev han heller lagt til enn teki fraa; Sogo i Mt. 14: 13 flg. hev dermed teki til aa byggje seg upp; og ingin hev „dikta“ ho. Me ser kvar Dag, korleis forunderlege Sogur lagar seg sjølve, so ingin veit kvar dei er komne ifraa; og det hev visst ikkje vori annleis fyrr i Verdi.

Orde um, at det alt tevjar av Like, gjer Meiningi med Sogo uhugleg tydeleg: her skal daa ingin kunne tala um Dvaledaude! — Me skal og hugse, at Lasarus ikkje er nemnd i nokor av dei andre Sogune. Jamvel Lukas, som (10: 34) nemner Systrane hans skulde vera, veit inkje um 'n. Og endaa skal Lasarus etter Johannesboki vera ein serskilt god Vén av baade Jesus og Sveinane; Tomas Tvilling ynskjer endaa beint fram at dei kunde „døy med honom". —

Daudevekkjingssogune er i det heile seint uppkomne; etter Mk. 9: 10 veit Sveinane ikkje kva det er, dessmeir, aa „stande upp fraa dei daude". Og e i n Ting kann me lite paa: hadde Jesus nokon Gong vakt upp ein daud, so hadde dette vorti hugsa daa han sjølv laag i Gravi, eller daa visst den Morgonen daa Maria Magdalena kom til Sveinane og fortalde at han var uppstadin. Men det vert fleire Stadir beint fram sagt, at Jesus er den fysste som hev stadi upp; han er „Fysstemannen utav Upstòdo fraa dei daude" (Apg. 26: 23), „Fysstegrøda av dei som er avsovna" (1 Kor. 15: 20), „den fysstefødde av dei daude" (Opinb. 1: 5); dette kunde ikkje vori sagt soleis vilkaarsfritt, i Fall andre fyrr hadde vori uppstadne eller uppvakte „fraa dei daude".

V.

Jesus gjekk ikring hjaa Folke og „lærde i Stemnestogom deira og forkynte Evangelie um Guds Rike“ (Mt. 4: 23 o. Tilvisn.; Lk. 8: 1).

Og Folke høyrde og trudde paa han. Sogune hev i den fysste Tidi ofte Fraasegnir um dette. „Mykje Folk“ fylgde han; „store Mengdir“ flokka seg um han; ein Stad er det fortalt um „Folk i Tusundtal“, Folk som samla seg so tett at dei „trødde paa kvarandre“. Det var Folk fraa alt Lande, fraa Judæa og Jerusalem og Idumæa og hi Sida Jordan og Galilæa og Dekapolis og jamvel fraa Havstrandi ved Tyrus og Sidon (Mt. 4: 25; Mk. 3: 7—8; Lk. 6: 17).

Til Folke tala han etter dei tri fysste Sogune i Liknadar; Folke skyna best deim (Mk. 4: 33—34). I Stemnestogom hev han elles paa vanleg Maate tolka Skriftine (Mt. 4: 23 o. Tilvisn.). Bergpreika heldt han for Sveinane soleis at Folke høyrde til (Mt. 5: 1; 7: 28; Lk. 6: 17—18; 7: 1); andre Stadir talar

han berre til Folke (Lk. 12: 13—21; 13: 22—30; 14: 25—35). Hjaa Mattæus (13: 11—15) og Lukas (8: 10; smf. Joh. 12: 40) er det gjevi ein serskild Grunn for at han tala til Folke i Sogur; den maa vera fraa seinare Tid. Jesus hev visst, at gjenom Bilæte og Sogur fekk han Folke til aa baade høyre og hugse best; og turvtest det Tyding, so hev han tydt Sogune aat Folke som aat Sveinane. Men vel ofte serskilt aat Sveinane (smf. Mk. 4: 34), av di desse Sogune gjerne handla um Arbeide for Messiasrike.

Liknadsogo kann me segja er ei Folkedikt-Form; greide Bilæte fraa Kvardagslive gjev Tankane Liv og hugfester deim. Stutt og klaart vert Sogo sagd, utan Krus eller Kunstir; og Lærdomen kjem fram greidt og tydeleg. Gudsrike vert likna med eit Sìnapskorn, ein Surdeig, ein gøymd Skatt, ei dyrverdig Perle, og anna som gjev Bilæte av løynd Rikdom eller Umskapingskraft; Arbeide i Rike, og Vokstervilkaari der, vert skildra fraa alle Sidur. Me hugsar Sogo um Saamannen: Fræe fell paa ymis Grunn; sùmt gror ikkje, sùmt gror fort men visnar; eller Ugras døyver det; men dei som høyrer Orde um Guds Vilje og skynar det, d. e.: tek det upp, gjer det til Liv, dei fær den Løni som ligg i, at Tilvære deira fær Innhald og Meining.

Sogo um Fiketrêe (Lk. 13: 6—9) gjev ein Tanke um Jesu eigi Sjælesyrgjar-Arbeid: han steller paa beste Maate med det gagnlause Trêe, og bed·for det so lengi han ser tenkjeleg Von; ikkje fyrr alle Raadir er freista kann han finne seg i at det vert nedhoggi. Fleire Sogur hev me um det same, som Lk. 15: 3—7 um den burtkomne Sauden; eller Mt. 13: 24 (o. Tilvisn.) um Svimlingen i Aakeren: godt Sæde hev Husbonden saatt i Aakeren sin; men um Natti saar Uvénen hans Ugras millom Kveiten. Daa Tenarane ser dette, og spŷrr um dei skal ryskje Svimlingen upp, svarar den vise og milde Husbonden: nei; for daa kunde dé rive upp Kveiten med same; lat det alt vekse saman til Hausten.

Og Husbonden er langtòlug og lempeleg so lengi det finst Von; men han veit kva der er aa gjera naar Ventetidi er ute. Den Tenaren som kjem att med Punde sitt unytta, lyt gjeva det fraa seg til den som hadde gjort tie Pund ut av sitt (Lk. 19: 12—26); for den som hev skal faa, men den som inkje hev, som livde Live sitt burt i Faafengd, han misser jamvel det som han ein Gong fekk, som Jesus i eit sterkt tilkvesst Ord fleire Gongir minner um.

Grunnlovi for sant Menneskjeliv: du skal elske din Næste som deg sjølv, hev han framme Gong paa Gong, i Læresogom som elles. Serleg

merkeleg er Liknaden um den urettferdige Hushaldaren (Lk. 16: 1—8). Denne hev stellt seg so, at han vert kravd til Rekneskap; og han skynar at no er han ferdug. Men han veit Raad. Han kallar til seg deim som stend i Skuld til Herren hans, og ettergjev deim meir eller mindre av Skuldi; han liter paa, at dei som soleis hev fengi Hjelp av honom vil vise 'n Miskunn att, naar han kjem i Lægervall. Jesus læt denne Hushaldaren faa Ros av Herren sin for at han hev „gjort det klokt". Det vert elles her lagt Jesus eit Ord i Munnen (Lk. 16: 9), som minner vel so mykje um Paulus (1 Tim. 6: 17—19) som um Bergpreikaren (Mt. 6: 19—21; smf. Lk. 12: 33).

Um Vinningi ved aa lìva etter Lovi — at det er ei slik Vinning lærer me serskilt tydeleg naar me bryt Lovi — hev Læresogune mange Bilæte. Serleg forvitneleg er Sogo um Arbeidarane i Vingarden (Mt. 20: 1), der alle fær same Løni, um dei kjem i Arbeid tidleg eller seint. D. e.: naarsomhelst ein gjev seg inn under Gudsviljen, vinn ein ved det full Livsmeining og Livshugnad.

Mange av desse Sogune handlar um Israel som ikkje kjenner si Gjestings Tid og for det maa vente Dom; den Tanken hev ofte tyngt Jesus. Me hev her Sogur som den um Vingardsmennane som slær Ervingen i hel (Mt.

21: 33; Tilv.), um Kongssonsbrudlaupe (Mt. 22: 1; Tilv.), o. fl.; dei er fraa den Tidi daa det syntest meir og meir tydelegt, at nettupp det Israel som Jesus hadde meint ikkje trong Lækjar, vilde vise Gudsrike fraa seg. Sùmt er innkomi eller hev fengi sitt Lag i seinare Tid; at Jesus ikkje hev spaatt um Domen yvi Israel og Frelsa for Heidningane i so klaare Ord som det no ser ut til, skynar me af Apostelgjerningar (10: 1—48; 11: 1—18 o. a. St.). Men sterkt hev dei myrke Vonine gjengi innpaa 'n; det kjem i alle Sogune fram, i saare Klagemaal og i strenge Domar.

*

Jesu fysste Forkynning er Gledebòde um det nære Messiasrike, det han liksom Døyparen forkynner med dei Ordi som Folke kjende fraa Stemnestogom. „Gudsrike“ eller „Himilrike“ var daa og Ord som lét seg bruka trygt, midt i Romarvelde; dei syntest ikkje hava noko med denne Heimen aa gjera. Det hadde dei ikkje heller i Jesu Munn. Himilrike kom naar Gud vilde; og det kom snart: „det er nokre av deim som her stend, som ikkje skal smaka Dauden, fyrr dei fær sjaa Menneskjesonen koma i sitt Rike“, segjer han med si sterkaste Forsikring (Mt. 16: 28; Mk. 9: 1; Lk. 9: 27). Men ingin utan Faderen,

jamvel ikkje Sonen eller Englane i Himlom visste noko um det (Mt. 24: 36; Mk. 13: 32); og um nokon sagde: sjaa her er Messias eller der, so skulde Sveinane ikkje tru det; uventande som Ljone skulde han koma. I denne Heimsalderen hadde Jesus berre eitt aa gjera: han skulde byggje det aandelege Gudsrike. Og um det sagde han: det „kjem ikkje so at det er audsjaaande, og heller ikkje skal dei segja: sjaa her er det eller sjaa der; for sjaa, Guds Rike er innantil i dekon“ (Lk. 17: 20, 21).

Dei som kom med i dette aandelege Rike, skulde faa ei serskild Gjerning og ei framifraa Løn i det Gudsrike som var ventande. Dei kunde daa gleda seg til det med, og det i framifraa Meining; for naar dei skyna at det kom, so visste dei og, at det stunda til deira Utløysning (Lk. 21: 28). Dei burde og alltid halde seg budde, so Lampune deira kunde vera kveikte naar Brudgomen kom (Mt. 25: 1). Men det gjorde dei ved aa byggje Gudsrike inne i seg sjølve, gjenomføre Guds Vilje i sitt Liv, elske Gud og Næsten, „halde Bòdi“. Og daa kunde Jesus lova deim, at dei ikkje skulde sakne si Løn i noko Tilfelle.

Det er det som er Grunntanken i Jesu Gledebòd: lìver me etter Guds Vilje, so fær Live Verde i seg sjølv, og det um det i verdsleg Meining synest aldri so armt, — fær eit

Verde som gjev os full Løn for (d. e. full Meining i) Tilvære vaart. Jamsides dei store Framvonine hev Jesu Svein den Vissa som han kann røyne seg til: at det gode hev si Løn i seg sjølv, at ein „vinn Live", vinn Innhald i Live, naar ein paa rett Maate nyttar det. Gjer ein Guds Vilje, so tarv ein ikkje som Farisæarane spyrja naar Rike kjem; Rike er komi; ein hev Rike i seg. Og ein stig og gjeng fram, vinn større og større Sæle, rikare og rikare Løn, di meir heilt og fullt ein gjev seg inn under Gudsviljen.

At Live hev sitt Verde, si Løn, si Meining i seg sjølv, er Jesu nye Tanke, hans sanne Fagnadbòd. Fær me Tak paa det, so vert alt anna mindre vigtugt, um det so var sjølve det rabbinske Messiasrike.

*

Jesu Forkynning er ei Lovtolking som gjeng so djupt, at ho i Røyndi vert Lovgjeving.

Til aa setja nye Bøtar paa gamle Plagg var han ikkje komin; han fullførde det gamle ved aa gjenomføre Grunntanken i det. Moselovi var ei Rettslovgjeving med ein moralsk Tanke som ikkje vann heilt fram (smf. t. D. 3 Mos. 19: 18 med 2 Mos. 21: 24—25); gjenom Jesu Tolking vinn Grunntanken fram; og Lovi vert heilt ut Morallov, Livslære.

Denne Livslæra dreg seg som ei Gull-Aare gjenom all Jesu Forkynning; i serskild Rikdom stig ho fram i „Bergpreika“ (Mt. 5—7; smf. Lk. 6: 20—49; 11: 9—13; 12: 22—31 o. fl. St.). Denne Preika gjev, kann ein segja, Jesu Syn paa Lovi og Live i Samanheng.

Her som elles i Læretalur vender han seg til dei smaae i Folke, dei som er minst bundne av Verdi, og fysst og fremst til Sveinane sine (Lk. 6: 20; Mt. 5: 11—12). Sjølve dei Sælprisingane Tala opnast med gjeld deim. „Sæle er dé fatige; for dekons er Guds Rike“; og “sæle er dé som hungrar no“, og „dé som græt no“; for „dé skal mettast“; „dé skal læ“, segjer han etter Lukas; same Tanken er tekin uppatt tri Gongir.

Sælprisingi yvi deim som vert forfylgde kjem noko uventande her; Forfylgjingar var ikkje uppkomne i den Tidi daa Bergpreika vart haldi. Og dei harde Tidine som var ventande naar denne Heimsalderen leid til Endes (Mt. 24 og Tilvisn.), dei skulde for Sveinane vera Utløysningstidir (Lk. 21: 28). Men daa Jesus-Sogune vart skrivne, hadde mangt snutt seg. Sveinane hadde røynt utenkte Ting; og Ord som Jesus i myrke Stundir hev sagt, men som Sveinane daa ikkje hev skyna eller teki seg Tankar av, vil etter Golgata-Hende og seinare ha livna upp att for deim og fengi

Meining. Ofte vil dei daa hava haldi fram slike Ord for Sveinar eller for Kyrkjelydar, naar Tidine var urolege; og det var Tidine jamt. Jesus-Ord um Forfylgjingar hev daa ofte vori framme. I Bergpreika, som fraa fyssto hev vori tenkt som eit Samandrag av Jesu Forkynning, laut Trøysteord um Forfylgjingar daa visst vera med.

Sist paa lyser Jesus (hjaa Lukas) fire Gongir Usæl yvi dei rike og dei som i denne Heimsalderen hev det godt. Yvi desse fell den Domen, at dei „hev alt fengi si Trøyst“, fengi det gode dei kann vente. Eller dei skal sidan „hungre“, eller „syrgje og graate“, som det heiter um „dei velmetta“ og „dei som lær“ [1]. Dei som fær god Umtale millom Folk fær vita at dei ikkje skal stole paa det; so gjekk det alltid med dei falske Profetane.

Usæl-Lysingane er burte hjaa Mattæus. Alt hev der vorti Sælprisingar; dei er 9 i Tale og uppsette mest som eit Kvad. Tankane hev og her vorti noko meir aandelege og aalmenne; det gjeld dei fatige „i Anden“ (smf. Es. 57: 15), dei som hungrar og tysstar „etter Rettferd“ o. s. fr. Og i Staden for Tiltaleorde

[1] Smf. Sogo um den rike Mannen og Lasarus. Sjaa og Jakobs Brev 5: 1 flg. (der Apostelen dømer strengt um dei rike som forheld Løni for Arbeidarom sine); smf. 3 Mos. 19: 13; 5 Mos. 24: 14, 15; Job. 24: 1—11.

„dé“ hev me Umtaleorde „dei“. Men mot Slutten (5: 11, 12) hev Mattæus dé liksom Lukas. Lk. 6: 20—26 ligg daa vel Grunnteksti nærast.

Sjølve Preika tek til med Utsegni um, at Jesus byggjer paa Moses. I Messiasrike skal den vera kalla stor som i Lære og Liv held seg til Lovi; den som bryt um det so berre er eit av dei minste Bòdi og lærer Folk so, han skal — ikkje verte „fordømd“; han skal verte kalla den minste i Himilrike (Mt. 5: 19). Det vil vel segja at han skal vera millom deim som sist kjem der inn (um den andre Domen sjaa Opinb. 20: 12, smf. V. 4) og vinn minst høgt upp; etter dette og ymse andre Ord skal det vera ulike Høgdir i Løni so vel som i Straffi (Luk. 12: 47—48).

Det er Lovi Jesus held fram, i Bergpreika som i heile si Forkynning. Naar nokon kjem og spỳrr kva han skal gjera til aa vinne Live, hev Jesus berre eit Svar: hald Bòdordi (Mt. 19: 16 o. Tilvisn.). Og daa Spyrjaren nemner det Bòde som alt etter Moses er Innhalde av Lovi: du skal elske Gud av alt ditt Hjarta og din Næste som deg sjølv (5 Mos. 10: 12), so segjer Jesus: du svara rett; gjer dette so skal du lìva (Lk. 10: 25—28). Den rike Raadmannen segjer: Lovi hev eg haldi fraa eg var ung (Mt. 19: 16—21; Tilvisn.); Jesus vert

ikkje forundra yvi dette Svare. Smiler ikkje heller. „Jesus saag paa honom og fekk honom kjær“ (Mk. 10: 21). Det er fullt Aalvor: me skal halde Bòdi.

Du skal elske, d. e. unne din Næste som du elskar, unner deg sjølv, er Grunnlovi i Jesu Gudsrike. Den Verdi der kvar tenkjer paa seg og den rike lìver i Gledskap og Glans og læt Lasarus liggje hjelpelaus utanfor si Dør, kann kalle seg kva ho vil; til Gudsrike høyrer ho ikkje.

Gjenom Jesu Lovtolking kom Grunnen i Lovi upp. Lovi er Faderens Vilje; men dermed er ho og vaar Vilje, so visst som me er Borni til Faderen; vaar sanne Vilje er ho. Drivkrafti til det gode er daa ikkje Rædsla lenger, um me aldri so vel veit at Syndi dreg si Refsing etter seg liksom ei Naturlov sine Verkningar; Drivkrafti er den gode Grunnen i oss, Kjærleiken, Broderhugen.

Lovi er ikkje Fyrisegnir um utvertes Skikk; Hjarta krev ho, d. e. heile Menneskje. Men dermed gjer ho og Menneskje fritt. Det er ikkje lenger Jahve, som byd og krev for si Skuld; det er Faderen som rettleider Borni for deira eigi Skuld: gjer dette, so skal du lìva. Og naar Menneskje vert eit Barn som vil Faderens Vilje, so gjeld Orde i 1 Joh. 5: 3, at Guds Bòd ikkje er tunge. Lovi er ikkje

eit framandt Krav, og ikkje Rædsle og Tvang; Lovi hev vorti Evangelium.

*

„Det store Bòd i Lovi“ finn me hjaa alle dei tri (Mt. 22: 34—40 o. Tilvisn.; smf. 5 Mos. 6: 4, 5); og Bòde um Næstekjærleik „er liksom dette“ (smf. 3 Mos. 19: 18). Og den som elskar Gud, og elskar Næsten som seg sjølv, han held Lovi. Ein annan Stad samlar Jesus Lovi i eit einaste Bòd: „alt det dé vil at Folk skal gjera mot dekon, det maa og dé gjera mot deim“ (Mt. 7: 12 o. Tilv.)[1]. Kjærleiken til Gud viser seg i at ein gjer Guds Vilje; og Guds Vilje gjer den som elskar Næsten; dei tvo Bòdi læt seg daa samle i eitt. Som det stend i 1 Joh. 4: 20 (smf. 3: 17); „dersom nokon segjer: eg elskar Gud, og han hatar sin Broder, han er ein Ljugar; for den som ikkje elskar sin Broder som han ser, kor kann han elska Gud som han inkje hev set?“

Men aa elske Næsten er ikkje Ord; det maa vera Gjerning og Sanning. Elske er:

[1] Dette er Lovi og Profetane; og aalmenneskjeleg Livslære er det; Konfutsius sèt ho fram i Ord som minner um Mt. 7: 12: „gjer ikkje mot andre det du ikkje vil at andre skal gjera mot deg“ (Dr. Rudolf Dworak: „Chinas Religionen“ I. S. 160).

hjelpe, gjera vel. Det Domaren vil spyrja um paa Rekneskapsdagen er: gav dé meg Mat daa eg var hungrig? Drikke daa eg var tyst? Klæde daa eg var nakin? tok dé imot meg daa eg var framand? saag dé um meg daa eg var sjuk? eller daa eg sat i Fangehuse? (Mt. 25 : 31—46). Med „meg" meiner han kvar hjelptùrvande me møter paa vaar Veg; og han skìl ikkje ut, at desse turvande maa vera Folk som „f o r t e n a r Hjelp" etter vaar Meining[1].

Næstekjærleiken — som der er meir av i Verdi enn me skynar og ser — er det som gjer Live lìvande; skal me halde det ut, so maa me arbeide med eitkvart som me trur kann vera til Hjelp for Brørane (um me gjerne no brukar andre Ord: Ætti, Bygdi, Byen, Folke, Samnøyte, Framtidi o. s. fr.). Hev ein ingin og dermed inkje aa lìva fyri, so lìver ein ikkje, og det um ein aldri so mykje „lìver for seg sjølv". Ein Arming av dette Slage kann „vinne all Verdi"; men aaleine og hugnadlaus

[1] At ingin, jamvel ikkje den verste, er „uverdug" til Hjelp, skulde kristne Folk vita; det er i det seinste greidt serskilt ut i nokre merkelege Smaabøkar av J ø r g e n G r y (sjaa t. D. „Den oprindelege Kristindom, samtlige religiøse og antireligiøse Sekters Modsætning", Odder 1905). Desse Bøkane, som held uppe Jesu Livslære saman med det natur-vitskaplege Syn paa Tilvære fraa vaar Tid, gjeng Kyrkja so vel som Fritenkjarskapen imot, og vert daa fraa alle Sidur nedtagde.

er han og vert han verande; Live hans er ikkje Liv. Det han venta seg Glede av gjev ikkje Glede; naar han fær det han sette si Von til, so finn han det „utantil blankt og innantil krankt“. Er han daa ikkje det reine Faavit, so skynar han Samanhenge meir og meir; Argskap og Hat tek han; han vert „vond“; sèt si Glede i aa vera til Mein, likar aa sjaa andre svikne som han sjølv vart svìkin, sjaa andre lide som han sjølv lid. Uhuglegt og fælslegt er dette, so det hev vori kalla „djevelskt“ og sett i Samanheng med ei serskild vond Magt; no kallar me det Faavit, eller naar det gjeng uvanleg vidt, Sjukdom. Ja det kann gange so vidt at me kallar det Galinskap. I gamal Tid var det Storherrar som hadde slik Magt at dei „kunde gjera kva dei vilde“, ja beintfram vart kalla Gudar; men mange av deim vart tekne av den Hugsjuken som heiter Sjølvsjuke og fór soleis aat, at dei hev vorti til eit Ordtøke for alle Folk sidan. Berre Kjærleiken kann gjeva Live Innhald; det visste Jesus, daa han sette Næstekjærleiken upp til Grunnlov for det.

Sjølve Rettsbòde um aa ikkje slaa ihel vert til Moralkrave um aa elske Brørane. Ukjærlege Kjenslur vil draga etter seg ukjærlege Gjerningar eller Ord; og at jamvel Ord kann vera Draapssyndir, det er meir beintfram sant

enn me plar hugse. Som Eiter er arge Ord; dei ligg og brenn under Bringa hjaa den som fekk deim, og øyder Livshugnaden og tærer paa Krafti. Hard Refsing spaar daa Jesus kvar den som ikkje er „velviljug mot sin Motstandar paa (Livs-) Vegen".

Det vert spurt: kven er min Næste? (Lk. 10: 29). Her skulde ein Israelslærar etter den vanlege Tenkjemaaten svara: alle Israelitar. Men Jesus ser lenger, um han aldri so mykje er Israelit. Han fortèl ei Læresogu som segjer, at min Næste er den som treng Hjelp av meg og som eg kann hjelpe, kven han so elles er.

Me maa ikkje hata deim som gjer oss vondt dessmeir. Slær ein deg paa det eine Kinne, skal du snu til 'n det andre[1]. Vil nokon taka Kjolen din, so lat 'n faa Kappa med. Vondt skal ein i det heile vinne yvi med godt; og naar ein vil tenkje seg um, so er det so: det er berre med godt at ein kann vinne yvi det vonde. Med vondt berre eggjer ein det, og nærer det; vondt èl meir vondt; det er i Viljelive som i Vokstrheimen: Avkjøme er Upp-

[1] Soleis bad Jesus etter Lukas jamvel for deim som tok Live hans.

Joh. 18: 23 hev og her vori nemnt til Døme; den Staden skulde dertil vise, at Mt. 5: 39 ikkje var beintfram meint. Men Tenaren i Joh. 18 syndar mot Retten likso vel som mot Jesus, so det Tilfelle høyrer ikkje hit.

have likt. Men ulike Slag døyver kvarandre. Vil ein øyde godt, skal ein gjera vondt; men vil ein døyve vondt maa ein gjera godt; det er ei klaar naturleg Sanning Jesus her legg fram, og ikkje noko Tverdøme.

Elske, gjera godt mot sine Fiendar maa ein, um ein vil vinne yvi deim. Tanken hev vori uppe alt hjaa Moses (2 Mos. 23: 4); og i Salomons Ordtak (25: 21) stend det, at „er din Fiende svoltin, so gjev honom Mat, og tysster han, so gjev honom Vatn“, um Tanken der elles er den som Paulus tek upp-att i Rom. 12: 20: at ein paa den Maaten sankar gloande Kòl paa Hovude aat Uvénen sin. Hjaa Jesus er Krave heilt og klaart. Liksom Himilfaderen læt si Sol renne yvi vonde og gode og Regn falle yvi rettferdige og urettferdige, soleis skal og dé, segjer han, „elske dekons Fiendar, velsigne deim som bannar dekon, gjera vel mot deim som hatar dekon og beda for deim som vil gjera dekon Forfang og forfylgje dekon“. Elske sine Venir kann alle; den som vil vera Jesu Svein maa stande so fri av Verdi at han kann elske jamvel sine Uvenir. Med dette gjenomførde Kjærleikskrave gjer Jesus Lovi heilt til Fridom og Aand; det juridiske „Auga for Auga og Tonn for Tonn“ er avteki.

*

Jesu Svein taper inkje ved det at han gjer seg fri av Verdi.

Alt er der kvervande og skiftande. Mòl og Mott ét upp, og Tjuvar bryt inn og stèl; der bør han daa ikkje hava Skattane sine. For der dei er vil Hugen hans vera; og han kann ikkje tena baade Gud og Mammon.

Ikkje-rik paa Jordi skal Jesu Svein vera, og endaa sutlaus; han hev ein Fader som veit kva han treng. Og med det han treng skal han vera nøgd, som Fuglen, som Blomen. Det vert gjevi 'n attaat, alt det han tarv, naar han fysst søkjer Guds Rike og Rettferd.

Rikdom og Hug til Rikdom bind hardt til denne Heimen; Mammonstrælen er hugbundin jamvel naar det gjeng 'n godt; og rik i Gud vert han vandskeleg. Hugen hans er trylt og Viljen forvend; det Bòde som er Innhalde av Lovi gløymer han burt; han heng fast i sitt Jordstræv og læt Lasarus forkomast millom Hundane. Ja han brukar Brørane sine til Trælar og stèl seg rik av deira Slit; stèl fraa deim og drep deim i Staden for aa elske deim. Raadlaust er det for ein rik aa koma inn i Gudsrike utan serskild Hjelp ovanfraa; ikkje for ingin Ting priser Jesus dei fatige sæle.

Med Fatigdom meiner han smaae Kaar; den Armodi som vaar Tid él fram so mykje av, og som ikkje er anna enn Rangsida av

Mammonsvelde, hadde Jesus ikkje havt Lovord fyri. Smaae Kaar, daglegt Arbeid og daglegt Brød, bind minst til Verdi; i slike Kaar kann Hugen halde seg friast.

„Dei fatige“ hjaa Jesus er dei som livde etter den Skipnaden Moses hadde sett, so godt som dette daa lét seg gjera i hans Tid. I Israel, som vel all Stad i gamle Dagar der Folkeskikk var komin upp, var Samnøyte bygt paa Tanken um aalmenn Rett til den Grunnen alle er vaksne av. Jordi var ikkje mi og di, ho var Aalmenn-Eign, „høyrde Herren til“ (Salm. 24: 1). Den einskilde hadde ho berre i Leige av honom gjenom Samnøyte.

Til „alle Mannaborni“ (Salm. 115: 16) var ho gjevi; um Lovine for Utskiftingi kann ein lesa i 4 Mos. 26: 52—56 og 33: 54, smf. Josv. Stykki 14—19. Men ingin kunde „eige“ Jord; ingin hadde anna enn Brùksrett til ho. Og um Brùkaren kunde selja Brùksretten sin eigin, so kunde han ikkje selja Brùksretten aat Ætti si; „seld“ Jord fall attende til den gamle Brùkaren eller Ervingane hans naar Helgaare kom (50de-kvart Aar), daa alle Jordleigune vart uppatt-nya. Jord kom soleis aldri „or Ætti“.

Paa den Maaten kunde ikkje noko rikt Jordherrestand koma upp. Men so kunde det ikkje koma upp nokon Armodsdom heller. Til Trygd mot den gav Moses elles mange Bòd,

og det Bòd som dei rike no vilde finne stridande mot det dei kallar baade „Fridom“ og „Kristindom“. Tanken i Moselovi var beint fram den: „du skal ottast Gud, so at Broder din“ (ɔ: din Næste) „kann lìva med deg“ (3 Mos. 25: 36)[1]. I Jesu Tid var den gamle Skipnaden komin i Nedfall; og meir og meir vann den Armodi seg upp, som ikkje er Velsigning; men so trudde og alle sanne Israelitar at den gamle Heimsalderen var utlivd, og at Messiasrike maatte koma snart, med ny Rett for dei mange og alltid fleire som no leid Urett.

Men enno var mykje av den gamle Skipnaden att[2]; og i jamne Arbeidskaar, som ikkje kunde føre til Rikdom men heller ikkje til Armod, finn Jesus Grobotn for dei Dygdine han fysst krev: Barnehugen og den fredsæle Audmykt. Denne siste priser han med Ord som minner um gamall Folkevisdom: den som høgrar seg sjølv skal verte nedra, og den som nedrar seg sjølv skal verte høgra; sèt ein seg øvst i eit Gjestebòd kann han verte flutt ned; men sèt han seg nedst og daa heller vert flutt upp, hev han Ære av alle (Lk. 14: 10).

Det Broder-Samnøyte Jesus tenkjer seg, er

[1] Fr Verinder: „Bibelen og Jordspursmaale“ (Syn og Segn April 1906).

[2] Sjaa t. D. Mt. 12: 1 o. Tilvisn.

bygt paa denne Tanken. „Dei som styrer Folki held deim under Herrevelde, og Stormennane brukar Magt yvi deim; men so“, segjer han, „skal det ikkje vera millom dekon“; den som vil vera stor i Jesus-Lage, han skal vera Tenar, ja Træl; „den største millom dekon skal vera som den yngste og den styrande som den tenande“ (Lk. 22: 26; 9: 48; Tilvisn). Og han skal vera Tenar ikkje i Ord, men i Gjerning, so som Jesus med sitt eigi Fyridøme lærde oss (Joh. 13: 2 flg.): „naar eg, som er Herren og Meistaren dekons, hev tvegi dekons Føtar,“ segjer han, „so hev eg gjevi dekon eit Fyridøme, at som eg hev gjort, so skal og dé gjera.“

Brodertanken, Kjærleiks-Tanken gjeng gjenom heile Jesu Lære og Liv. Som han er komin til aa føre dei burtkomne paa rett Veg, soleis kallar han serskilt til seg dei mødde og tyngde; hjaa honom „skal dei finne Kvild“. Dei linnaste, mjukaste Tonane fraa den gamle Profet-Harpa høyrer me att, mjukare og rikare enn fyrr; og dei vert ikkje døyvde av den sterke, myrke Klangen fraa den messianske Domsluren.

I næraste Samanheng med Broderkjærleiken stend Kjærleiken til Borni; Jesus finn her varme Ord. „Lat Smaaborni vera, og hindre deim ikkje fraa aa koma til meg; for Himil-

rike høyrer slike til“ (Mt. 19: 14). „Den som nedrar seg sjølv som dette vesle Barne, han er den største i Himilrike“ (Mt. 18: 4). „Den som tek mot eit slikt Barn i mit Namn, han tek imot meg“ (Mk. 9: 37). Det er dei barnslege som høyrer heime i Rike; „sanneleg segjer eg dekon, dersom dé ikkje umvender dekon og vert som dei smaae Borni, kjem dé paa ingin Maate inn i Himilrike“ (Mt. 18: 3; Tilvisn.). Barnehugen er den rette Grobotnen for Broderlynne; „Ervesynd“ veit Jesus ikkje meir um enn han veit um Barnedaap. Og Spursmaale um „fri“ og „ufri“ Vilje læt han liggje til Filosofane.

*

— Det Lovbòde som etter Ordi forbyd Hjonskapsbròt, vert hjaa Jesus eit Bòd um Reinleik i Hug og Tanke. Eit Ord som i 1 Mos. 2: 24 vert tillagt Adam: „Mannen skal forlata Fader og Moder og halde seg til Kona si, og dei tvo skal vera eitt Kjøt“, tek Jesus upp att og skjerper. Menneskje skal ikkje skilja det Gud hev sammanbundi (Mt. 19: 4—6). Skilsmaal forbyd han, utan naar Ægteskapen alt er brotin i Gjerning.

Eit strengt Ord er framme i Samanheng med Reinleiksbòde: det er betre aa skilja Lìkamen med ein Lèm, enn at heile Lìkamen skal øydast (Mt. 5: 29). Ein kjem her til aa minnast Mt. 19: 12 um Gjeldingar. Men Jesus

forbyd ikkje Sveinane aa gifte seg. Peter var gift alt i den fysste Tidi (Mt. 8: 14; sjaa og 1 Kor. 9: 5).

Etter Moses var det tillati aa sverja, naar ein heldt Eidane sine; Jesus forbyd Sverjing heilt. Jesu Svein skal alltid segja sant; Sverjing vert daa meiningslaus. Men til Meiningsløyse skal ein ikkje brùka noko som vyrdande er, minst Guds Namn. Og Undantak gjevst ikkje. Naar Domstolane brùkar Eiden som fyrr Pinebenken til aa tvinge Sanningi fram i Rettssakir, so er det ikkje Jesus dei held seg til.

Der var i Moselovi Bòd som gav farisæisk Utanpaa-Heilagdom Tilføre til mykje synleg Lovlydnad, og som det difor vart lagt sers Lag paa, soleis Bòde um Kviledagen; Jesus vert fleire Gongir freista med Spursmaal um den. I Svari sine held han som elles Guds Bòd fram; men med Ihuge viser han Farisæardomen fraa seg. Fraa Matstræv og jordisk Sut skal me kvile paa Helgdagane; men fraa det gode skal me ikkje kvile, meir enn me kviler fraa det naudsynlege. Det fjorde Bòde maa Jesus like eins verja mot Lovtrælane. Gud hev sagt: heidra Far og Mor; dei lovlærde segjer: Temple gjeng fyri Far og Mor; ein Son kann taka fraa Foreldri sine, naar han gjev det tekne til Temple. Soleis gjer dei Guds Bòd til inkjes med sine Menneskjebòd.

Mot slikt minner Jesus um, at Gud hev Hug til Miskunn og ikkje til Offer. Og Menneskje er ikkje Træl under Lovi, men som Menneskjesonen Herre yvi ho, so sant det hev Gudsviljen livande i Hjarta.

*

Rettslovi set Forbod, Morallovi gjev Bòd; Jesu Lovgjeving inneheld mest um det me skal gjera.

Det er her Hjartelage det spỳrst um; ikkje alle Gjerningar er gode som ser gode ut. Olmosur skal me gjeva so me sjølve ikkje gaar til det; for kor mykje me gjev, det vert alltid lite mot det me fekk[1]. Og alt godt me gjer er faafengt, i Fall me gjer det med Tanke om utvertes Vinning; den som fastar til aa vinne Ros millom Folk, han vinn ikkje meir enn det. Berre naar me fastar til vaar eigi Upptukting vinn me noko som hev Verde. Me skal daa heller ikkje lata Folk vìta at me fastar; me skal stelle oss so at dei trur det er Høgtid me held; Jesu bryr seg ikkje um Utanpaa-Heilagdom.

Bøni er og ei Sak millom oss og Gud

[1] I vaare Dagar, daa dei som bed ikkje alltid er dei som mest treng, ja daa Tiggaren stundom er Spekulant, hadde vel Jesus sagt: gjev den som bed deg, og lat det vera hans Sak um han lyg for deg?

aaleine. Me skal ikkje „remse upp mange Ord“, og me skal ikkje halde Bønir paa Framsyning; gjer me det, so vinn me Ord for aa vera heilage, og hev dermed fengi vaar Løn. Faderen veit kva me treng og bryr seg ikkje um Ordstas; „naar du bed, so gakk inn i Løynrome ditt og lat att Dỳrri, og bed til Fader din som er i Løyndom, og Fader din som ser i Løydom skal løne deg i Synom“.

Det er lagt Jesus sterke Ord i Munnen um Bøni. „Alt det dé bed um, berre tru, so skal dé faa“; „bed um kva dé vil, og det skal timast dekon“, o. s. f. (Mt. 21: 21; Mk. 11: 24; Lk. 11: 9; Joh. 15: 16; 16: 23 o. fl. St.).

Likevel krevst det stundom Faste attaat Bøni (Mt. 17: 21). Det vert og kravt Bøn av fleire i Lag (Mt. 18: 19 o. Tilv.; motsett Bòde i Mt. 6: 6); og Bøn i Jesu Namn vert fleire Stadir kravd i Johannesboki. Det hev gjengi ymse Ord um dette. Det tryggaste vil vera aa halde seg til den Bøni Jesus sjølv lærde Sveinane sine, og elles til Fyridøme hans eigi (Mt. 26: 39; Tilv.).

Beda er ikkje aa tigge, eller aa freiste aa tvinge sin Vilje fram[1]; aa beda er: aa vinne

[1] Det som er innkomi Lk. 18: 1 flg. o. fl. St. um at me beintfram skulde kunne elte Faderen til aa gjeva etter for Bønine vaare, kann ikkje vera nokon Jesus-Tanke.

seg yvi til aa vilja det Gud vil, og det um Gudsviljen aldri so mykje gjeng vaart Ynskje imot; beda er: aa lyfte seg yvi seg sjølv og inn i Allviljen. „Ikkje som eg vil, men som du vil!“ bad Jesus fraa Nasaret; og so er det han hev meint at me skal beda.

Den Bøni Jesus lærer Sveinane, er vend til „Faderen“. Tanken um at Gud er Faderen var uppe alt i den gamle Tidi (Job. 31: 15; Ordtøki 22: 2; Mal. 2: 10); med Faderen meinte dei gamle Skaparen. Jesus gjenomfører Tanken i meir aandeleg Meining; og han lærer oss aa beda som Born. Med Barne Trygd og Tillit skal me vende os til Faderen, men daa og med den rette Barne Hugen til aa bøygje oss for hans Vilje.

Gud hev vorti Faderen, av di han i Sanning hev vorti Gud. So lengi han var Jahve, ein Folkegud millom andre Folkegudar, laut han fysst og fremst tenkje paa si eigi Magt; no er han Herren aaleine; Rike, Magti, Æra er hans; og daa vil han, at som han sjølv er fullkomin og sæl, so skal og hans gjævaste Skapning, Bilæte hans, Son hans, naa denne Høgdi. Me tarv ikkje lenger hava Age for Gud i den gamle Meiningi Rædsle; me skal elske Faderen.

Me bed daa fysst og fremst um Framgang

for hans Rike[1] og hans Vilje; at alt legg seg heilt og viljugt innunder honom er godt for oss med, av di at daa kjem det Rike hans, som for oss er Sæla. So bed me um det me treng for oss sjølve og den Tidi som no er; me veit at so sant me er hans Born og Tenarar, so er vaar Bate hans Vilje.

Det me fysst treng er Livs Uppheldе; me bed daa fysst um daglegt Brød. So bed me um aandeleg Hjelp: Tilgjeving for Syndi og Frelse fraa Freistingar, i det heile Frelse fraa det vonde, fraa alt som kann hindre oss i aa fylgje Gudsviljen; me bed daa i Sanning som Born; me gjer Faderens Sak til vaar Sak.

*

Til den serskilt vigtuge Bøni um Syndforlating hev Jesus ei Tyding (Mt. 6: 14—15; Tilv.) som er framifraa klaar, men som etter Paulustidi hev vori merkeleg gløymd i Kyrkja. Vilkaare for Syndtilgjeving er etter Jesus eitt einaste: me maa sjølve tilgjeva. „Dersom dé forlæt Menneskjom deira Misgjerningar, so skal og dekons Fader i Himlom tilgjeva dekon; men dersom dé ikkje forlæt Menneskjom deira Misgjerningar, so skal heller ikkje Fader dekons

[1] I den etterbabyloniske Tid var den vonde Magti („Beelsebul“, „Satan“, „Diabolos“) uppkomi utanfor og paa ein Maate jamsides Gud; men denne Magti skulde falle for Messias (Opinb. 20: 2, 10).

forlata dekons Misgjerningar“ (Mt. 6: 14—15; Tilv.).

Noko „Offer for Syndi“ veit Jesus ikkje um; han held seg til Profetane (Es. 1: 11; 66: 3; Jer. 6: 20; Am. 5: 21; Mich. 6: 6, 7). Um Offer talar han paa ein einaste Stad (Mt. 5: 23; smf. Mk. 11: 25); men noko Syndoffer er det ikkje han der tenkjer paa. Tvert imot; det vonde som kann vera i Vegen, maa etter Ordi hans paa den Staden vera nedsona fyrr Gaava vert bori fram. „Gakk fysst og vert samd med Bror din“, segjer Jesus; naar du det hev gjort kann du bera fram Gaava di[1].

Jesu Lære er fullklaar her, og han er innpaa dette ofte. Tilgjev, so skal du faa Tilgjeving; „dersom Broder din syndar imot deg, so tèl for honom; og angrar han, so tilgjev honom“. Ja „dersom han sjau Gongir um Dagen syndar imot deg, og sjau Gongir um Dagen kjem att og segjer: eg angrar det, so skal du tilgjeva honom“ (Lk. 17: 3—4; Mt. 18: 21—22). I Liknaden um Kongen som heldt Rekneskap med Tenarom sine gjeng det ein hard Dom yvi den som ikkje tilgav Medtenaren sin; „so skal og min himilske Fader

[1] Syndesutring bryd Jesus seg ikkje um. Ser han ein som er tyngd av leide Minne, so talar han ikkje um Anger; „ver frihuga, Son!“ segjer han; „dine Syndir er deg forlatne“; og det utan eit Ord um Blot eller Blod.

gjera med dekon, um dé ikkje av Hjarta tilgjev kvar sin Broder hans Bròt“ (Mt. 18: 23—35). Den som ikkje tilgjev, fær ikkje Tilgjeving; ja den Tilgjevingi han kann ha fengi vert teki fraa han att, i Fall han ikkje sjølv tilgjev (Mt. 18: 27—34); her som elles skal me unne vaar Næste som me vil at Faderen skal unne oss. Um den synduge Kvinna hjaa Lukas (7: 47) heiter det: „mange Syndir er henne forlatne, for ho elska mykje.“

Strengt er dette Jesu Krav. Aa tilgjeva i Sanning og av Hjarta er ikkje lett for Kjøt og Blod; ja det kann kjennast umògelegt. Som i det heile det aa løne vondt med godt. Mykje lettare er det aa hata og hemne seg, og sidan „sone“ for seg med Bønir og Offer, helst naar ein kann sleppe med eit Offer som ein annan hev gjort. Men Jesus kjenner ikkje til den Utvegen.

Hit høyrer og eit anna Ord som helst vert gløymt: det um at me ikkje skal døme. Det vert tilmælt oss med det same Maale som me mæler aat Brørane med; tilgjev me, so fær me Tilgjeving; dømer me, vert me dømde. I det heile skal me agte os sjølve, meiner Jesus. Bòse i Auga til Bror vaar, den vesle Syndi han kann hava gjort imot oss, den vert det alltid ei Raad med, kann me so sant berre faa „Bjelken“ ut or vaart eigi Auga.

*

Si Tale um Lovi samlar han i eitt sterkt Ord: „ver miskunnsame, liksom og dekons Fader er miskunnsam“ (Lk. 6: 36), eller hjaa Mattæus (5, 48) i eit endaa sterkare: „ver fullkomne, liksom dekons Fader i Himilen er fullkomin.“ Dette er ingin Taleblom. Alt hjaa Moses (3 Mos. 19: 2) finn me Tanken: „de skal vera heilage, for eg er heilag“; og Jesus-Sveinane gløymde han ikkje. Peter tek upp att Orde fraa 3 Mos. 19 og legg til: Faderen „dømer utan Mannamùn etter kvar Manns Gjerning“ (1 Petr. 1: 15—17). Hjaa Johannes lès me: „kvar den som er fødd av Gud“ (ɔ: er Guds Barn) „gjer ikkje Synd“; „dette er Kjærleiken til Gud, at me held Bòdi hans“ (1 Joh. 3: 9; 5: 3). Jakob segjer: „Tòlmode maa føre til fullkomi Verk, so dé kann vera fulkomne og heile og ikkje vante i nokon Ting“; og: „den som ikkje hev vorti ein gløymskin Tilhøyrar, men ein som gjer Gjerningi, han skal verte sæl i si Gjerning“ (1: 4, 25).

Fullkominskapen er Fyrimaale. Jesu Sveinar kann ikkje vilja noko mindre enn det: aa lìva heilt etter Guds Lov; og det vil dei. At Fyrimaale ikkje med ein Gong vert naatt, og at det seint vert fullt naatt, det er der Tilgjeving fyri, so sant Viljen er heil; Jesus lærde sjølv Sveinane aa beda: tilgjev oss Skuldi vaar. Men den som ikkje hev Viljen heil og fast er

ingin Jesus-Svein; og stasar han endaa med Jesu Namn, so er han ein Annanias eller ein Simon Trollmann.

Jesus fraa Nasaret hev meint det han sagde. Den som krev, at Syndaren skal ofre um det so var sitt høgre Auga eller si høgre Hand, um han ikkje paa annan Maate kann koma laus ifraa Syndi, han skjemtar ikkje. Vil me gjera Guds Vilje so kann me; det er Jesu Lære.

Det skal for lat eller halvt dyrevorin Vilje ikkje svært mykje til, fyrr det gode synest „umògelegt"; og den som trur at han ikkje kann gjera det gode, han kann ikkje; han kjem ikkje so langt at han aalvorsamt freistar med det dessmeir. Mange er late, og ikkje faae er halvville; i denne Heimsalderen kjem dei ikkje med. Kjem dei i det heile med, so vert dei millom „dei siste" i Himilrike.

Det er faae som er utvalde til den høgste Æra: til aa vera Jesu Medarbeidarar her og hans Medstyrarar i Messiasrike (Mt. 19: 27—30 o. Tilvisn.; Lk. 12: 32, 42—44). Trong er den Porten som fører til Live; med Verdi paa Ryggen vinn ein ikkje inn gjenom den. So søkjer daa og dei fleste den Vegen som er breid og den Porten som er vid, um denne Porten og Vegen aldri so mykje fører til Undergang[1].

[1] Det græske *apoleia* (i N. T. umsett med „Fortjoning" — „Fortabelse", „Fordærvelse") kjem av Segne-

Og falske Profetar i Saudeklædnad lokkar med truverduge Ord. Etter deira Gjerningar kann ein døme deim; men ikkje alle Gjerningar søkjer Dagen; at Frukt er ròti skynar ein ofte ikkje fyrr ho tek til aa tevja. Alle kann segja Herre, Herre; og jamvel Underverk er ikkje sætande. Berre ein Ting kann ein tru paa: Live, Gjerningane; den som i sitt Liv gjer Viljen til Faderen i Himlom, han aaleine er Jesu Svein. I det heile byggjer den paa fast Grunn som høyrer Jesu Ord og lìver etter deim; den som ikkje lìver etter deim, han kann høyre deim so mykje han vil, og segja deim etter med: han byggjer paa Sand, og Huse hans vil falle.

orde *apollymi*: 1) øydeleggja, gjera til inkjes; 2) gange under, forkomast, døy. So lengi „Fortjoning" vert brùka um endelaus Fordøming, lyt ein til Umsetjing nytte andre Ord, som ikkje læt seg mistyde paa ein so grov Maate. Adjektive *apolōlos* læt seg og betre attgjeva med „forkomin" eller „burtkomin" (Lk. 19: 10) enn med „fortjona" („fortabt").

VI.

Jesus er ikkje rædd Orde Løn. Gong paa Gong læt han Menneskje faa „Løn“ for aa gjera det gode. Jamvel um Dagløn talar han, soleis i Liknaden um Arbeidarom i Vinhagen (Mt. 20: 1—16). Men kva han meiner med Orde viser nett denne siste Liknaden serleg klaart.

Løni — her i Live — er den Styrkjing og Vokster som fylgjer med aa gjera det gode. Og denne Styrkingi og Vokstren kjem, og kjem heilt og fullt, um det er tidleg eller seint ein tek til med Arbeide. For Løni ligg i Arbeide sjølv. Naar ein lìver etter Guds Lov, kjenner ein at ein lìver etter si eigi sanne Lov, kjenner, at no fysst lìver ein; Løni for aa gjera Guds Vilje er nettupp „Live“.

Orde um at Gud løner kvar etter hans Gjerning, inneheld fysst og fremst, at Løni liksom Straffi ligg i Gjerningi sjølv, i den Livsvokster eller Livs-Tyning Gjerningi fører med seg. I Liknaden um Saamannen er Løni

Grøda. Jordi kann bera mindre eller meir. Men ho trivst, lìver, ved aa bera Grøde; ein kjenner seg sæl, naar ein gjer det som godt er. Men den Jordi som ikkje bèr, vert uppbrend av Soli eller nedkjøvd av Klunger; ho vantrivst og legst i Øyde. Naar Menneskjesonen i Domen (Mt. 25: 40) segjer: det dé gjorde mot ein av desse minste Brørane mine, det gjorde dé mot meg, so meiner han: det gjorde dé mot det sant menneskjelege i dekon sjølve. For i oss alle lìver Menneskjesonen; og han er etla til aa vinne i kvar vaknande Menneskjesjæl, vinne meir og meir yvi Dyrehaatten og Villmannen i oss, „Djevelen“ [1].

Løni, Kjensla av Vokstr og Framgang, fylgjer med alt godt ein kann faa gjort, um det er lite eller mykje. Den som berre gjev ein av dei minste so mykje som ein Drykk Vatn med godt Hjartelag — ein Drykk Vatn var elles ikkje alltid lite i det turre Palæstina — skal ikkje sakne si Løn. Kvart godt Hugskòt ein fær fylgje hev i seg sjølv si Løn; kvar Siger ein vinn, kvart Stìg ein tek paa den gode Vegen, fører Hugnad med seg. Soleis er der og „Løn“ for den som bed rett, eller fastar rett: han kjenner at han veks, at det

[1] Djevelen hev vori god aa hava aa skulde paa. Det er gildare aa segja: Djevelen forførde meg, enn aa stande til, at Dyre i meg fekk Magti.

gode i 'n hev Framgang. Og er Løn den gode Fylgdi av rett Ferd, so er Straff den laake Fylgdi av Misferd; etter Sogo um Saamannen visnar dei gagnlause som Saakorn paa Steingrunn eller kjem paa annan Maate burt; faafengt vert alt deira Tilvære.

Men Fylgdine av Gjerningom vaare rekk ut yvi dette Live; her som elles fylgde Jesus Skriftlærdomen i si Tid.

Fraa fyssto hadde Israel ikkje visst um anna etter Dauden enn ein Naaheim (Scheol); denne var, som hjaa andre Folk i tidleg Tid, ein Skuggeheim utan Liv; han vert og ofte kalla Naaheimen (1 Mos. 37: 35; 44: 29, 31; 4 Mos. 16: 30). Scheol er i Gamletestamente tenkt som ein Myrkheim, eit Skuggeland (Job. 10: 21); det vert kalla "Stilla" (Salm. 115: 17), „Avgrunnen", „Myrkre", „Gløymelande" (Salm. 88: 12, 13); der er „korkje Gjerning eller Vit eller Visdom i Naaheimen" (Preikaren 9: 10). Gode som vonde fèr dit naar dei døyr (Job. 30: 23). Og i Dauden er der inkje Minne um Gud; „kven vil prise deg i Helheimen?" (Salm. 6: 6[1]).

[1] I Bibelumsetjingane fyrr vart „Helvite" fraa det nye Testamente innsett i det gamle all Stad der det nokorleis kunde høve; men no hev dei retta dette. I N. T. skal dei og heretter vilja halde seg til Grunnteksti.

Men alt tidleg hadde Tenkjarar i Israel undrast paa, at det ikkje alltid gjekk den gode godt og den laake laakt paa Jordi (sjaa serleg Jobsboki). Det hev vori freista med fleire Forklaaringar av dette, soleis den, som me finn Merke etter i Joh. 9: 2, 3: at dei som lid vondt her maa ha synda fyrr dei vart fødde, eller at dei lid for Synder som Foreldri deira hev gjort. Men Tanken um ei Utjamning etter Dauden fekk Magti. Alt hjaa Job vaknar Voni um ein Rett for dei gode i hin Heimen, og i Visdomsboki hev Tanken vunni fram; det hev vorti Liv i Naaheimen med Hugnad for dei gode og Uhugnad for dei vonde (3: 1—10).

I Jesu Tid hadde Scheol — eller Hades, som det paa græskt heiter i N. T. — skift seg i tvo; det var Helheimen, „Pinsla", for dei urettferdige, som der vart „haldne i Varetekt under Refsing til Domedag"; og det var Paradis, „Abrahams Fang", for dei rettferdige (Lk. 16: 22, 23; 2 Petr. 2:9[1]). Desse tvo Stadine var strengt skilde; likevel kunde dei gode og dei vonde sjaa og jamvel tala til kvarandre (Lk. 16: 23—26). Den Lògen som er nemnd i Sogo um Rikingen og Lasarus, er vel i

[1] Etter Lk. 23: 43 skulde Jesus sjølv fara til dette Paradis.

heller sein Tid innlaant fraa Gehenna [1]. Stundom nemner Jesus eit Fangehus, som Syndaren ikkje skal koma ut or, fyrr han hev betala den siste Skjerven (Mt. 5: 26; 18: 34; Lk. 12: 59); dette maa vera Refsingsstaden i Helheimen; fraa Gehenna kom ingin ut; det var den andre, d. e. den fullkomne, den endelege Dauden (Opb. 20: 14).

Straffi vert tilmælt etter Syndi: di større Synd, di hardare Refsing. Og viljande Synd vert strengare dømd enn uviljande; ein Tenar som ikkje gjer Viljen til Herren sin vert refst med Slag; mykje Slag um han visste kva Herren vilde, mindre Slag um han ikkje visste det; i det heile: det vert kravt av kvar ettersom det er honom gjevi (Lk. 12: 47, 48). Fysst og fremst spýrst det: hev du elska din Næste; den som berre er vreid paa sin Broder vert skyldig til Straff, og det som ein Draapsmann etter Moselovi, um han daa ikkje hev havt Orsak til Vreide (Mt. 5: 21, 22 o. Tilvisn.). Jamvel for vaare Ord skal me gjera Rekneskap; gjenom deim kjem, helst naar me minst tenkjer paa det, vaar djupaste Sanning fram; difor: „etter dine Ord skal du verte

[1] Dei vonde Andane hadde ein serskild Fangestad: Abyssos (ɔ: Botnløysa, i N. T. umsett med Avgrunnen; Lk. 8: 31; 2 Petr. 2: 4; Opb. 20: 13).

kjend rettferdig, og etter dine Ord skal du verte domfeld“ (Mt. 12: 37[1]).

Naar Messiasrike kjem, skal dei rettferdige stande upp (Lk. 14: 14; 20: 35, 36; 1 Kor. 15: 22—28; Opb. 20: 4, 5[2]); so kjem den fysste Domen (Mt. 24: 30, 31; Opb. 20: 4). Dei uppstadne rettferdige gjeng, saman med dei utvalde som daa lìver, inn i Rike (Mt. 24: 31, 37—43; 1 Tess. 4: 16); og ved Messiasstyre i denne Heimsalderen („Tusundaarsrike“, Opb. 20: 2, 3) vert Mannaheimen lagd heilt under Gud (smf. Opb. 21: 1—4). So kjem den siste Domen (Mt. 25: 31—46; Opb. 20: 12); og naar den er haldin, og alt vondt utreinska fraa Jordi, so dei fysste Ting er burtfarne og alt hev vorti nytt (Opb. 21: 4, 5), daa hev dei rettferdige vunni den heile Sæla; Gudsrike, Himilrike er fullkomi.

Og fysst ved denne siste Domen er det at det vert Tale um Gehenna, den store Reinskingselden; sjaa Mt. 25: 41 og Opb. 19: 20; 20: 10, 14, 15.

Gehenna-Tanken er ukjend i det gamle Testamente; han kom ikkje upp fyrr etter Babylontidi. Namne er jordiskt nok; Ge(h)enna,

[1] Kyrkjebibelen umsèt: „etter dine Ord skal du verte fordømd.“

[2] Hjaa Lukas (20: 35) er berre ei Uppstòdu nemnd.

hebr. Gehinnom, Hinnomsdalen, er Namne paa ein Dal utanfor Jerusalem, der Juda i gamle Dagar hadde blota til Molok (Jer. 7: 31; 2 Kong. 23: 10). Det var ein uhugleg Stad. Grunnen hev vori vulkansk; det stod som ein Eim i Lufti yvi Dalen. Og Trui var, at Gehinnom ein Gong skulde forvandle seg til ein Eldsjø, der dei verste Israelsfiendane skulde verte uppbrende (Es. 66: 16, 17, 24; Dan. 7: 10—27).

I seinare Tidir vart Rusk og Avfall fraa Byen og annan Ufyseskap, som Kroppar av daude Dyr, stundom og Bròtmanns-Lik, uppbrende i Hinnomsdalen. Og Reinskingselden der brann æveleg, Natt og Dag, daa det alltid var Avfall nok fraa ein so vidt stor By som Jerusalem. Og med Svaavel brann Elden, av di det laut vera sterk Eld som skulde faa Ende paa alt dette Avfalle fort nok i so varm ei Luft som den Judæa hadde.

Med all denne Uhyggja, og med Eld og Eldminne og Elddraumar fraa fyrr og no og sidan, yvi og under Jordi, vart Gehenna, Hinnomsdalen, det rette Emne til aa laga eit Helvite av. Og det vart Bilæte paa den siste Straffi yvi Fiendane til Gud og Folke hans.

Elden er Bilæte paa Avøyding eller paa heil og fullkomi Uppreinsking; som Elden i Hinnomsdalen gjorde Ende paa Avfalle fraa

Jerusalem, so skulde den aandelege Gehenna-Elden gjera Ende paa Avfalle fraa Jordi, det som, med alle Guds Hjelperaader og med alt hans Tòlmod gjenom Tidir og Heimsaldrar, ikkjė hadde lati sig frelse. Elden held seg so lengi han fær Næring; Gehenna-Elden vert stundom kalla „usløkkjande" liksom Elden i Hinnomsdalen[1]; men det som vert „kasta paa Elden", „brenn upp" (Mt. 3: 12; 13: 30, 40; Lk. 3: 17). Og rettvis til det siste er Israels Gud; ei linnare Gehennastraff kom upp jamsides Eldstraffi. Ikkje alt som vart kasta i Hinnomsglupe kom paa Elden; sùmt fall i Steinrøysi utanum og vart liggjande der; soleis skulde i det aandelege Gehenna berre dei store Guds og Israels Fiendar verte brende; andre Syndarar som hadde forherdt seg so dei ikkje kunde koma med i Gudsrike, skulde paa annan Maate verte „øydelagde" (Mt. 10: 28), kasta „utanfyri", eller i „Myrkre utanfyri" (Mt. 8: 12; 24: 51; Lk. 13: 28); det var elles Graat og Tanngnistring der med (Mt. 22: 13 o. Tilvisn.).

Gehennabilæte er heilt utnytta i Nytestamente. I Opinberringi, der elles „Myrkre utan-

[1] Den jordiske Gehenna-Elden vert hjaa Esaias (66: 24) kalla „den Elden som ikkje sloknar". „Makken som ikkje døyr" er like eins fraa Hinnomsdalen; det livde mykje Makk i det Avfalle som laag ut-ikring Elden der og rotna.

fyri“ er burtkomi, vert fysst dei tri store Vondemagtine: Dyre, den falske Profeten, Djevelen, kasta i Eldsjøen (19: 20; 20: 10, 14); og alle som ikkje er „uppskrivne i Livsens Bok“ fær same Lagnad. Dei som fylgjer Dyre og Profeten vert drepne „med Sverde hans som sat paa Hesten“ (19: 21), og dei som er med Djevelen i den siste Striden mot dei heilage vert uppbrende med „Eld fraa Himilen“ (20: 9); men Dauden og Helheimen vert „kasta i Eldsjøen“ (20: 14); og „dette er den andre Dauden“ [1].

Men paa eit Par Stadir er noko nytt aat aa arbeide seg fram: Draumen um ein Eld som ikkje er til Uppreinsking, men til „Pinsle“; dei som der brenn, skulde daa ikkje „brenne upp“, men lìva æveleg midt i Elden. Det er vel Forfylgjingane som hev gjevi denne sjuke Draumen Liv: naar Gud lét Forfylgjarane fara fram som dei gjorde mot Borni hans, so maatte han hava tenkt ut ei reint serskilt skræmeleg Straff aat deim. Av ei Skalde-Ordvending er denne Draumen runnin fraa fysste Tid (smf. Opb. 19: 3, der Røyken av det øydelagde Rom stig upp „i alle Ævur“); men i

[1] All Synd som ikkje er tilgjevi fær i denne Elden si endelege Straff (soleis Syndi mot Anden, som etter Mt. 12: 32 „ikkje vert tilgjevi korkje i denne Heimsalderen eller den komande“).

Eimen av Blod og i Røyken av Baal hev han vaksi og etter kvart fengi Livskraft.

Ord som „æonisk Eld“ er komne inn alt i Nytestamente; og etter Opb. 14: 11 og 20: 10 skal Djevelen og Tenarane hans beintfram verte pinte „i alle Ævur“ (Skaldeorde fraa Grunnteksti: *eis aiōnas aiōnōn* læt seg vel elles best fornorske med: i Ævords Ævur).

Det græske *aiōn* (gamalt *aivōn* = lat. *ævum*) er vaart „Æve“ og tyder: Lìvetid, Alder, og so i det heile Æve; lang Tid[1]; i N. T. er Orde ofte bruka um Heimsalder. Av *aiōn* er laga *aiōnios:* æveleg, som varer ei Æve; Orde vert bruka um lang Tid utan faste Grensur; „fraa æoniske Tidir“ (Rom. 16: 25 o. fl. St.) er: fraa dei fysste Tidom; fraa Upphave; fraa Verdi vart til[2]. „I alle Ævur“

[1] I Mt. 21: 19 vert Orde jamvel brùka um eit Fiketré: „heretter skal det ikkje vekse Alde paa deg i all Æve“ (*eis ton aiona*) d. e.: i all di Tid.

[2] Kyrkjebibelen umsèt *aiōn* stundom med „Tid“, stundom med „Verdi“, stundom med „Æva“, som daa skal vera den tidlause Endeløysa me ikkje kann gjera oss Tanke um. *Aionios* vert umsett med „æveleg“ („evig“) jamt, endaa naar Grunnteksti ingin Tidtanke legg i Orde (som i Joh. 17: 3).

Men Kyrkjebibelen hev ymist rart — han lyt tenkje paa Kyrkjelæra fullt so mykje som paa Jesu Lære —, so at kor det kann vera med Grunnteksti eller ei: Umskrifti er ikkje „inspirera“.

skulde daa vera: i alle Tidir; gjenom alle Heimsaldrar. Men, som me hev set, kjem Gehenna-Straffi ikkje fyrr Heimsaldrane er til Endes, eller som det heiter i Opinberringi (10: 6): naar det ikkje lenger skal vera Tid. So lyt daa dei lærde ut med sine Ordleikar um endelaus Tidløyse eller den „endelause Augneblinken“ o. s. fr., som ingin skynar, ikkje dei sjølve heller.

Det som er visst er, at Jesus aldri talar um endelaus Straff; jamvel den største Syndaren skal koma ut fraa Straffestaden naar han hev „betala den siste Skjerven“. Den æoniske Elden i Mt. 25: 41 maa vera Gehenna-Elden; men „æveleg Pinsle“ veit Jesus inkje um. Orde *kolasis* som han brùkar i same Stykke V. 46, og som Kyrkjebibelen umsèt med „Pinsle“ („Pine“), tyder etter Ordbøkane Kvisting (aa kviste Hagetre) og sidan Refsing, Tukt, Age; men jamvel „æveleg Tukt“ vert utan Meining, naar det „ikkje er Tid lenger“ og det jordiske Tilvære hev naatt sitt Endemaal.

Det kann daa ikkje vera Læresveinen Mattæus som hev lagt dette Orde i Jesu Munn; det er den vaknande Kyrkja som hev teki til aa leike so smaatt med den „ævelege Elden“[1].

[1] Lutherkyrkja hev som me veit stroki baade Scheol og Gehenna og sett i Staden sitt eine store „ævelege Helvite“. Kven som skal svara paa Domedag for

Hjaa Jesus som hjaa dei skriftlærde er Gehenna den store Uppreinsking etter Tidi og Tidtilvære, Reingjeringi til Gudsrike, til den store Sabbaten. Læra um den endelause Helvit-Straffi er likso ukristeleg som ho er meiningslaus. Det vonde, som i sin Grunn er det sjølv-motsegjande, det at Menneskje gjer Uppreist mot si eigi inste Lov, det kann ikkje vera uforgjengelegt; det maa bøygje seg eller brotne. Og sèt me upp eit Helvite, der Guds Skapningar vert pinte Dag og Natt utan Ende, og utan Framgangs Tanke eller Von, berre til Auking av eit alltid meir djevelskt Hat til Gud og alt som godt er — og denne meiningslause Pinsla sìt Gud og ser paa og er sæl —, so syndar me verre enn me veit: me gjer Gud, Faderen, til Overdjevel.

all den Rædsla, Vonløysa, Vitløysa og alle dei Sjølvdraapi, som denne Villmannslæra hev vori Skuld i, det er ikkje godt aa vìta.

VII.

Farisæarar og Skriftlærde hev ikkje kunna finne falsk Lære hjaa Jesus. Det hev endaa vori Farisæarar som stod paa hans Side, etter som Lukas fortèl (13: 31; smf. Joh. 12: 42).

Jesus held seg gjenom heile si Arbeidstid strengt til Moses og Temple. Og med alt det han hev aa segja paa deim som „sìt paa Mose Stol“, so lærer han Sveinane sine, at dei skal gjera alt det som desse segjer dei skal gjera (Mt. 23: 2, 3).

Men at Israels Lærarar ikkje sjølv lìver etter Læra si ser han meir og meir, og harme og sorgfulle Ord um dette kjem fram alt tidleg i Sogune. Tyngre og tyngre fell hans Dom yvi desse Lærarane som „segjer det nok, men gjerer det ikkje“, desse blinde som er Vegvisarar aat blinde og daa maa falle i Grefti med deim; alt deira Liv er Lygn; i ytre Smaating er dei strenge, men dei spring yvi Retten og Kjærleiken til Gud (Lk. 11: 42); ved dette

villfører dei Folke med: gjeng ikkje sjølve inn i Rike og slepper ikkje andre til heller; og Jesu lyser deim med harmfulle Ord usæle.

„Dé Eiterormar og Ormeungar," ropar han, „korleis kann dé fly undan Gehennadomen?" Og med Sorg talar han til den store Kongs-staden: „Jerusalem, Jerusalem, du som slær Profetar ihel og steinar deim som er sende til deg! Kor ofte eg vilde samla Borni dine saman, liksom ei Høne samlar Kjuklingane sine under Vengine! Og de vilde ikkje. Sjaa, Huse dekons skal verte lati audt til dekon." Etter Lukas græt han yvi Byen, og spaar den Dagen, daa „dine Fiendar skal støyte deg ned til Grunnen og ikkje lata Stein paa Stein vera att i deg, av di du ikkje kjende di Gjestings Tid (Lk. 19: 41).

Med dess større Kjærleik samlar han sine ikring seg.

Det unge Mode som meinte, at „den som ikkje er mot oss er med oss" (Mk. 9: 40; Lk. 9: 50), hev vorti til den aalvorsame Manndomsrøynsla: „den som ikkje er med meg er imot meg" (Mt. 12: 30; Lk. 11: 23). Men dei faae han hev funni lærer han no upp, so dei kann skyna Lovine for Gudsrike. Sveinane er nok tungnæme. Det er Davidsrike dei ventar paa, etter den gamle Messias-Tanken; og at Timbermannssonen fraa Nasaret

med Guds Hjelp kunde setja seg paa Messiasstolen liksom Gjætaren fraa Betlehem hadde sett seg paa Kongsstolen, hev ikkje vori nokon urimeleg Tanke for deim. Dei skyna at Israel maatte umvende seg, fyrr Messiasrike kunde koma; men det Spursmaale som sidan vart so lagnadstungt for Judas Iskariot: um det ikkje vilde gange lettare med Umvendingi, naar Folke fekk sjaa Messias i sin Herredom, — det hev lìvt hjaa deim all Tid. Jesus trøytnar stundom. „Skynar dé ikkje enno?“ spỳrr han. „Hev dé enno dekons harde Hjarto; hev dé Augo og ser ikkje? og hev dé Øyro og høyrer ikkje?“ (Mt. 15: 16; Mk. 8: 17). Men dei trudde paa Meistaren, um dei ikkje skyna 'n so heilt. Og han kjende at han hadde deim med seg; med varme Ord priser han deim sæle (Mt. 13: 16).

Folke vil nok helst „sjaa Teikn“. „Dei er uppgjæve og yvigjevne liksom Sauir som ikkje hev Hyrding.“ Men det er med Folke som med Born; uheft av Læresetningar og Sjølvklokskap høyrer det paa Sanningi; og mange trur. „Eg lovar deg, Fader, at du løynde dette for dei vise og vituge,“ segjer han um Gledebòde sitt, „og opinberra det for dei umyndige.“ Mot dei Byane der han hev arbeidt mest segjer han strenge Ord (Mt. 11: 20 flg.); dess meir priser han deim som tok imot Fagnadbòde.

Dei førande i Folke vender seg meir og meir burt. Ein skynar ikkje dette med same. Jesus er daa rett-truande Israelit. Men dei hev kjent det paa seg, desse Israels-Førarar, at han var av ein annan Ande enn dei. Og det gjekk med Jesus som det plar gange med Profetar: han vart ulagleg for dei magthavande og laut or Vegen.

Det han sagde til Farisæarar og skriftlærde um Live deira maatte eitt av tvo: vekkje deim eller eggje deim. Det vakte deim ikkje. Dess meir hev det daa eggja og arga deim. Vise det heilt fraa seg hev dei ikkje kunna; dertil visste Folke for mykje um kor sant det var; men dei hev sagt kvarandre, at denne Nasaræaren, han kjende ikkje til det han tala um. Han mistydde alt: hefte seg for mykje ved einskilde Tilfelle og mindre Ting og saag for lite paa det heile og store. Med si rette Tru — um elles Trui hans var so rett som ho gav seg ut fyri — vart han daa berre dess meir faarleg for Folke.

Dei fleste av deim hev paa sin Maate meint det godt. Naar dei heldt so strengt paa Formir og Framgangsmaatar, so hev det vori i den Trui, at gjenom desse Formine og Framgangsmaatane verka Anden. Og naar denne Galilæa-Profeten ikkje gjekk i Skule hjaa deim, men dømde deim for Lyte som han

kunde finne hjaa sùme av deim, dømde deim alle for desse Lyti, og freista med harde og eggjande Ord aa vende Folke ifraa deim, so hadde han ikkje den rette Vyrdnad for Guds Tilskiping; det torde dei trygt segja.

Og so vilde han vera Messias; han kalla seg Menneskjesonen. Men det maatte daa alle vita, at Messias kunde ikkje koma fraa Galilæa? Ein litin Folkeprofet fraa noko so ukjent som Nasaret, ein Handverkarson, som ikkje hadde gjengi i Skule hjaa nokon skriftlærd, og som fór og flakka upp i ein Utkant av Lande og preika for Fiskarar og Bøndar, — det var daa ikkje noko sovori Profetane hadde tenkt paa, daa dei spaadde um Frelsaren for Israel. I Jerusalem, Guds og Davids Stad, laut Messias stige fram og samle sitt Folk; det var daa noko som alle visste. Naar denne Nasaræaren ikkje søkte til Jerusalem, so laut det hava sine serskilde Grunnar; i Løynd gjekk han vel med Draumar som ikkje tolde Ljose; han var i det heile ikkje aa tru. Kven kunde vita kva han gjekk der uppe og brygde paa? Naar alt kom ihop var han ein Forførar, ein faarleg Mann. Under hans fagre Ord um Moses og Profetane løynde det seg Hat til Lovi og Temple. Aa setja „Moses og Profetane“ upp mot Fyrisetningane fraa dei gamle var klokt; Folk lét seg lett daare med

slikt; men Tillit til Mannen gav det ikkje. Faarleg var det han var; han dømde dei øvste i Folke og daara dei andre med uklaare Messiasdraumar som dei romværske Herrane snart kunde faa Tak i; faarleg, speleg var denne Mannen, speleg for Lande og Guds Folk; Galilæafiskarar og andre Faavitingar kunde segja kva dei vilde.

— Og Farisæarar og skriftlærde og alt som høyrer det rette Israel til, dei legg seg saman mot Nasaretprofeten. Meir og meir arbeider dei imot han, di meir dei skynar at Folke tek til aa tru paa han. Fysst freistar dei aa vekkje Mistankar: han er i Pakt med Beel Sebub; han er forgjord. Daa dei ser, at dei paa den Maaten ingin Veg kjem, gjeng dei lenger. Dei „gjæter paa honom“. Dei „sender ut Lurarar som skal fange honom i Ord“, freistar aa lure ’n med vrange Spursmaal, Spursmaal um Lækjing paa Kviledagen, um Handtvaatt fyri Maten, um Gifting og Skilsmaal, um Skatt til Keisaren o. a. Men endaa kjem dei ingin Veg. Jesus skynar kva dei vil; og han greider alle deira kloke Spursmaal.

So vert dei rædde. Og dei held Samraad um korleis dei utan Uppstyr skal faa Live av denne Mannen; det var etter Maaten paa den Tid. Og sistpaa lagar det seg so, at dei fær fram sin Vilje.

Sveinane hev ikkje skyna dette. At Messias kunde verte tekin, og forhøyrd og pint og dømt og avretta som ein Bròtsmann, og det som ein Bròtsmann av verste Slag, det hev vori for deim som Verdi endevend. Av Sogom kann me lite sjaa; daa dei vart skrivne var Spursmaali greidde paa ei Vis, eller burttolka. Men det me skynar er, at Dagane fraa fysste „Langfredagen" til den fysste „Paaskedagen", det hev vori ei faarefull Tid for Jesu Sveinar.

*

Um Lidingi fortèl alle Sogune. Og so lengi etter Hendingi som dei er skrìvne fortèl dei endaa so vidt likt, at ein skynar kor djupt desse Minni maa hava brent seg inn hjaa Sveinar og Fylgjarar.

I det som gjeng fyri og kjem etter Lidingi er dei mindre greide. Um den siste Kveldverden er det fortalt paa tvo Maatar som ikkje høver ihop.

Dei tri fysste fortèl um eit Paaskemaal — Markus (14: 12) og Lukas (22: 8) segjer beint ut „Paaskelambe" — som Jesus og Sveinane skal ha eti „den fysste Dagen i dei usyrde Brøds Helg" (Mt. 26: 17 o. Tilvisn.); daa skal og „Nattverd-Sakramente" vera skipa.

Paaskelambe vart i Israel eti um „Tilrei-

dingsdags“ Kvelden (Mt. 27: 62; Mk. 15: 42; Lk. 23: 54; Joh. 19: 42), Fredagen etter vaart Daga-Tal. Men den Fredags Kvelden daa Jødane det Aare aat Paaskelambe sitt, laag Jesus i Gravi (Mt. 27: 60, 62; Mk. 15: 42; Lk. 23: 53, 54; Joh. 19: 31—42).

Nattverden er fraa sein Tid; og det hev ikkje vori lett aa faa den innlempa i Jesus-Sogom. Skal ein faa Samanheng no, maa ein hjaa dei tvo fysste taka ut Ordi „dette er min Lìkam“ (Mt. 26: 26; Mk. 14: 22) og „dette er mitt Blod, Blode til den nye Pakt som vert utrend for mange (til Forlating for Syndine)“ (V. 28; V. 24); som det no stend kjem V. 29 hjaa Mattæus og V. 25 hjaa Markus reint villt attpaahengt. Hjaa Lukas (22: 14 flg.) hev det gjengi verre og ikkje betre. Fysst talar Jesus um Paaskelambe; han hev hjarteleg lengta etter aa eta Paaskelambe med Sveinane fyrr han lid; so er ikkje Paaskelambe nemnt meir. Jesus tek Staupe og segjer: „tak dette og skift det millom dekon; for eg segjer dekon, at eg aldri meir skal drikke af Frukti paa Vintrêe, fyrr enn Guds Rike kjem“; so fær me Nattverd-Innstiftingi med Kalken ein Gong til (V. 20), og so reint samanhengslaust V. 21 med Orde um Forraadaren. Sveinane tek alt merkeleg rolegt, er liksom ikkje med: „dei tok til aa samtala seg imillom um kven av deim det

daa kunde vera som skulde gjera dette“ (ↄ: svike Jesus); og so „vart det Strid um, kven av deim som skulde vera den største“, eit Spursmaal som dei andre Sogune hev uppe paa ein laglegare Stad, og som hev vori uppe ein Gong fyrr i sjølve Lukasboki (9: 46—48).

„Nattverd“-Ordi maa vera innkomne fraa 1 Kor. 11: 17 flg. Paulus vil der (V. 23) hava havt ei serskild Opinberring um det som gjekk for seg Kvelden fyrr Jesus vart svìkin; det er den apostoliske Brodermaaltidi (Agapen) han vil skal vera skìpa daa; sjaa serleg V. 21—22 og 33—34. Sidan hev Ordi i V. 23—25, trass alt Samanheng, og trass i at „Kristi Lìkam“ elles hjaa Paulus er Kyrkjelyden (sjaa t. D. 1 Kor. 12: 27 o. Tilvisn.), vorti gjorde til „Innstiftingsord“ for det Nattverd-Sakramente, som er so heilt framandt for Jesu Lære og Tenkjemaate, og som kom upp i den heidning-kristne Kyrkja ut-imot Enden av det 2dre Aarhundrade[1].

Ein fær daa halde seg til Johannesboki her (13: 1 flg.). Der er Tidi Torsdags Kvelden, som rett maa vera; og det Fyridøme paa Broderkjærleik Jesus i denne Sogo gjev, høver so godt inn i Jesu Forkynning (smf. Mt. 20:

[1] Axel Andersen: „Nadveren i de Par første Aarhundreder efter Kristus“, Kr.ia 1898 (i 1905 utkomi paa tyskt med Tillegg).

25—27; Lk. 22: 25—26), at ho visst maa vera etter Apostelen. —

— Um Svikaren fortèl alle. Lukas (22: 3) og Johannes (13: 2) gjev Satan Skuldi for Svikarverke; etter Mattæus (26: 15) synest det vera Pengehugen som forfører Judas (dei 30 Sylvpengane er elles fraa Sak. 11: 12; fraa same Staden V. 13 er Krusmakar-Aakeren). Men sidan (27: 3—5) fortèl Mattæus noko anna: daa Judas ser at Jesus er komin for Retten, kastar han Pengane i Tempelkista og tek Live sitt[1]; det er daa ikkje Pengane han hev brytt seg um.

I alle Sogune spaar Jesus um Svikarverke, um han elles aldri hev havt noko paa Judas aa segja. Og etter Apg. 1: 16 (smf. Joh. 13: 18) maatte Judas gjera det han gjorde, so eit Skriftord kunde verte uppfyllt (Salm. 41: 10[2]). Kyssen i Mt. 26: 49 og Mk. 14: 45 kann vera laant fraa 2 Sam. 20: 9 (smf Lk. 22: 47); Johannesboki veit inkje um 'n (18:

[1] Smf. Apg. 1: 18, der dette siste er fortalt paa ein styggare Maate. Det hev i det heile vaksi Hat til Judas; i Johannesboki (12: 4—6) fær han aaleine Skuldi for noko som Sveinane etter Mattæus (26: 8) og Markus (14: 4) var saman um; han vert jamvel kalla Tjuv.

[2] „Vénen min som eg fortrudde meg til, han som aat mitt Brød, trampa meg under Føtar", stend det paa den Staden. Men alt i V. 11 viser det seg, at det ikkje kann vera Jesus som her er tenkt talande.

2—5); Sogo er i det heile uklaar. Sjølvdraape er det berre Mattæus som veit um.

Hev Judas med „Svikarverke“ tenkt aa gjevą Jesus Tilføre til aa vise Folke si Messiasmagt? — so det kunde verte trygt i si Tru, og dermed i Aalvor samle seg um Jesus og gjera han til Israelskonge? Og daa Judas saag seg svìkin i denne Voni, gav han upp alt? — Dette vil vera den einaste Tydingi som kann gjeva Sogo um Judas Meining.

— Sogo fraa Getsemane fortèl dei tri fysste noko-so nær likt. Jesus er sorgtyngd reint til Dauden og bed Faderen „taka denne Skaali fraa honom“; han trur at dette kann vera mògelegt (Mt. 26: 39; Mk. 14: 36; Lk. 22: 42); veit inkje um, at det er Verdi han no skal frelse. Hjaa Lukas syner det seg ein Engel fraa Himilen og trøyster Jesus; men ikkje Engelen heller veit noko um Heimsfrelsa. Det er Lukas, Paulussveinen, som gjer mest ut-av Lidingi i Getsemane; han læt jamvel Jesus „dragast med Daudekvida“ her, „og Sveiten hans vart som Blodsdròpar som draup paa Jordi“. Men Sveinane sovnar, tri Gongir, eller hjaa Lukas ein Gong, „av Sorg“; Svevn i ei slik Stund ventar ein ikkje; og „Svevn av Sorg“ er ein ukjend Tanke for oss. Johannesboki (18: 1 flg.) kjenner inkje til denne Lidingssogo fraa Getsemane; Jesus hev „full-

ført si Gjerning“ fyri Lidingi (17: 4), og vil no gjerne drikke den Skaali som Faderen hev gjevi honom (18: 11).

Jesus vert fanga; Sveinane rømer. Berre Peter snur att og fylgjer med „langt attanfyri“; i Johannesboki er og „den andre Læresveinen“ med. Denne siste, ein Galilæa-Fiskar liksom Peter, hev her jamvel vorti „kjend med Øvstepresten“, so han fylgjer med Jesus inn i Garden hans, ja fær Peter med der inn (18: 15, 16; hjaa dei andre sìt Peter ute i Garden); Soguskrivaren hev ikkje tenkt paa, at um Læresveinen Johannes hadde vori kjent med Øvstepresten den Natti, og hadde fylgt so langt, — so hadde han visst fengi fylgt eit Stykke lenger.

Sogo um Peter og Neitingi er fortald hjaa alle. Hanen gjèl tvo Gongir hjaa Markus; Peter „svèr og forbannar seg“ hjaa dei tvo fysste; Johannesboki hev inkje um Galilæa og Galilæamaale, og inkje um Graaten etterpaa; elles er Sogo likt fortald.

Men ho vert aldri nemnd sidan. I Apostelgjerningar er Peter den sjølvsagde Formannen millom Apostlane; det er han som fører Orde paa Kvitsundagen, og elles jamt; og det finst ikkje nokon Stad so mykje som ei Innpaatyding um at det hev vori noko i Vegen med honom. Han synest ikkje hava noko paa Samvite sjølv heller; korkje i Apostelgjerningar eller i Peter-

brevi segjer han eit Ord som peikar paa den Leid. Ikkje Paulus heller nemner Neitingi; og han var daa ikkje kritiklaus mot dei „ovstore Apostlane“, og minst mot „Kefas“ (smf. Gal. 2: 11—14). Det vilde og i seg sjølv vera forunderlegt um „Petrus“, „Berge“, kunde ha lati slikt koma yvi seg, og det berre eit Par Timar etter at Jesus so serskilt tydeleg hadde vara honom aat. Men at Sankt Peter hev teki til aa lìva i Folkesegni alt fyrr dei nytestamentlege Tekstane var fastslegne, det kann me sjaa av andre Ting med, soleis av Underverk-Sogune i Apostelgjerningar. Og at han, som var den fysste, hadde falli so djupt, og det i den Stundi daa det galdt mest, den Tanken hev Kyrkjefolke lika; Neitingi er etter Apostel-tidi komi inn i alle Sogune.

*

Rettsbøkar vart ikkje førde i den Tid. Og ingin av Sveinane fylgde Jesus paa hans siste Gang; um Peter hev vori so langt som inn i Garden hjaa Øvstepresten, so synest han ikkje ha vori der lengi. Det er vel einkvar av dei mindre kjende Jesus-Venine, ein Josef fraa Arimatæa, eller ein Nikodemus, som hev fylgt han paa Lidingsdagen so godt som det lét seg gjera; og av det som denne sidan hev fortalt maa daa Lidingssogo ha bygt seg. Hjaa Mar-

kus (14: 53 — 15: 37) finn me ho stuttast og greidast; hev dei andre noko meir stundom, so høver Vitnemaali deira ikkje ihop.

Etter Johannesboki (18: 19 flg.) vert Jesus hjaa Øvstepresten spurd um sine Læresveinar og si Lære. Jesus viser til deim som hev høyrt hans Forkynning; at han hev lært Sveinane aa halde og gjera alt det som dei skriftlærde og Farisæarane segjer dei skal halde (Mt. 23: 2, 3) vert ingin Stad nemnt. Det einaste som kjem greidt fram er det som Jesus sjølv (hjaa dei tri fysste) vitnar: at han heid seg for Messias[1]. Øvstepresten riv sine Klæde sund og talar um Gudsspott; ein Galilæar som gav seg ut for Guds utvalde, han maatte vera Spottar, hev dei i Jerusalem meint. Men denne Spottingi vil Raadsherrar og Farisæarar gjera seg Nytte av. Jesus vert førd til den romværske Landshovdingen; sjølve hadde Jødane i den Tid „ikkje Lov til aa avlive nokon“ (Joh. 18: 31).

Etter Lukas inneheldt Klaga mot Jesus tvo Lygnir og ei Halvsanning: „denne forvender Folke og forbyd aa gjeva Keisaren Skatt, og

[1] Etter Johannesboki kjem ikkje Messias-Spursmaale fram fyrr hjaa Pilatus; Spotteorde „Jøde-Kongen“ er uppe der, og Jesus kallar seg Konge, men ein „Konge som vitnar for Sanningi“ (Profet hadde vori det rette israelitiske Orde her).

segjer han er Messias, ein Konge[1]." Dei var keisarvenlege i Dag; heller ein Keisar fraa Rom enn ein Konge fraa Nasaret! Pilatus skynar, at Saki heng ihop med serjødiske Tvistemaal og vil nauveleg hava noko med ho; helst hadde han vel vist ho fraa seg, som Ettermannen hans gjorde i eit anna sovori Tilfelle (Apg. 25: 9—21; 26: 30—32). Men berre reint Mjøl hev vel Pilatus ikkje havt i sin eigin Sekk (smf. Lk. 13: 1), og eit Klagemaal til Keisaren i ei Sak som vedkom ein „Israels-Konge" kunde daa vera spelegt; nokon sterk Mann hev Pilatus ikkje vori. Han freistar aa blidke dei upp-arga Jødane, og forhøyrer Jesus. Men Jesus „svarar honom ikkje eit einaste Ord", liksom han tegjer til sjølve Klagemaali (Mt. 27: 12, 14; Tanken er vel fraa Es. 53: 7). Pilatus kjem ingin Veg; og snart vaknar Rope paa Krossfesting. Kvar den Tanken er komin ifraa vert ingin Stad nemnt. Det skulde ikkje vera nokon levitisk Tanke; Krossfestingi var ein Villmanns-skikk innkomin fraa Afrika, Pining og Avliving i eitt, noko med det fælaste som Menneskjedyre nokon Gong hev funni paa. Men det som er visst er, at Prestane hev funni seg i Krossfestingsrope.

[1] Det um Skatten kann ein ingin Stad sjaa hev vori framme hjaa Øvstepresten; det er vel noko dei hev tenkt ut paa Vegen til Domhuse. (Samfør elles Sogo um Skattepeningen Mt. 22: 15.)

Pilatus var Romar. Med all den Villmannskap som jamvel Kulturmennar kann koma innpaa, naar dei er Eineherrar millom verjelause Framande — Europa hev sine Røynslur um slikt fraa Afrika o. a. St. jamvel i vaar kristne Tid —, hev han havt lite Hug til aa vera med desse Judæa-Barbarane paa eit tydelegt Rettsmord. Han strider imot i det lengste; freistar med Skjemt og Spotte-Ord, og daa det ikkje nyttar, med verre Ting: piner Fangen, læt 'n hudflengje, klungerkrune o. m. (Johannesboki hev mest um dette, og Segnine hev vel vaksi etterkvart); ved aa pine ein Fange so lengi og so hardt at Medkjensla hjaa Folke kom upp kunde ein Domar stundom berge Live hans; men det er alt faafengt. Pilatus hev denne Gongen med Folk aa gjera som strider for Guds Sak; Krossfestingsrope veks; etter Johannesboki vert Pilatus beint ut truga med Keisaren; Enden er at han „yvigjev Jesus til aa verte krossfest“.

Paa Golgata vert Krossen reist, med Klagemaale øvst: „Jødekongen.“ Hjaa Johannes er det Pilatus sjølv som slær Innskrifti upp; men Pilatus hev visst ikkje vori med og set paa denne Ugjerningi som han paa ein so stakkarsleg Maate hadde lati seg tvinge til aa gjera seg medskyldig i.

Jesus vert krossfest „midt imillom tvo andre“; desse tvo er hjaa Lukas „Illgjerningsmennar“,

hjaa dei tvo fysste „Røvarar"; Markus nemner det Profetorde som vel i det heile hev skapt deim. I utruleg Villskap gjeng Prestar, Eldste, Skriftlærde og anna godt Folk ikring og spottar den rettlaust dømde som heng der og døyr. Jamvel Røvarane spottar. Det er vel eit fullgodt Vitnemaal um at dei er Segn; den spotta visst ikkje lenger som paa Krossen var komin.

Etter dei tvo fysste er der ikkje andre av Jesu Kjenningar med paa Golgata enn nokre Kvende som hadde fylgt han fraa Galilæa; desse stend „langt ifraa og ser paa". Lukas nemner dertil „Kjenningane hans", men ingin av Sveinane. Johannesboki læt den Sveinen „som Jesus elska" stande saman med Maria fraa Nasaret ved sjølve Krossen, so Jesus kunde tala til deim; dette veit ingin av dei andre um; Jesu Mor vert ikkje nemnd sidan i Johannesboki heller.

Etter alle Sogune hev Jesus tala paa Krossen. Hjaa dei tvo fysste talar han ein Gong; med eit Ord fraa den 22de Davidssalmen segjer han: „min Gud, min Gud, kvi hev du forlati meg?" Hadde Mattæus og Markus meint at Jesus sjølv var Gud, hadde dei vel ikkje valt nettupp det Orde. Hjaa Lukas talar Jesus tri Gongir. Fysst bed han for Fiendane sine (smf. Es. 53: 12); so talar han til den Røvaren som (hjaa Lukas) ikkje spottar (etter dette Orde

skal Jesus „idag vera i Paradis"); sistpaa segjer han: „Fader, i dine Hender yvigjev eg min Ande" (smf. Salm. 31 : 6); han hev ingin Draum um, at han enno i 40 Dagar skal vera paa Jordi (Apg. 1: 3). Johannesboki hev fire Ord. Dei tvo fysste gjeld Læresveinen Johannes (som denne Sogo held serleg fram, til eit Vitnemaal um at han ikkje sjølv kann vera Upphave til ho som ho no er); tridje Orde, „eg er tyrst", er vel innkomi etter Salm 69: 22 (smf. Mt. 27: 48); sistpaa segjer Jesus: „det er fullenda"; han synest ikkje hugse Faderen i si siste Stund. Av alle dei 7 eller 8 „Ordi paa Krossen" er der berre eitt som finst i so mykje som tvo av Sogune (Mt. 27: 46 og Mk. 15: 34).

Ingin Stad i den fire Gongir fortalde Lidingssogo finst der noko um at Jesus døyr „for oss", eller „til Soning for Syndi". Han gjeng burt „etter det Orde som er skrivi um honom" (Mt. 26: 24; Mk. 14: 21); etter det som er fyriskipa" Lk. 22: 22; smf. Apg. 2: 23 (det er vel Es. 53: 8 som er tenkt paa hjaa dei tri fysste); av di han „hev fullført den Gjerningi som Faderen hev gjevi honom aa gjera" (Joh. 17: 4); meir hev ikkje Jesus-Sogune aa segja i Saki. Jesu eigi Meining um Krossfestingi ser me av det han sagde til Draapsmennane sine (Lk. 22: 53): „dette er dekons Time og den Magti som Myrkre eig." —

— Midt under Rettsmorde paa Langfredag held Jødane seg strengt til Lovi. Dei gjeng ikkje inn i Domhuse, „so dei ikkje skulde verte ureine til Paaskemaaltidi“ (Joh. 18: 28); og daa det lid mod Paaskemaals Bìl, vil dei (etter Johannesboki) hava Beini brotne paa dei krossfeste, so Kroppane ikkje skal verte hangande Helgi yvi; „for denne Kviledagen var stor“. Men Jesus er alt daud; og hans Bein vert ikkje brotne, — „so Skrifti skulde verte uppfyllt: der skal ikkje verte bròti Bein paa honom[1]“. Denne Beinbrjotingi kjenner ingin av dei andre til.

Josef fraa Arimatæa vert fysste og siste Gongen nemnd i Sogo um Jesu Gravleggjing. Han er „ein god og rettferdig Mann“ (Lk. 23: 50), som „ventar paa Gudsrike“ (Mk. 15: 43); etter Mattæus (27: 57) og Johannes er han jamvel Læresvein, men „løynleg av Otte for Jødane“ (Joh. 19: 38). Han (og etter Joh. 19: 39 Nikodemus) fær Like nedteki og gravlagt. Det vert lagt i ei ny Grav (Mt.; Lk.; Joh.) som var uthoggi i Berge (Mt.; Mk.; Lk.) i ein Hage nære ved (Joh.); for det var Tilreidingsdagen mod Kvelden. At Gravi høyrde Josef sjølv til er Mattæus aaleine um.

[1] Det einaste Skrift-Orde Kyrkjebibelen her veit aa vise til er 2 Mos. 12: 46, som forbyd Israelsborni aa brjote Bein paa Paaskelambe.

Han er og aaleine um det at Øvsteprestar og Farisæingar fekk sett Vakt ved Gravi, so Sveinane ikkje skulde „stela honom burt og segja han var uppstadin“; like eins er han aaleine um at Øvsteprestar og Eldste etter Uppstòdo freista aa faa sett ut eit Ord um at Sveinane likevel hadde stoli Like. Men so tidleg hev ingin tenkt paa Uppstòdo; det ser me av det som vert fortalt um Maria Magdalena og Sveinane (Mt. 28: 1; Mk. 16: 1—3, 11; Lk. 24: 1—4, 11; Jòh. 20: 1 flg.) Sundagsmorgonen etter. Men at Mistankar er komne upp mot Sveinane sidan, daa Uppstòdo vart forkynt og trudd, det er ikkje urimelegt; og det Orde som etter Mattæus (28: 15) kom ut millom Jødane um dette hev daa etterkvart skapt dei Sogune me no les i Mt. 27: 62—66 og 28: 12—15. —

— Men Jesus fraa Nasaret var vortin Frelsar for Folke sitt trass i alt: ved honom hev Israel fengi ævelegt Liv i Heimssogo.

VIII.

Maria Magdalena, og etter dei tri fyysste eit eller fleire andre av dei Kvendi som hadde fylgt Jesus fraa Galilæa, kjem tidleg Fysstedags (Sundags) Morgonen og vil „sjaa til Gravi“ (Mt. 28: 1); vil „salve honom“ (Mk. 16: 1), eller „kjem med angande Urtir“ (Lk. 24: 1); dei veit inkje um at Jesus skal stande upp. I det heile veit ingin um dette; og endaa skal Jesus etter dei tri fyysste fleire Gongir ha spaatt um det (Mt. 16: 21; 17: 22; 20: 19; Mk. 9: 9; 8: 31; 10: 34; Lk. 9: 22, 44; 18: 31—33[1]).

Um det som gjekk for seg Sundags Morgonen er Sogone ikkje samsvarande.

Etter Mattæus var det ein „stor Jordskjelv“. Og „Herrens Engel“ steig ned og velte Steinen fraa Gravi og sette seg paa 'n; og til Kvendi (tvo i Tale) segjer denne Engelen um Jesus:

[1] Johannesboki hev berre ein Spaadom um Uppstòdo (2: 19), og den er uklaar som Spaadomar skal vera, so den kunde Sveinane ha høyrt og ikkje skyna.

han er uppstadin; han gjeng fyri dekon til Galilæa. Kvendi gjeng, ottefulle og glade; møter so Jesus, som tek upp att det Engelen hev sagt; nokon Stad i Galilæa der dei skal finne 'n nemner ikkje han heller. Dei elleve gjeng til Galilæa, „til det Berge som Jesus hadde fyrisagt deim“[1]; „og daa dei saag honom, tilbad dei honom; men sùme tvìla“ (28: 17). Jesus gjev deim Fyrisegnir um Daapen i Ord som er fraa sein Tid[2]; dermed ender Mattæusboki.

Hjaa Markus (16: 1 flg.) er Steinen burtvelt, daa Kvendi (tri i Tale) kjem; det er ikkje nemnt nokon Jordskjelv. Inne i Gravi ser Kvendi „ein ung Mann i kvit Klædnad“; han segjer det Engelen sagde hjaa Mattæus (og nemner dertil Peter; Markus var Peter-Svein). Kvendi flyr i Otte fraa Gravi og „sagde ingin noko; for dei var rædde“ (V. 8). Ei ny Sogu tek til V. 9: Jesus viser seg for Maria Magdalena aaleine, men segjer ikkje noko; ho kunngjer (trass V. 8) Syni for Sveinane; desse „trur det ikkje“; det som Jesus skal ha sagt deim um Galilæa-Møte veit dei inkje um. Endaa ei ny Sogu, V. 12—13, fortèl, at tvo Sveinar hev

[1] Bibelutgjevarane viser til Mt. 26: 32; men der er inkje Berg nemnt.

[2] Apostelgjerningar kjenner til ein Daap i Jesu Namn; men Mt. 28: 19 talar um ein Daap i Namne til Faderen, Sonen og den heilage Ande.

set den uppstadne („i ein annan Skapnad") paa ein Veg; ikkje desse heller vert trudde. So kjem i V. 14 den fysste Sogo um at alle 11 fær sjaa Jesus; sidan er ikkje Galilæamøte nemnt. Jesus „lasta deim for deira Vantru og harde Hjarto, at dei ikkje hadde trutt deim som hadde set honom uppstadin"; so sender han deim ut „i all Verdi" til aa „forkynne Evangelie for all Skapningen", og segjer Ord fraa ei seinare Tid um Tru, Daap, Fordøming. Fleire og fleire Sogur, fraa seinare og seinare Tid, er her sette laust innaat kvarandre etterkvart som dei hev vorti aalment trudde.

Hjaa Lukas (24: 1 flg.), der fleire Kvende er med ved Gravi (V. 10), er like eins Steinen burtvelt. Tvo „Mennar i skinande Klæde" segjer fraa um Uppstòdo; Jesus viser seg ikkje. Noko Møte i Galilæa vert ikkje nemnt; Jesus skal i Galilæa berre ha spaatt um Uppstòdo. Og Kvendi „kom Ordi hans i Hug". Men Sveinane kjem ikkje i Hug desse merkelege Ordi. Og dei trur ikkje det Kvendi fortèl. Det um Uppstòdo „tykkest deim vera laus Tale"; ikkje hjaa Lukas heller hev Sveinane høyrt Jesus spaa um Uppstòdo si. Men Peter „stod upp og sprang til Gravi"; der ser han Linklædi. Desse vert nemnde her, til Trygd, vel, mot den Tanken som etterkvart vil vera komin upp (og som vel hev fengi inn det vesle Orde „si"

i Mt. 27: 60): at Josef fraa Arimatæa hev flutt Like[1].

Meir enn Lik-Klædi ser Peter ikkje; og han „gjekk heim atter og undra seg yvi det som hadde hendt". Sogo fraa Markusboki um dei tvo Sveinane paa Vegen kjem her att noko meir utførd (Emmaus-Møte); her syner Jesus seg fysste Gongen hjaa Lukas (som ikkje læt Maria Magdalena hava noko Syn ved Gravi). Daa dei tvo Sveinane kjem og fortèl um Møte sitt med „Herren" til dei elleve, er desse og komne til Trui; korleis dette hev gjengi til er ikkje fortalt. Men dei vitnar med heil Hug: „Herren er visseleg uppstadin, og er sedd av Simon." Dette at Peter skal ha set den uppstadne er hjaa Lukas ikkje fortalt; det maa daa seinare vera innført fraa 1 Kor. 15: 5, der Paulus hev „mot-teki" det. Sogo fraa Emmaus vert med ein Gong trudd hjaa Lukas (smf. Mk. 16: 13). Og trast etter „stod Jesus sjølv midt imillom deim"; og daa dei „endaa ikkje trudde for Glede" (V. 41; „dei trudde dei saag ein

[1] Josef var fraa „den jødiske By Arimatæa" (Lk. 23: 51) og ikkje fraa Jerusalem; i alle Tilfelle var han ein velvyrd Mann (etter Mk. og Lk. jamvel „Raadsherre" eller „Raadsmann") og hev ikkje havt Gravir for seg og sine paa ein Rettarstad. Men Fredags Kveldingi hev det ikkje vori Tid til aa føre Like til den rette Gravstaden; han hev lagt det inn i ei Grav han hev funni tom, og ført det burt straks den strengaste Helgi var til Endes.

Ande“, V. 37), so ét han „eit Stykke steikt Fisk og ei Honningkake for Augo paa deim“. Syne legg i stutte Ord fram Pauluslæra um Lidingi og Uppstòdo og Forlating for Syndine „i hans Namn“ — det stend „hans“ og ikkje „mitt“ —; og byd deim vera stille i Jerusalem til dess dei „vert iklædde Kraft fraa det høge“.

Sogune um Uppstòdo hev vaksi etterkvart; Johannesboki hev dei fleste. Og det endaa Jesus hjaa Johannes (13: 31 — 16: 33) tok so serskilt vel Avskìl med Sveinane fyri Lidingi, og ikkje nemnde eit Ord um aa stande upp.

I Johannesboki kjem Maria Magdalena til Gravi „medan det endaa var myrkt“; ho er her aaleine. Korkje Englar eller kvitklædde Mennar vert nemnde; men Steinen er „tekin burt ifraa Gravi“. Det Jesus skal ha spaatt um Uppstòdo hev Maria ikkje meir Fyrisvìv um her enn hjaa dei andre; ho spring til Peter (og til „den Læresveinen som Jesus elska“) og segjer at „dei hev teki Herren burt fraa Gravi, og me (?) veit ikkje kvar dei hev lagt honom“. Dei tvo Sveinane gjeng daa til Gravi; „den andre“ kjem fysst, og ser fysst Linklædi; Jesus viser seg ikkje. Peter gjeng inn i Gravi (her fær han vera fysst); i Gravi ser han Linklædi, som det her vert lagt serskilt vel Merke til; Soguskrivaren (eller -Rettaren) fortèl endaa at Sveiteduken „laag burtsveipt ein Stad for seg

sjølv“; han hev ikkje komi til aa tenkje paa kor rart det maatte sjaa ut, at den uppstadne skulde ha gjort seg so mykje fyri med Lik-Klædi. „Den andre“ kjem sist inn i Gravi; men han er den fysste som „saag og trudde“ (kva han saag og kva han trudde er ikkje nemnt); „for“, legg Forteljaren til med sin serskilde Provføringskunst, “dei skyna endaa ikkje Skrifti, at han skulde stande upp fraa dei daude“. Berre Skrifti vert her nemnt, og ikkje det som Jesus skal ha „sagt i Galilæa“; nokor Tilvisning til det gamle Testamente um Uppstòdo hev Kyrkjebibelen ikkje.

Læresveinane gjeng. Men Maria Magdalena glytter inn i Gravi og ser der „tvo Englar i kvite Klæde“, som maa vera komne nett som Sveinane gjekk ut or Gravi. Desse Englane hev elles ikkje stort aa gjera. Dei spỳrr kvi ho græt; daa ho hev svara paa det, snur ho seg og ser ein som ho tek for Hagemeistaren; og Englane vert ikkje nemnde meir. Den miskjende Hagemeistaren segjer upp att det som Englane hev sagt og legg til: kven leitar du etter? Ho svarar paa det; han segjer „Maria“; daa „vende ho seg og sagde til honom: Rabbuni! det er utlagt Meistar.“ Meistaren forbyd henne aa røre ved seg (motsett Lk. 24: 39 og Joh. 20: 27), og gjev for dette ein merkeleg Grunn: „eg er enno ikkje farin upp til Fader

min.“ Men ho skal segja „Brørane hans“, at han „fèr upp til min Fader og dekons Fader, min Gud og dekons Gud.“

Maria fortèl Sveinane at ho hev „set Herren“. Um dei trudde vert ikkje serskilt sagt; men for Peter og Johannes vil det ha vori rart aa høyre det ho fortalde. Sidan, og det tvo Gongir, viser Jesus seg for Sveinane daa dei sìt inne um Kvelden for stengde Dørir; fyrste Gongen „andar han paa deim“ og segjer: „tak imot den heilage Ande“ (Forteljaren hev ikkje visst um Kvitsunhelgi); Sveinane fær og her den Magti til aa forlata Syndir som dei etter Mattæus hev fengi fyrr (Mt. 16: 19; 18: 18), men som ikkje er nemd hjaa Markus og Lukas. Ved det andre Møte fær Tomas Tvilling serskilt sjaa og kjenne Saari i Hendane og i Sida; i si store Forundring ropar han: „min Herre og min Gud;“ dette Rope klingar so lite israelitiskt, at det — saman med heile Sogo — vert eit Vitnemaal meir um at Johannesboki er fraa sein Tid. Ho endar med Stykke 20; sidan hev det vorti lagt til eit Stykke um eit Møte millom Jesus og Sveinane, som skal vera komi i Stand i Galilæa likevel; Emne i denne Sogo er Spursmaale um kven som er størst: Peter eller Johannes.

I Apostelgjerningar syner Jesus seg i 40 Dagar (smf. Mk. 1: 13; 40 Dagar er ei ser-

skilt heilag Tid fraa Gamletestamente) og talar med Sveinane „um det som høyrer til Guds Rike“; noko nytt synest han elles ikkje hava sagt. Det siste Vitne um Uppstòdo er Paulus, som etter 1 Kor. 15: 4—6 hev „mot-teki“, at Jesus er „uppreist tridje Dagen efter Skriftine“, og at han „vart sédd av Kefas“, „deretter av dei 12“ (11 vel?), so „av meir enn 500 Brørar paa ein Gong“, so „av Jakob, og deretter av alle Apostlane“; Sogune hadde i det heile ikkje fest seg enno.

*

At Trui paa Uppstòdo kom upp er ikkje vandt aa skŷna.

Etter det alt-umstøytande Golgata-Hende galdt det bera eller breste for Jesus-Sveinane. Det galdt den høgste og dyraste Livsens Von, for deim sjølve, for Folke deira, for Menneskja. I slike Stundir kann jamvel dei klokaste koma ut for meir enn dei sidan skŷnar.

Me maa dertil hugse, at det i dei Tidine var mindre klaar Skilnad paa mògelegt og umògelegt enn det for oss er. Naturlovir i vaar Meining av Orde var ukjende; Magtir som elska, hata, vilde, ynskte paa Lag som me, styrde Verdi; galdt det paa, var alt mògelegt. Naar den øvste Magti baud — og ho baud naar det i Aalvor turvtest —, var det

ikkje meir utenkjande at ein daud vakna enn det elles er at ein dvaleslegin eller svevnbundin kjem til seg att.

Ja det hev for Sveinane vori lettare aa tru at Messias kunde stande upp fraa dei daude enn aa tru at han kunde døy. Og her galdt det meir enn det elles nokon Gong i Verdi kunde gjelde. Var Jesus daud, so var Messias-Voni sløkkt; Heidningane vilde traakke Israel heilt under seg, og med Israel Verdi. Djevelen vilde ha vunne; Gudsrike var for all Tid øydt. Men lìvde Messias trass i Dauden — og naar det kom til Stykke kunde han ikkje i vanleg Meining vera daud —; var det so, at Dauden paa gaatefull Maate høyrde med til Messias-verke men ikkje kunde halde Messias sjølv fast, — daa vilde alle Vonir ny-vakne.

Han var ikkje daud; han kunde ikkje vera daud. Den store Meistaren, som ung og sterk hadde haldi Kveldverd med deim for eit Par Dagar sidan, han hev aldri kunna paa vanleg Maate døy; Uppstòdu-Tanken hev vakna fyrr nokon vaaga aa nemne 'n. Og til Sveinane er han komin som ei Livsens Redning, von-brotne og raadlause som dei der gjekk, med inkje Menneskje[1] og knapt lenger nokon Gud

[1] Korkje Nikodemus eller Josef fraa Arimatæa er nemnd i denne Tid.

Josef fraa Arimatæa hev vel, etter som me kann

aa halde seg til; hjaa deim hev Tanken vunni Magt, so snart han var uppkomin.

Det hev ikkje vori lett aa vaage det fysste Sprange: tru, og vedkjennast ei slik Tru; sett i Ord vart ho so reint for vaagleg og urimeleg. Og lite var der aa halde seg til. Maria Magdalena, kva var vel det; sjau vonde Andar var drìvne or henne; dei kunde vera farne i henne att. Eller ho kunde ha set Skrymt. Men sjølve den lìvande Messias var det dei maatte hava. Han laut vel fraa deim att for eit Bìl; han skulde samle alle Himil-Magtine til den siste Striden, og det var visst ikkje paa ein Dag gjort; men berre dei visste at han lìvde, at han ikkje var bundin i Naaheimen, — dei vilde sjølve vakne til nytt Liv.

Og so sterkt vart Krave i deim, at Mode til Vedkjenning kom. Eit Par av Sveinane hev raaka ein Mann som tala soleis at dei kom til aa minnast Meistaren; og denne Mannen, han kom ifraa deim att so forunderleg braadt . . . det hev vori Meistaren. Naar dei rett skal tenkje seg um, so var han lik Jesus; so lik Jesus

tenkje, visst Samanhenge med at Steinen var burtvelt fraa Golgata-gravi den Sundagsmorgonen. Og daa han sidan fekk høyre at Messias skulde vera uppstadin, hev han ikkje havt Hjarta til aa segja Sanningi, av dei han skyna kor mykje det her for Jesu Sveinar galdt? Ja Trui paa den uppstadne Messias kunde verte til Frelse for sjølve Israel, hev han tenkt?

som ventande kunde vera naar han nett var uppstadin fraa dei daude. Det hev vori Jesus. „Vart ikkje vaare Hjarto brennande i oss, daa han tala til oss paa Vegen og lét Skriftine upp for oss?“ — Dei vaagar seg til aa fortelja det . . .

Mykje var der ikkje aa halde seg til. Men no viser det seg, at i Grunnen hev dei alle gjengi aa vona paa dette. Det som turvtest var berre eit trufyllt Ord. Naar det er sagt trur alle. Han er uppstadin! Simon Petrus vitnar um det med ein Eldhug so ingin kann vera i Tvil: han hev sjølv set Herren. Sogune og Synine veks. Sveinane vert hugheile, sterke, varme, fær ei ny, rik, glødande Tru dei fyrr ikkje hev visst um. Sjølve Skriftine fær ny Meining. Herrens Profetar hev set det, visst det: han skulde døy, og han skulde stande upp. Alle vaare Vilkaar skulde han freiste; jamvel vaar siste Fiende skulde han vinne paa; han maatte stande upp; han er sandeleg uppstadin. Den som ikkje trur er blind. Den som ikkje trur er dømd; utestengd; Anathema. Eit nytt Krav er komi upp: Krave um Tru. Og den fysste Trudomssetningen er fastslegin; Grunnsteinen er lagd til det som sidan vart Kyrkja.

Live nykveikjest. Mange Dagar er ikkje gjengne; enno sìt dei helst inne for stengde

Dørir, rædde den halvframande Storbyen som luktar av skuldlaust Blod. Men dei bed med kvarandre, og profeterar for kvarandre; og di meir Trui sterknar, di meir kjem dei i Lag. Vonine veks og klaarnar. No tek dei til aa skŷna Meiningi: enno eit Bìl skal Sveinane arbeide for Gudsrike; enno eit Bìl er Messias-Komo utdrygd; Gud er god; enno vil han hjelpe mange av Israel inn i Messiasrike. Alt ljosnar og fær Meining, no daa dei veit at Meistaren lìver og er med deim. Dei er jamt saman, og bed og vitnar og ordskifter um det Arbeide som no skal taka til: den siste Freistnaden paa aa vinne Israel. Anden er yvi deim; stundom kjem han yvi deim i framifraa Maal. I serskilt von-rike Stundir kjenner dei det tydeleg; det gjeng som Skjelvingar gjenom Rome der dei sìt (Apg. 4: 31); og Ljosblink eller Luftstraalingar som skal kunne vera so forunderleg sterke der nede stundom, viser seg for deim. Paulus-Sveinen Lukas fortèl i Apg. 2 um ei serskild Ande-Sending i Samanheng med Peters fysste Framtræde i Jerusalem; daa vart, segjer han, paa ein Dag heile tri tusund Israelitar inn-vunne i Messiasrike.

*

Jesus-Sogo hev lìvt og vaksi ei god Stund etter Aposteltidi; det siste som hev funni Róm

i Bøkane (um elles berre i tvo av deim, og so i Apostelgjerningar) er Fraasegni um Himilferdi.

Det hev vorti ein sjølvsagd Ting for Kyrkjelyden, at Messias — liksom Fyribilæte Elias — laut vera farin til Himils paa synleg Maate; skulde han vise seg „i Himilskyom“ ved Attkòmo, so laut han ha vist seg der ved Burtferdi med. At Himilferdi var spaadd i Skriftine hev og etterkvart vorti framfunni (Salm. 110: 1). So gjekk det med Himilferdi som med Uppstòdo: Tanken skapte Trui og Trui Sogo.

I Lukasboki (24: 51) er ho vel innkomi fysst; ho er der sagd med tri Ord: han fór upp til Himilen. Markus (16: 19) hev eitt lite Drag til (fraa Salm. 110: 1): han sette seg ved Guds høgre Hand. I Apostelgjerningar (1: 9—11) kann ein segja at Himilferdi hev vorti Sogu; der viser dei seg daa au, dei tvo kvitklædde Mennane fraa Uppstòdo i Lukasboki, og segjer det som den fysste Kyrkja so gjerne vilde høyre: „denne Jesus, som er tekin fraa dekon til Himilen, han skal koma atter paa same Maaten som de saag honom fara til Himils.“

*

Det som i denne fysste Tidi var visst var, at dette var den siste Tidi.

Tidi er nær, vert det sagt i alle Apostelbrev som kjem inn-paa Emne; sjaa t. D. Jak. 5: 8, 9; 1 Petr. 4: 7; 1 Joh. 2: 18; 1 Kor. 10: 11; Filipp. 4: 5; 1 Tess. 4: 14—17; Hebr. 10: 37. Og Jesus-Sveinane lengtar; hardt er for Israelsborni dette Heidningvelde aa halde ut. I Opinberringi vert Lengtingi til Skaldskap; Jesus sjølv spaar um dei Ting „som snart skal hendast"; sistpaa segjer han: „sjaa, eg kjem snart." Og Boki endar med eit Ord som ein trygt kann segja er Svare fraa heile denne fysste Tidi: „Amen; ja, kom Herre Jesus."

Etterkvart hev sùme funni at Herren var „langdrygin med Lovnaden". Til desse vert det sagt at det ikkje er so; Herren er berre langmodig med oss, av di han vil at alle skal koma til Umvending. Og "dette eine maa dé ikkje sleppe or Syne, mine kjære," legg Upphavsmannen til 2dre „Petersbreve" lempande til, „at ein Dag er for Herren som tusund Aar og tusund Aar som ein Dag!"

IX.

Det er dei tri fysste Sogune — dei „synoptiske“, dei kallar (av Synopsis: Yvisyn; Framstelling i Stuttmaal) — me her i det heile hev fylgt. Desse, som er dei eldste, er bygde paa den aalmenne jødiske Messias-Tanken fraa Jesu Tid, og gjev i Hovuddragi best Greide paa baade Live og Læra aat Meistaren.

Den fjorde Sogo er fraa seinare Tid, liksom ho og er fraa eit anna Lag av Folke; Bokmeistaren held seg som Farisæaren Paulus til den rabbinske Messiaslæra. Han hev daa vel og vori skriftlærd; og der er Ting i Boki hans som tyder paa at han hev vori ein skriftlærd fraa Aleksandria.

Soleis det at han ikkje gjeng ut fraa Messias-Spaadomane men fraa den aleksandrinske Rabbinlæra um Logos („Orde“). Det er i det heile ein Allheimsfrelsar meir enn ein Israelsfrelsar som her er aat aa arbeide seg fram, um elles Frelsa enno „kjem fraa Jødane“ (4: 22).

Han opnar Sogo si paa ein Maate som minner um 1 Mos. 1: 1. „I Upphave skapte Gud Himilen og Jordi“, stend det der; „i Upphave var Orde“, og ved Orde „hev alle Ting vorti til“, byrjar Johannesboki. Etter rabbinsk Tenkjemaate vil dette segja: Gud, den æveleg dulde, opinberrar seg gjenom sitt Ord, vert Gud for oss i og ved Orde sitt; „Orde“ hadde meir og meir vorti ei Opinberringsform for Gud (ikkje ein serskild „Person“). Samfør Es. 55: 11; 40: 8; Salm. 119: 89; 147: 15; Ordspr. 8: 22—36; Job 28: 12—27; Visd. 7: 7—11: 20.

Etter at Skapningi soleis (V. 1—3) er nemnd, kjem det (V. 4—13) ei kort Utsyn yvi Mannasogo. I (det skapande) Orde var Liv; og „Live var Ljose aat Menneskjom“[1]. Men dette Ljose tok Myrkre i Mannheimen ikkje imot (V. 4—5). Gud sender daa ein Mann (Døyparen) som skal „vitne um Ljose“. Og

[1] Messias var etter Rabbinlæra fysst skapt. Det verte Ljos! sagde Gud; daa fekk ikkje berre det naturlege, men og det aandelege Ljose, Menneskjeanden, Messias, Tilvære (Rydberg S. 51—54). Messias er „den fysstefødde av mange Brøder“ (Rom. 8: 29), „den fysstefødde av all Skapning“ (Grunnteksti segjer so, trass den norske Umsetnaden; Kol. 1 : 15), „Fysstningi av Guds Skapning“ (Opb. 3: 14; Grunnteksti hev *archē*, som tyder Upphav berre i Meiningi Fysstning, det fysste); men Skapning er han, og Bror til Menneskje, d. e.: Menneskje.

so kjem „Ljose“ sjølv. „Han kom til sitt eigi“, men „hans eigne tok ikkje imot honom“, andre enn dei som var „fødde av Gud“ (V. 6—13); Logos — sjølvsagt ikkje Skaparorde, men den skapte „Logos“ — „vart Kjøt og budde imillom oss“. Det er den djupaste aleksandrinske Rabbinarvisdomen som her — i faae Ord, og dertil paa den uklaare Maaten som i gamle Dagar og serleg i „Gnosis“-Tidi galdt for filosofisk — er gjord til Grunnlag for Læra um Jesus. Naar Kyrkjelyden hev kunna tru, at slikt som 1: 1—18 (og ymist anna) i Johannesboki var skrìvi av Galilæa-Fiskaren Johannes, so treng me ingin Lærdom til aa skŷna, at den apostoliske Tidi lyt Kyrkjelyden den Gongen ha havt eit godt Stykke attum seg.

Det same kann me og sjaa av andre Ting. Johannes hadde t. D. ikkje gløymt aa nemne Jakob, Bror sin, som dertil var ein av „dei tri“. Og det at Anden vert innsett til baade aa tolke og utfylle Jesu Ord, det er alt ein heiltupp katolsk Tanke.

Mindre kjend er Bokmeistaren i Jødeland og enn ventande skulde vera av ein Jesus-Svein. Han kjenner lite til Folke. Jamvel dei førande i Folke, Skriftlærde og Farisæingar, nemner han sjeldan. Han talar helst um

„Jødane“, eit Namn som dei andre ikkje hev uppe utan i Lidingssogo, der Pilatus og Hèrmennane brùkar det helst paa Spott. Og Bokmeistaren bryr seg lite um „Jødane“. Han synest jamvel vilja gjeva Samaritanane Róm fyri deim (4: 7—42); det hadde ingin Jøde fraa Jesu Tid funni paa. (Smf. Mt. 10: 5; Lk. 9: 52, 53). Og Jesus sjølv er i denne Sogo ofte som han var burtbytt. Hjaa dei tri fysste er han djup utan Stræv og daa dertil klaar; her strævar han med aa vera djup og vert helst uklaar. Hjaa dei tri fysste held han seg til Moses og Profetane; her talar han um Faderen og Sonen og kjem med so mykje rabbinsk Halvfilosofi, at um ein ikkje vil segja som „Jødane“ at han er forgjord („hev Djevelen“, stend det i Grunnteksti 7: 20), so skỳnar ein Sveinane stundom, naar dei finn at han fører „hard Tale“ (6: 60). Jamvel naar han gjer Teikn er han ofte ein annan enn den me kjenner fraa dei tri; han vil at Folk skal tala um Teikni hans (9: 3; 11: 4).

Guds Rike er so vidt nemnt, men ikkje Himilrike. Bergpreika er burtkomi. Og berre den Moses som hev „skrìvi um meg“ talar Jesus her um (5: 46). Bòde um aa elske Gud vert ikkje nemnt; og Bòde um aa elske Næsten, jamvel sin Fiende, hev vorti til eit “nytt Bòd“: Sveinane skal elske „kvarandre“, have Kjærleik

„innbyrdes“ (13: 34, 35; 15: 12, 17); det er Sekt-Tanken som arbeider sig fram, og det heller tydeleg[1].

Temple vert reinska (2: 13—16). Men i 4: 23 er den Tidi alt komi, daa ein korkje skal tilbeda Faderen i Jerusalem eller paa Garisim. Sjølve Messiasrike er komi burt. Jerusalem var falli, og Teikn til „dei siste Ting“ hadde ikkje vist seg; Messias-Trui taper sitt gamle Grunnlag og vert reint aandeleg. I Staden for „Rike“ vert „Live“ forkynt, og det — i vanlege Johannesbok-Ordlag — jamvel av Døyparen (3: 29—36). Jesus sjølv talar like eins Johannesbok-Maal for det meste. Han forkynner ikkje Guds Rike lenger; han talar um “Sanningi“, eit Ord fraa den græske Visdomslæra som Bokmeistaren hev visst vilde hava god Klang for halvgræske Jødar og for Hellenar. Um seg sjølv talar Jesus mest i 3die Person: „Sonen“; me ser av dette, at den som her skriv legg sine eigne Tankar fram. Og Sonen er fysst og fremst „den som vitnar um seg sjølv“ (8: 18; smf. 5: 31); han trættast med Jødane um sin eigin Metafysik, so ein reint gløymer at dette skulde vera Profeten fraa Nasaret. Bokmeistaren hev elles hugsa so mykje, at han ikkje læt Jesus brûka Ord fraa

[1] Smf. 17: 9, der han ikkje bed for Verdi, men berre for „deim som du“ (Faderen) „hev gjevi meg“.

det aleksandrinske Visdomsmaale sjølv; naar han daa skal upp i Logos-Høgdine, vert det ikkje onnor Raad enn aa lata 'n tala i Gaatemaal. *„Ego eimi“* (eg er[1]), segjer Jesus; og dette skynar ikkje „Jødane“.

Med alt dette hev det vori Meiningi aa faa med so mykje av den Jesus som Johannes forkynte, at Boki etterTenkjemaaten i dei Tidir kunde faa Rett til aa føre Johannes-Namne. Og ymist er komi med som maa vera etter Apostelen. Men det og er ofte uppblanda med Tankar fraa seinare Tid.

Jesus er „Messias, det er utlagt Kristus“ (1: 42; 3: 28; 4: 25, 26). Han kallar seg Menneskjesonen, og Menneskje (8: 40); han vert og ein Stad kalla Jøde (4: 9). Det er Faderen som hev sendt honom (7: 29 o. fl. St.). Han talar ikkje av seg sjølv, men segjer det Faderen hev bòdi honom aa segja (12: 49 o. fl. St); dette turvte han elles hjaa dei tri fyssste ikkje halde serskilt fram. Til „den einaste sanne Gud“ bed han (17: 3). Han er Josefs Son fraa Nasaret (1: 46; 6: 42) og hev kjøtelege Brørar (7: 5). Han vert jamvel etter den gamle Messiaslæra kalla Guds Son (9: 35, 37; 10: 36) og Israels Konge (1:

[1] Det læt seg umsetja som i Testamente med: „eg er han.“

50); dette høyrer til dei tydelege Minni fraa Johannes-Tidi.

Um Fyri-Tilvære sitt vitnar Jesus sjølv (8: 58; 17: 24). Nemningi „Sonen“, som han mest brùkar — Sonen framifraa — inneheld, at han er den „fysst fødde“ (Hebr. 1: 6), d. e. den fysst skapte, eller den „einborne“ (Joh. 1: 14 o. fl. St.), d. e. den fysst og serskilt skapte. Rabbinarvisdomen lika aa føre Messias so nære upp til Gud som komande var for jamvel det heilt fullkomne Menneskje; og Johannesboki fylgjer langt med her. Faderen er nok „større enn eg“ (14: 28), liksom han er „større enn alle“ (10: 29). Men i Samanheng med dette siste Orde læt Bokmeistaren Jesus segja: „eg og Faderen me er eitt.“ D. e.: i Vilje er Messias eitt med Faderen, vil heilt ut Faderens Vilje. Men me er komne eit godt Stykke burt fraa den Jesus som ikkje vilde vera kalla so mykje som god dessmeir, so han ikkje skulde koma Faderen for nære (Mt. 19: 17). Og um det vert sagt at Sonen ingin Ting kann gjera av seg sjølv (5: 19), so vert det strakst lagt til: „dei Ting som han ser Faderen gjera, dei same gjer Sonen like eins“. Faderen hev og „gjevi Sonen heile Domen“, so at „alle skal ære Sonen som dei ærer Faderen.“ Det er daa rimelegt at Sveinane helst vert berre „Venine“ hans (15: 13, 15), um Brodertanken

elles ikke er gløymd (20: 17); Jesus er Guds Son paa ein serskild Maate. Vel er det Faderen som hev gjevi honom denne serskilde Høgdi, „gjevi honom aa hava Liv i seg sjølv" (det stend so; 5: 26); men „Liv i seg sjølv" hev han; Menneskje i vanleg Meining er han ikkje.

Bokmeistaren hev stundom sjølv havt ei Kjenning av at han her gjekk langt; han læt daa Jesus koma med Ord som skal hindre Mistydingar. „Jødane" — som hjaa dei tri fysste held det for Gudsspott berre at ein Galilæar vil vera Messias (Mt. 26: 63—65; Mk. 14: 61—63; Lk. 22: 67—71) — trur i Johannesboki at Galilæaren vil vera Gud, eller daa gjera seg „lik Gud" (5: 18; 10: 33); i Jesu Tid kunde ein slik Tanke aldri vera uppkomin. Men i Johannesboki vert baade Skuldingi og eit Svar fraa Jesus uppsett. Jesus viser til Salme 82, der det (V. 6) stend: „eg hev sagt: dé er Gudar[1]." Og han legg till: „kallar Skrifti deim Gudar som Guds Ord kom til — og Skrifti kann ikkje verte ugild —, segjer dé daa til den som Faderen hev helga og sendt til Verdi: du spottar Gud, av di eg sagde: eg er Guds Son?" Men med Johannesboki kann me endaa

[1] Fysste Verse lyder: „Gud stend i Guds Forsamling og dømer midt imillom Gudane." Kongar og store Herrer vart ofte kalla Gudar i gamal Tid.

segja at det fysste Stìge er gjort paa Vegen til Nikæa.

So lengi dei jødekristne var Magti i Kyrkja var elles den Vegen stengd. Og i den seine og lite læreklaare Tidi daa Johannesboki kom fram hev ho med alle sine nye Tankar og Ord vorti vel fagna. Serleg hev Johannes-Sveinane vori glade i ho, av di ho gjorde Johannes — som etter deira Meining var for lite baade kjend og vyrd i mange Kyrkjelag — til „den Læresveinen som Jesus elska"; og dei hev haldi ho uppe, um dei so ikkje skyna alt i ho. Og dei Kyrkjefolki, som var meir eller mindre tekne av gnostisk-kristelege Lærestrøymingar — det var ikkje faae slike i dei Tidom — dei hev med Glede set ei Bok som viste Samhug med Logoslæra, vinne fram under sjølve Johannes Apostels Namn.

Men dei Paulus-(og Peter-)kristne hev lika Boki for det Krave paa Tru ho bar fram so hugheilt. Aldri hadde Trui vori gjort so heilt ut til Livsvilkaar som i Johannesboki. Guds Gjerning var ikkje lenger aa halde Bòdi; „Guds Gjerning" var aa „tru paa den som han sende" (6: 29 o. fl. St.); Jesus krev og Tru paa seg sjølv (11: 25; 9, 35). Den som trudde hadde med ein Gong æoniskt Liv og kom ikkje til Doms; denne Læra vert i Johannesboki lagd Jesus i Munnen Gong paa Gong (3: 18; 5: 24; 8: 24;

11: 25 o. fl. St.[1]), trass i det han held fram so sterkt um Lovi og Guds Vilje hjaa dei tri fysste.

Læra um Jesu Gjerning paa Jordi er lite klaar i Johannesboki. Det ser stundom ut som Pauluslæra um Frelsa vil fram; Jesus skal „døy for Folke“ (11: 50); han er send til aa „frelse Verdi“ (3: 17; 12: 47[2]); det vert og sagt at han „sèt sitt Liv til for Sauine“ (um ein daa kann tala um aa „setja til“ eit Liv som ein „hev Magt til aa taka att“; 10: 11, 18); sjølve Krossen er paa ein Maate reist (3: 14: 12: 32). Men i 17: 9 hev Johannesboki gløymt Tanken um aa frelse Verdi; Pauluslæra kunde ikkje vinne fram i ei Bok der Logos-Tanken raadde.

*

Jesus-Sveinane var ikkje kalla til aa skrive; i dei Tidom var det ikkje vanlegt at Folk kunde skrive heller; og græskt Maal hev vel knapt andre enn Tollmannen Levi (Mattæus) vori inne i.

[1] Sjølve Joh. 5: 29 misser si Meining, naar dei som trur „ikkje kjem til Doms“.

[2] I 9: 39 segjer elles Jesus: „til Dom er eg komin til denne Verdi“; men i 12: 47 er han „ikkje dertil komin at han skal døme Verdi; det Orde han hev tala“ er det som paa den ytterste Dagen skal døme deim som ikkje trur (smf. 8: 24).

Men Apostlane fekk snart baade skrivekunnige og græskt-kunnige Mennar — Markus, Lukas o. fl. — med i Lagi sine. Og Skrivehjelp hev dei brùka som anna Folk, um dei so var skriveføre; det ser me hjaa Paulus. Han hadde lært Skrivekunsti. Men Apostlar kunde ikkje sitja Tidi si burt med slikt. Hender det ein Gong at Paulus skriv nokre Ord sistpaa i eit Brev, so nemner han dette som noko framifraa; „sjaa kor store Bokstaver eg skriv med til dekon med mi eigi Hand,“ stend det t. D. i Slutten av Galatarbreve (6: 11[1]).

Me hev Brev berre etter fire av Jesus-Sveinane. Jakob, Peter og Judas hev eitt kvar[2], og Johannes tri. Baade Peter og Johannes viser seg i desse Brevi aa vera sterkt tekne av dei Synsmaatane som kom upp etter Golgata-Hende; dei skriv um Frelsa, Atterløysningi, Soningi, Blode som reinsar oss fraa all Synd,

[1] Underskrift vart ikkje brùka; Namne paa Brevskrivaren vart nemnt fysst i Breve, og til Underskrift vart sett eit Merke (2 Tess. 3: 17). Me hev her ein av Grunnane til at det ofte er so vandt aa avgjera um eit Brev i Røyndi er fraa den det hev fengi Namn etter.

[2] Det „2dre Peterbreve“ kann ikkje vera fraa Peter. Det fortèl t. D. um „Forklaaringi paa Berge“; men den hev Peter ikkje visst um meir enn Jakob og Johannes. Hadde han kjent til eit slikt Ovhende, so hadde han ikkje gløymt aa nemne det, naar han tala til Folke i Apostelgjerningar.

so for den Skuld kunde dei vera Paulus-Sveinar. Jakob og Judas held seg strengare til Jesu Tankar (Jakob synest endaa aa arbeide imot dei nye Lærdomane om Trui; sjaa 2: 8—26); dei hev vel vori noko meir tungnæme, desse tvo. —

— Paulus (og hans Sveinar) med sine 13 eller 14 Brev — Hebræarbreve høyrer etter Innhalde fullt so mykje Paulus til som sùme av dei andre — fyller halve Nytestamente. Det var daa og Paulus som — med noko Hjelp fraa Johannesboki[1] — skulde byggje Kyrkja.

Han var Farisæar og vart so verande (Apg. 24: 14—15; Filip. 3: 5), um han i sitt Syn paa Moselovi stod kristelegt fri. Jesus hev han ikkje kjent; og av Apostlane vil han ikkje hava lært noko. Den Kristindomen han forkynner hev han fengi „ved Opinberring av Jesus Kristus" (Gal. 1: 12; smf. 1 Kor. 11: 23; 15: 3; 2 Kor. 12: 1—7; Ef. 3: 3); „mitt Evangelium" kallar han det daa au stundom (Rom. 2: 16; 16: 25; 2 Tim. 2: 8; smf. 1 Kor. 15: 1—2).

[1] Meistaren for Johannesboki kann ikkje hava kjent til Pauluslæra. Skilnaden er for stor: i Johannesboki er Jesu Gjerning fullførd fyri Lidingi (17: 4); hjaa Paulus er det Lidingi som er Jesu Gjerning. Men Pauluskyrkja vaks seg so sterk, at sistpaa kunde ho taka med baade Johannes-Tankane og ymist anna, og vart endaa verande Pauluskyrkja.

Etter Damaskusdagen gjekk han ikkje til Apostlane i Jerusalem, men til Arabia (Gal. 1: 17[1]); han turvte ikkje tala med Apostlane; han kjende Messias-Tanken fraa dei skriftlærde. Hugvendingi hans hev vori den, at han kom til aa setja Jesus i Samanheng med Es. 53; daa hev han fata Tanken um ein lidande Messias, og Jesus hev vorti noko nytt for han. Til Jerusalem gjekk han ikkje fyrr tri Aar etter Damaskushende (Gal. 1: 18); og han vilde ikkje lære noko der; han vilde berre „verte kjend med Peter". Nokon annan av Apostlane saag han ikkje i Jerusalem „utan Jakob, Herrens Broder", fortèl han[2].

Han vil stande heilt for seg sjølv. Jamvel Fraasegnir um slikt som dei tolv maatte ha vori med i, um det var sant — som Tilskipingi av Brodermaaltidi (1 Kor. 11: 23) — „fær" han av „Herren". Lett aa skyna er ikkje dette; Jesus hev ikkje paa nokon Maate vist seg misnøgd med dei gamle Sveinane sine. Snarare synest desse hava Meistaren med seg

[1] Apostelgjerningar (som fortèl Hugvendingssogo hans 3 Gongir: 9: 3 flg., 22: 6—16; 26: 12—18) hev inkje um dette; der vert det fortalt um Paulus i Jerusalem like etter Damaskus-Sogo, og det tvo Gongir: 9: 26 og 22: 17; paa den sist nemnde Staden er det Paulus sjølv som fortèl (i ei Tale).

[2] Den Bror til Jesus som het Jakob (Mt 13: 55) var ikkje med millom Sveinane (Joh. 7: 5; smf. Apg. 1: 14).

i alt (smf. Apg. 10: 9—16, der Peter endaa fær Opinberring um Frelse for Heidningar). Men Paulus er serskilt utvald. Og serskilt utvald til Heidningapostel (Gal. 1: 16). Visst er det og, at Heidningapostel vart han.

Det Evangelie han kallar sitt — Evangelie um „Guds Naade“, som hev falli Heidningane lettare aa skyna enn Jesu Fagnadbòd um Guds Rike, endaa Kyrkja sidan laut stelle noko paa Paulus-Evangelie med — forkynner han i 14 Aar, fyrr han raadfører seg med dei andre Apostlane um det. Og jamvel daa maa det ei „Opinberring“ til, fyrr han vinn seg yvi til aa leggje det fram for deim, d. e. for dei av Apostlane som „galdt for aa vera noko; kor store dei var kjem ikkje meg ved“, skriv han (Gal. 2: 2, 6).

Men „Evangelie hans“ stod Prøva godt. „Dei som galdt for aa vera Hovudstolpar, Jakob og Kefas og Johannes“ — dei tvo namngjetnaste er nemnde sist, og serleg er Peter stukkin vel burt —, dei „saag“, fortèl han, „at Evangelie for dei u-umskorne var yvilati til meg, liksom for dei umskorne til Peter“ (smf. Apg. 10: 1 flg.); og „dei lagde ingin Ting attaat“. Um Paulus hev haldi Serdrage i „sitt“ Evangelium noko sterkt fram den Gongen nemner han ikkje; men den Tolkingi av Krossdauden som er Grunnen i Læra hans

hev knapt vori Apostlane imot[1]. Um ho ikkje var uppkomi i den fysste Tidi (Apg. 2: 14—36; 3: 12—26; 4: 24—30; 7: 52, 53); so hev det ikkje vori lengi fyrr ho hev vunni seg upp; i Apg. 13: 39 legg Paulus i Antiokia fram Læra um „Rettferdiggjeringi" ved Kristus og vert ikkje motsagd, — ikkje av Bokmeistaren (Lukas) heller. Etter Gal. 2: 9 gjeng daa Apostlane med paa at Paulus tek Heidningane paa seg.

Det hev pint Paulus at han var komin so seint med, og at han ikkje hadde kjent Meistaren (smf. 1 Kor. 15: 8, 9). Han kallar seg og „den alra ringaste av alle dei heilage" (Ef. 3: 8; 1 Kor. 15: 9). Men „mindre Mann enn dei ovstore Apostlane" vil han ikkje vera (2 Kor. 11: 5; 12: 11; 1 Kor. 15: 10); i Antiokia hev han endaa sagt Peter imot „beint upp i opne Augo" (Gal 2: 11, 12). For um Apostlane høyrde Jesus daa han var paa Jordi, so hev Paulus Opinberringar fraa Kristus i Himilen (2 Kor. 12: 1—7; Gal. 1: 12). Og daa talar „Herren" til Paulus som han var den einaste Apostelen (sjaa t. D. Apg. 26: 15—18, der Paulus elles læt Jesus segja meir enn rett skulde vera etter

[1] Jakob fraarekna (um ein so vil tru at Paulus hev vori so lempeleg, at Jakob etter 2: 22, 24 i Breve sitt kunde ha fylgt 'n); etter Apg. 12: 2 var Sebedæus-Sonen Jakob drepin fyrr dette Møte vart haldi (Gal. 2: 10; Tilvisn).

Apg. 9: 6[1]). Naar Paulus kjem med Lærdomar som han sjølv ved serskild Opinberring hev „fengi“ (som den at Kristus døydde for Syndarar, 1 Kor. 15: 3, eller den at Kristus „gav seg sjølv til Løysepening for alle“, 1 Tim. 2: 6, 7), so vil han vera likso mykje aa tru som Jesus; og er det noko han segjer utan Opinberring, so er det ikkje altid han skìl ut: dette segjer berre eg; han talar stundom heiltupp i Messiastone: „sjaa, eg, Paulus, segjer dekon . . .“ (Gal 5: 2). Ja han er med i sjølve Soningsverke, „utfyller i sitt Kjøt det som vantar i Kristi Trengslur“, og hjelper til med aa „fullføre Guds Ord“ (Kol. 1: 24, 25). Han sèt seg jamvel upp til Mynster: „det som dé hev set hjaa meg, gjer dette!“ (Filipp. 4: 9); og Timótevs vert prist av di han hev „etterfylgt mi Lære, mi Ferd, mitt Hugmaal, mi Tru, mitt Langmod, min Kjærleik, mitt Tòlmode“ (2 Tim. 3: 10[2]).

Paulus hev vori ein gaaverik Mann. I dei fysste Kyrkjetidir var han endaa sùme Stadir sett jamhøgt med Jesus[3]; og hjaa oss er han

[1] Etter Apg. 26: 17 sender Jesus sjølv Paulus til Heidningane i Damaskus-Syni; ja han talar um Heilaggjering „ved Trui paa meg“ plent etter Pauluslæra (V. 18).

[2] Ikkje alle trur at desse tri sist nemnde Brevi er fraa Paulus; men Kyrkja trur det.

[3] Ad Harnack: „Zur Geschichte der Entstehung des N. Test.“ II.

mest komin i Staden før honom. Men han hev vori tyngd av Lovi. So var det med Farisæarane ofte, av di dei tok ho utvertes, som eit Herre-Bòd meir enn som faderleg Rettleiding. Og daa kann Lovi berre vera god til eitt: til aa „gjera Syndi lìvande“, vekkje „Synd-Vedkjenning“. „Eg kjende ikkje Lysti, um Lovi ikkje hadde sagt: du skal ikkje lyste!“ segjer Paulus (Rom. 7: 7). Paa ein Maate som er svært lett aa misstyde lærer han daa, at „det aa vilja stend i mi Magt, men aa utføre det gode vinn eg ikkje“ (7: 18 flg.[1]). Og so hev han „mot-teki“, at „Kristus døydde for oss“ (1 Tess. 5: 10; 1 Tim. 2: 6 o. fl. St.), og at me vert „rettfærdiggjorde“, fær „Soning“ ved honom naar me trur (Rom 5: 11 o. Tilv.). „Som ein Løyndom“ talar han „Guds Visdom den dulde“ (1 Kor. 2: 6—8); Jesus Kristus og honom krossfest er det einaste han vil vita um.

Her og der, mest i dei etter-paulinske Brevi, spøkjer den Offertanken som sidan vart Kyrkjelære. Ender og Gong fær me i det heile ei Minning um at Jesus-Fylgjarane er aat aa skipast til Sekt; „lat oss gjera det gode mot alle“, stend det i Gal. 6: 10, „men mest mot Brøderne i Trui“; sjaa og 2 Kor. 6: 14—17. Og Vilkaare for aa koma med i Sekti er Tru;

[1] Kyrkja hev sidan gjenomført Tanken so: det stend ikkje i vaar Magt korkje aa vilja eller aa ut-rette.

dei som trur er, ved Trui, Guds Born (Gal. 3: 26; 5: 5, 6). Heilt klaart vert Samhøve millom Tru og Gjerningar ikkje heller; sjaa den vridne Tankeføringi i Rom. 3 og 6 (V. 15—23).

Men at Paulus ikke hev livt paa den kyrkjelege Offerlæra ser me av Rom. 6: 1—11 o. fl. St. Han forkynner nok Tru (um Trui elles „ikkje er kvar Manns Sak", 2 Tess. 3: 2). Men um ein hev Tru, so skal ein hava ho „hjaa seg sjølv for Gud" (Rom. 14, 22); i Live er det Kjærleiken det spyrst etter. „Um eg hev all Tru, so at eg kann flytja Berg, men hev ikkje Kjærleik, so er eg ingin Ting", segjer Paulus; „dei vert verande desse tri: Tru, Von, Kjærleik; men størst av deim er Kjærleiken" (1 Kor. 13: 2, 13). Og Gjerningane vaare er det som skal døme oss (Rom 2: 6—11; 8: 13; 1 Kor. 3: 8, 14; 6: 9; 2 Kor. 5: 10 o. fl. St.). Den „Rettferd ved Lovi" som Paulus fordømer er den farisæiske Utanpaa-Rettferd (smf. Gal. 5: 3); i sin Grunntanke gjeld Lovi som hjaa Jesus; heile Lovi er „samanteki til eitt i dette Orde: du skal elske din Næste som deg sjølv"; „Kjærleiken er Uppfyllingi av Lovi" (Rom. 13: 8—10: Gal. 5: 14). Av Kyrkjelagi sine krev han daa med sterke Ord, at dei ikkje lenger skal tena Syndi, men vera Tenarar for Rettferdi (Rom. 6: 18). Trui maa til (Rom. 10: 9, 10), men me vert dømde

etter vaare Gjerningar; lat oss daa „reinse oss fraa all Ureinskap paa Kjøt og Ande og fullføre vaar Helging i Guds Age“ (2 Kor. 7: 1); for lìver me etter Kjøte so skal me døy; men døyder me Líkamens Gjerningar ved Anden skal me lìva. I Brev etter Brev krev han gode Gjerningar (Rom. 2: 6—11; 12: 9—21; 13: 8—10; 1 Kor. 3: 14, 15; 13: 4—7; 2 Kor. 5: 10; Gal. 5: 19—22 o. fl. St.); og det kristelege Livskrave samlar han i Ord som desse: „lat ikkje det vonde yvivinne deg, men yvivinn det vonde med det gode“; „bèr Byrdine for kvarandre, og uppfyll soleis Kristi Lov“. —

— I Messiaslæra er Paulus Rabbinar, liksom Upphavsmannen til Johannesboki. Messias er „etter Kjøte“ av Davids Ætt (Rom. 1: 3; 9: 5); men etter Anden er han „det andre Menneskje“, „Herren fraa Himilen“ (1 Kor. 15: 47; Ef. 4: 8—10[1]). Han er utan Synd, men „i syndugt Kjøts Likning“ (Rom. 8: 3) hans rette Være er Anden (2 Kor. 3: 17); han er Hovude aat Kyrkja, og Kyrkja er Lìkamen hans (Rom. 12: 4, 5; 1 Kor. 12: 12; Ef. 1: 22, 23). Og liksom alle Ting er „av Faderen“, soleis er alle Ting til „ved“ Kristus (1 Kor.

[1] Dei kristne er og „fyriaat kjende“ og „fyriaat kora til aa verte tilskipa etter Guds Sons Bilæte“ (Rom. 8: 29 o. Tilv.); Paulus er fleire Gongir inne paa den rabbinske Tanken um Fyri-Tilvære.

8: 6; smf. Joh. 1: 3). I Hebræarbreve „bèr han alle Ting ved sit Veldes Ord", um han enno ikkje er „Orde"; og han er „Avglansen av Guds Herlegdom og Avbilæte av hans Være" (1: 3). Men i Paulusbrevi er det enno Gud som reiste Jesus upp fraa dei daude (1 Kor. 15: 15); Messias skal og sistpaa gjeva seg heilt inn under Gud (1 Kor. 15: 28: smf. Opb. 21: 3, 4).

— Kyrkja hev livt paa Paulus og tøygt Soningstanken hans lenger enn rett var. Men ved det at Paulus i dette Stykke var tøygjeleg hev han, ettersom Tilstandi var, vorti eit Framgangsvilkaar. Kyrkja nytta Paulus ut so langt som det for Heidningfolki turvtest (og noko til?); ved dette heldt Kyrkja seg gjenom myrke Tidir uppe, og hjelpte Heidningfolki fram-yvi, og berga Bibelen. Denne vart, med alle Innblandingar, haldin so vidt rein, at Jesu Tankar kann vakne att, etterkvart som Tidine ljosnar. Utan Paulus — og etter honom Heidningkyrkja — hadde Nasaræaren etter alt det me no kann skŷna, vorti gløymd.

X.

Heidningheimen kunde ikkje tru paa Faderen.

Alt som var Gud var Herre; meir Herre enn jamvel dei høgste Herrane paa Jordi. All Guddom hadde daa og større og strengare Krav, og var sterkare og hardare i sine Refsingar. Vilde ein halde ein Guddom i Lag, laut ein for det fysste lìva so rimelegt som ein kunde; men serleg maatte ein aldri gløyme dei Bloti og Bønine Guddomen hadde Hug eller Krav paa. Serleg laut ein hugse paa dette, naar det var den øvste og sterkaste Guddomen ein hadde med aa gjera.

Den „Gud Fader“, som Kyrkja etterkvart med Hjelp av ein sterkt tolka Paulus fekk upp, var med all „Faderkjærleik“ so mykje faarlegare enn dei gamle Gudane som han var større enn dei, og allsynt og allvitande, og dertil aaleine um Magti. Det som hjelpte var, at ein Gong hadde han fengi eit Blot so ovgjævt, at

det hadde sona ned Vreiden hans for all Tid, naar ein berre nytta ut dette Blote paa rette Maaten. Eit heilt fullkomi Menneskje som het Kristus, og som dertil var noko meir enn Menneskje, ein Halvgud eller eitkvart slikt, hadde av sin eigin frie Vilje lati seg ofre, og det ved Krossfesting, for Syndine vaare, for alle Syndine vaare. So sant no me paa rette Maaten eigna til oss dette Soningsverke hans, døyvde me Gudsvreiden og fekk Naade i Staden.

Jesu Krav: synda ikkje meir! — skyna Heidningheimen ikkje. Syndi laut faa Róm; og ho fekk Róm. Daa Syndi ikkje kunde døy, laut Lovi døy; og dette var det store Fagnadbòde som Kyrkja etter Paulus bar fram: ved Kristus var Lovi avteki, Guds strenge Krav til oss galdt ikkje lenger. Det galdt berre aa tru. Og so lìva so gudelegt som ein kunde. Synda ein, so fekk ein gjenom Kyrkja — av den Kristi Forteneste som ho hadde Raaderetten yvi — for Anger og ei lempeleg Bot Tilgjeving.

Kristindomen vart ei rimeleg Lære som alle kunde vera med paa. I Staden for Fagnadbòde for dei fatige kom Fagnadbòde for Syndarar: ein kunde njote det gode i si Livstid og endaa sleppe lett gjenom Skiringselden i Hades. Og i Staden for aa elske Næsten kunde ein forfylgje deim som ikkje trudde rett; det var i Grunnen vel so mykje um-aa-

gjera. Men dei som livde eit heilagt Liv, dei hjelpte til med aa auke den Skatt av Forteneste som Kyrkja hadde liggjande til aa sone Syndir med.

Vilkaari for Syndarar vart lettare og lettare. Sistpaa kunde ein beint fram, og det for billeg Pris, kaupe seg Synd-Tilgjeving. Ja ein kunde kaupe Tilgjeving for dei Syndine ein enno ikkje hadde gjort, liksom ein kunde kaupe Naade for Syndarar som alt var i Skiringselden; „Soningi“ var fullkomi.

Protestantane ny-reiste sidan Krave paa Anger og Tru. Og gode Gjerningar skulde fylgje Trui, um dei var aldri so gagnlause til aa vinne Himilrike med. Men Krave um gode Gjerningar vart paa nytt burt-tolka.

Tingen var den, at gode Gjerningar var faarlege. Me vilde so gjerne byggje paa deim. Men byggje paa gode Gjerningar var den beine Vegen — ikkje til Skiringselden, som i Protestantkyrkja var utsløkt, men til sjølve det ævelege Helvite. Me var Syndarar til Botn og Grunn; me kunde ikkje gjera gode Gjerningar. Jamvel det beste Mannaverk var i Guds Augo Synd, var som ein „tilsulka Klædebunad“. Det vart daa mest sliks Slag, anten me synda paa den eine eller den andre Maaten; ja synde beintfram var vel so godt; for daa var me trygge mot den største Faaren: Gjerningsheilagdom. „Synda djerveleg, berre tru!“ hadde

ei Tru-Kjempe sagt; og den Kjempa hadde Rett; um ein synda, men trudde og bad, so fekk ein Tilgjeving og var so rein som ein aldri skulde ha synda, og dertil trygg mot all Gjerningsheilagdom. „Synd og Naade“ vart den sanne Kristindom, og Røvaren i Lukasboki det rette kristelege Mynster. Ingin kunde gjera det Jesus hadde sagt; ein fekk daa tru paa det Paulus hadde sagt. Tanken um aa elske Næsten kom so burt, at Kyrkja sende den rike Mannen til Himils med stor Stas, um han hadde svelt Lasarus aldri so mykje; og Jesu Ord: ver fullkomne liksom Faderen i Himlom er fullkomin! — dei klinga reint ut som Spott no i „Kristi Kyrkje“.

So langt hadde den misstydde Paulus hjelpt. God Hjelp paa ein annan Kant fekk Kyrkja dertil av den mistydde Johannesboki.

Israels-Tanken um ein einaste Gud kjendest kald og streng for Heidningfolki, daa visst i det lange Drag. Dei kyrkjelege Heilagmenni, som tidleg kom i Staden for gamle Halvgudar og Husgudar, hjelpte vel noko. Men audsleg vart Verdi endaa i Grunnen.

So hev den uklaare Logos-Tanken i Joh. 1: 1—4 teki til aa lokke. Og smaatt um Senn hev Jesus vorti umdikta.

Menneskjesonen gjekk Kyrkjefolke av Minne; han er burtkomin alt i Apostelbrevi. Dess meir

kom „Guds Son“ upp; og denne Nemningi vart tolka meir og meir etter heidin Tenkjemaate. Naar Kristus var Son av Gud, so var han sjølv Gud; og stod det ikkje beint fram: Orde var Gud?

Kyrkjelæra um Heimsfrelsa drog paa same Leid; eit Menneskje kunde ikkje ha frelst Verdi. Og ikkje en Halvgud heller, hev dei heidningkristne meir og meir tenkt. Skilningane hev elles ikkje vori klaare; „Gud“, „Halvgud“, „guddomslegt Menneskje“ gleid lett um og i kvarandre; Kongar og Keisarar hadde so tidt vori Gudar; Keisaren i Rom var Gud rett som det var. Og skulde ikkje Guds Son, Heimsfrelsaren, Orde som var hjaa Gud og var Gud, — skulde ikkje Kristus vera likso stor som Keisaren?[1]

Fleirgud-Turvti hev vaksi med Heidningkyrkja; Gudssonen hev vorti Gud for fleire og fleire. At han hadde døytt gjorde ikkje noko, naar han var stadin upp att; ja det at han hadde vunni paa Dauden, sjølv hadde sett Live sitt til og sjølv teki det att (Joh. 10: 18), viste nettupp at han var Gud; Jesu Guddom

[1] Kor lett det kunde vera aa naa Guddomshøgd i den gamle Verdi ser me t. D. av Apg. 14: 11, 12, der Paulus og Barnabas vert Hermes og Sevs, og Presten for Sevs-hove fører fram Uksar og Kransar til Bloting; sjaa og Apg. 28: 6.

hev meir og meir vorti funnin «opinberra« i Johannesboki.

Messias-Tanken livde hjaa jødekristne og meir eller mindre umtydd hjaa upplyste heidningkristne. Men den græske og romværske Mengdi hata Jødane. Og dei kristne i denne Mengdi hata Jødane mest; var det ikkje dei som hadde krossfest Herren? Straumen i den heidningkristne Kyrkja bar burt fraa den jødekristne; og i Fall dei upplyste i Heidningkyrkja ikkje var med paa dette, so var der Ord i Skriftine som kunde vekkje Mistru mot dei upplyste, naar dei ikkje fylgde Mengdi. Og slike Ord vinn lett Magt; Forkynnarar som vil hava Mengdi med seg misbrùkar deim gjerne.

Den gamle apostoliske Kristindomen kom i Faatal meir og meir; og i fysste Fjordungen av det fjorde Aarhundrade vart Føraren for dette Faatale, Arius (Presbyter i den jødekristne Kyrkja i Aleksandria) klaga for Ranglære. Og Kyrkjemøte i Nikæa dømde Arius og vedtok med Røystefleirtal Jesu Guddom Aar 325 e. Kr.

Fraa Timbermannsstogo i Nasaret yvi Golgata til Gudestolen i Himilen, det er det største Eventyr som er uppkomi i Mannheimen. Og no hadde dei heidningkristne tvo Gudar.

Noko anna var vunni, um det ikkje vart nemnt. Naar Jesus var Menneskje og attaat

Gud, so hadde Menneskje i honom naatt sin høgste Draum; Eden-Draumen var vortin Sanning. „Liksom Gud“, ja heiltupp samanvaksi med Gud, stod Menneskje no i Jesus fraa Nasaret. Ingin hev kunna tenkje, eller vaaga aa tenkje, Tanken ut. Men som ein hugtakande Draum hev han legi under i det elles utrulege Nikæa-Verke.

Tenkje sine Tankar ut hev dei i det heile ikkje fari med i Nikæa. Eit Gud-Menneskje er utenkjande. Skulde Jesus vera Gud og Mann maatte han hava baade den Anden som var „Sonen i Guddomen“ (elles var han ikkje Gud), og dertil heil og sann Menneskje-Ande (elles var han ikkje Mann); desse tvo endelaust ulike Andane, den uskapte og den skapte, dei maatte dertil vera so heilt samanvaksne, at Gud og Mann i Jesus vart ein „Person“; attaat laut dei vera so lite samanvaksne, at Jesus i Guddomen kunde vera berre Gud; Jesus maatte vera ein Person og tvo Personar paa ein Gong; det er slikt dei i Tenkjelæra kallar Sjølvmotsegjing.

— Men for Kyrkja var Sjølvmotsegjingar Smaating; det viste ho ein Gong til: paa Kyrkjemøte i Konstantinopel eit godt halvt Aarhundrad seinare.

Heidningkyrkja var daa komi endaa meir til Magt; og so heldt ho fram med si Gud-

Skaping. „Anden“ — etter Lukasboki ei Guds Kraft (24: 49) som jamvel Jesus sjølv vart fyllt med (4: 1) — kom no i Støypeskeidi. „Guds Ande“ vart sett jamsides Anden Gud; den „personlege Gud“ vart tvo „Personar“. Med den Helvti av Jesus som var Gud fraa Aar 325, vart dermed Guddomspersonane tri; det heidningkristne Folke hadde tri Gudar. Med desse, og dertil Heilagmenni, hev det daa sidan funni at det kunde klara seg.

Men Kyrkja hadde ein Gud som fyrr. Med klaare Ord slog ho fast, til Trøyst for seg sjølv og dei jødekristne, at det berre var „Personane“ som var tri; „Gud“ var ein som han hadde vori[1]. Etter mykje Strid og lange Forfylgjingar — Refsingar for dei gamaltruande og Løningar for dei nytruande — vart Trieiningi sistpaa aalmenn Kyrkjesanning. Og paa denne æventyrlege Semja millom Israelstru og Heidindom liver Kyrkja enno; Luther og Calvin fekk berre gjort Ende paa den kyrkjelege Halvgudheimen.

— Trieiningi vart fraa fyssto uppstudd med kunstige Bibeltolkingar; her og der var det og ei Misskriving i Handskriftine som lét seg nytte.

[1] Heilt utforma vart Læra i det 6te Aarhundrade; daa kom den athanasianske Vedkjenningi (som Athanasius ikkje hev laga) upp um „Trieiningi“. Dette Orde (gr. *trias*, lat. *trinitas*) er likso ubibelskt som Læra.

Men i det femte Aarhundrade var der i Nordafrika ein gamaltruande Vandalkonge som forfylgde Nytrui liksom dei nytruande forfylgde Gamletrui. Mot honom fann Bispen Vigilius paa Raad: han laga eit Bibelord til Studnad for Trieiningi. Eit Ord av Johannes laga han. Og Kyrkja, som saart kunde turve eit slikt Bibelord, ho lempa det inn i eit av Johannesbrevi so snart ho saag seg rimeleg Raad; og der stend det enno. Det er 1 Joh. 5: 7, Orde um „dei tri som vitnar i Himilen". Alt i Luthers Tid visste dei kunnige at Orde var falskt; Luther strauk det i si Bibelumsetjing og lyste strenge Ord yvi kvar den som vilde vaage seg til aa taka det inn att. Men Trieiningi heldt Luther paa. Og den falske Læra drog det falske Bibelorde etter seg paa nytt Lag[1]. No vedgjeng sjølve Kyrkjebibelen, at Orde um dei tri i Himilen „vantar i dei fleste Handskriftir" („alle gamle Handskriftir" hadde vori rettare sagt). Og det finst dei som trur, at Kyrkja i dette Stykke vil vinne seg upp til Jesu Tru att: „høyr, Israel, Herren vaar Gud, Herren er ein!" —

— Med Læra um Soningi og Læra um Trieiningi var Kyrkjekristindomin i Grunndragi ferdig. Og Kyrkja hadde vunni; Verdi hadde

[1] Rydberg: „Bib. lära" S. 12 flg.

vorti „kristeleg“ alt upp til Keisaren (trass i Mt. 20: 25—27 med Tilvisn.). Hadde Jesus stadi fram etter den Tid, so var han vortin brend um ikkje krossfest, av di han vanvyrde Lovi (Bibelen i heidningkristeleg Tolking) og Temple (den heilage aalmenne heidningkristelege Kyrkja), og av di han ikkje trudde at Faderen og Sonen og Anden var den einaste sanne Gud. Kyrkja hev brent mang ein ærleg Mann for mindre!

XI.

Som Jødane hadde gravlagt Jesus, so hadde Heidningane gravlagt Tankane hans.

I Staden for aa høyre etter kva Jesus sagde hev Verdi no i snart tvo tusund Aar trætta med seg sjølv um kven Jesus var. Og i Staden for Jesu Lære hev me fengi Læra um Jesus.

Men Kyrkja vart til eit Rike av denne Verdi, og sidan til Tenar for Rike av denne Verdi. Vakt held ho no yvi Kronur og Herredøme og Eigedomar og Pengeskrin, og hjelper til med aa halde Styr paa dei fatige, som hev vorti arme og svelt, eller slæst med dei rike um Rikdomane deira. Sanne Jesus-Sveinar som ikkje kunde vera med paa slikt Vakthald, men heller fann Grunn til aa segja som Jesus: „usæle dé rike!“ — vart dømde og fordømde jamt og stødt, av Verdi og av Kyrkja aat Verdi.

Men her er Framgangsteikn. Jesus-Sveinane — som enno finst, meir og mindre medvitande, meir og mindre klaarsynte, i Kyrkja og utanfor

Kyrkja —, dei vert ikkje brende lenger. Og her og der tek Folk til aa høyre paa deim. Sjølve Kyrkja, som med alle sine Trudomsstridir og Villferdir hev berga Grunndragi av Jesuslæra med seg gjenom mange fæle Trollebotnar og Skodderike, synest faa meir Syn for Nasaræaren att etterkvart; ikkje faae Kyrkjelærarar er det i seinare Tid som held seg helst til Jesu Tankar.

Kannhende var det og i Grunnen dette Kyrkja skulde gjera: forvara Skriftine og tukte upp Folki, so dei kom so langt at dei kunde lesa Skriftine, og skŷna Jesus, sjaa, at det aa elske sin Næste som seg sjølv, det er den sanne Sjølvkjærleik?

Ser ein ut yvi Verdi no um Dagen, kann ein finne at ho meir enn nokon Gong fyrr er eit Satans Rike. Men ser ein betre etter, vil ein finne Teikn som tyder paa at Satansvelde hev havt si beste Tid. Kven veit? Brodertanken kann enno faa Liv; Jesus kann koma til i Sanning aa stande upp fraa dei daude.



Paa H. ASCHEHOUG & CO's FORLAG

ARNE GARBORG

TRÆTTE MÆND. 4de oplag.
Pris kr. 4,50, ib. kr. 6,00.
JONAS LIE. En udviklingshistorie. 2det oplag.
Pris kr. 4,50, ib. kr. 6,00.
HAUGTUSSA. Femte upplag.
Pris kr. 2,80, ib. kr. 4,00.
LÆRAREN. Eit spel i fem vendingar. Andre uppl.
Pris kr. 2,80, ib. kr. 4,00.
DEN BURTKOMNE FADEREN. Fjorde uppl.
Pris kr. 1,75, ib. kr. 3,00.
EIN FRITENKJAR. Tridje upplag.
Pris kr. 2,00, ib. kr. 3,25.
FJELL-LUFT og andre smaastykke. Andre upplag.
Pris kr. 2,00, ib. kr. 3,25.
KNUDAHEI-BREV.
Pris kr. 4,25, ib. kr. 5,50.
FRED. Forteljing. Andre upplag.
Pris kr. 4,50, ib. kr. 5,75.

HULDA GARBORG

APRIL. Drama i tre akter. Pris kr. 1,50.
FRA KOLBOTNEN OG ANDETSTEDS.
Andet oplag. Pris kr. 2,25, ib. kr. 3,50.
SONG-DANSEN I NORD-LANDI. Pris kr. 0,
LITI KERSTI. Eventyrspel med song og dans i fe
vendingar. Pris kr. 0,60.
SOVANDE SORG. Andre upplag.
Pris kr. 1,25.

Faaes i alle boglader.

STECHERT

